

Det kapitalistiske glidemiddel

– oppblomstringa av pornografi i det post-sovjetiske
Russland



Hans Kristen Hyrve

Masteroppgåve i Russlandsstudium

Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk

Det humanistiske fakultet

Universitetet i Oslo

Våren 2010

Føreord

Det har ikkje vore mangel på merkverdige reaksjonar og overraska andlet dei siste to åra når eg har fortald at masteroppgåva mi handlar om russisk pornografi. Fyrst av alt vil eg takke dei som har reagert med vantru, slikt gjev pågangsmot for den som skriv. Enda meir ynskjer eg å takke dei som har late seg overtyde om at emnet er verd å skrive om, og som dermed har stødd meg når min eigen inspirasjon ikkje har vore like sterk. Ein stor takk går til min rettleiar Bjørn Ditlef Nistad for gode korreksjonar undervegs, for å ha teke emnet seriøst og alltid vore tilgjengeleg for førespurnader av ulike slag. Eg vil også rette ein takk til Jevgenia Janezj for innsidetips og god kjennskap til kva som er vesentleg innan russisk pornofilm. Elles ynskjer eg å takke venar og familie, som stadig har vorte involverte i diskusjonar kring både porno, Russland og dei to i kombinasjon. Avslutningsvis ynskjer eg å takke Marie Othilie Hundevadt for god hjelp og stønad undervegs, og elles for omtrent alt ein kan tenkje seg.

Oppgåva er skriven til ære for og minne om *Julia, Russian beauty*.

Hans Kristen Hyrve, mai 2010

Innhald

1 Bakgrunn og metode	side 5
1.1 Innleiing	side 5
1.2 Kvifor forske på pornografi?	side 7
1.3 Kva er pornografi?	Side 9
1.4 Utvalet i denne oppgåva	side 10
2 Bakgrunnsteppe – utviklinga i Russland	side 12
2.1 Politisk utvikling i det nye Russland	side 12
2.2 Russisk kultur frå Sovjetunionen til Russland	side 14
2.3 Den seksuelle tradisjon i Russland	side 18
2.4 Tradisjonen for det private	side 21
2.5 Kjønnssdiskurs og likestilling i det nye Russland	side 22
2.6 Seksuell diskurs – ordet sex	side 25
2.7 Den russiske seksuelle diskursen kjem til liv	side 26
2.8 Seksualisering og pornografisering av samfunnet	side 28
2.9 Homoseksualitet i Russland	side 30
3 Pornografien sin plass og rolle i Russland	side 33
3.1 Lovverk vedrørende pornografi	side 33
3.2 Handheving av lovar – ekspertkomitear	side 33
3.3 Framveksten av russiske pornoblad	side 34
3.4 Pornografi i rettssystemet	side 36
3.4.1 Pornobladet <i>Jesjtsjo</i>	side 37
3.4.2 Forfattaren Vladimir Sorokin og romanen <i>Blått fett</i>	side 39
3.4.3 Pornografi i rettssystemet – kva korrumperer	side 41
3.4.4 Sivilrettslege saker med mindre politisk tyngde	side 44
3.5 Representasjon av pornografi i russiske filmbutikkar	side 45
3.6 Ved sidan av pornoproduksjonen	side 46

4 Innholdet i russisk porno	side 48
4.1 Pornofilm som sjanger	side 48
4.2 Ulike typar pornofilm	side 48
4.3 Den russiske pornofilmen	side 50
4.3.1 Slik ser ein russisk pornofilm ut	side 50
4.3.2 Teen og kropp	side 52
4.3.3 Russland dreg det litt lengre	side 53
4.3.4 Kjønnssroller i russiske pornofilmar	side 56
4.4 Geografi og fordommar – vestlegprodusert russisk porno	side 56
4.5 Homoseksualitet i russisk pornografi	side 60
4.6 Språket i russisk pornografi	side 61
4.7 Utviklinga i russisk pornofilm	side 63
4.8 Pornografisering på internett: Damochka.ru	side 66
4.9 Russisk pornograf i særklasse: Bob Dzbek	side 68
5 Drøfting	side 74
5.1 Russisk pornofilm som etterlevnad frå opplysningstida	side 74
5.2 Estetikken i russiske pornofilmer	side 75
5.3 Kroppsideal og kjønnssroller i russisk porno	side 78
5.3.1 Kroppsideal	side 78
5.3.2 Kjønnssrollemønster	side 80
5.4 Det intime ut i ålmenta	side 82
5.5 Lovleg eller ulovleg, akseptert eller ikkje	side 85
5.6 Pornografi trass i eller på grunn av	side 87
5.7 Russisk seksualitet før og etter sovjetperioden	side 90
6 Konklusjon	side 92
6.1 Russisk pornografi frå 0 til 100 på tjue år	side 92
6.2 Pornografi som symbol på det post-sovjetiske Russland	side 95
7 Kjeldeliste	side 97

1 Bakgrunn og metode

1.1 Innleiing

Eg såg dei plutselig overalt. I russiske musikk- og filmbutikkar, på gata i Oslo, når eg sjekka e-posten min, og ikkje minst når eg las om russiske filmar eller søkte annan Russlands-informasjon på internett. Dei hadde sjølvsagt vore der heile tida, men etter å ha tenkt over det fyrste gongen følte eg dei var same kvar eg snudde meg. Eg var omgjeve av tilbod om å sjå russiske damer få så hatten passa, *Russian slut gangbanged by batallion*, *Rocco ravishes Russia*, alle såg ut til å meine at nettopp dette var noko for meg. Det eg mest av alt beit meg merke i var omfanget, dette at Russland tydelegvis var ei ustoppeleg kjelde av snusk, kombinert med min eigen mistanke om at dette er noko nytt. Slik var det ikkje før. Russland som storleverandør av nakne kjønnsorgan og hard knulling på film er eit post-sovjetisk fenomen, nærast som ein motpol til det sovjetiske. Etter å ha lese og undersøkt ei stund, var det klårt for meg at dette var det eg måtte skrive masteroppgåve om. Ikkje berre var det eit post-sovjetisk fenomen, russisk pornografi vart for meg meir og meir sjølv symbollet på det nye Russland, eit Russland kor ingen heilt veit kvar grensene går.

Denne oppgåva vil i hovudsak omhandle utviklinga og oppblomstringa av den russiske pornografien frå perestrojkaen fram til i dag, altså grovt sett frå siste halvdel av 1980-talet til 2010. Målet er å finne ut korleis russisk pornografi speglar det russiske samfunnet og kva rolle pornografien har spelt og spelar i dette samfunnet. Under same perioden som den russiske pornografien har vakse fram, har Russland gått gjennom store endringar, både økonomisk, i sitt forhold til omverda, i forholdet mellom samfunn og individ og på mange andre område. Eg ynskjer å syne korleis framveksten av russisk pornografi kan sjåast i samanheng med dei andre grunnleggjande endringane. Eg vil også gå lengre attende i tid der eg finn det naudsamte, mellom anna for å sjå på russiske tradisjonar for likestilling mellom kjønn, utviklinga i russisk kultur og liknande. Eg kjem både til å gå inn på den samfunns-messige utviklinga av russisk pornografi etter perestrojkaen og innhaldet i russiske pornofilmar i dag. Ettersom tidlegare verk vedrørende russisk pornografi i hovudsak har teke for seg pornoblad og pornografisk litteratur, kjem eg til å gå særleg inn på russiske pornografiske

uttrykk i filmformat. Ein har ei godt utbygd pornofilmsbransje i Russland, desse filmene vert distribuerte i vanlege dvd- og cd-butikkar i Russlands større og mindre byar, i tillegg har ein for lengst fått internett også i Russland. Dermed har ikkje lenger pornografiske blad den same statusen som dei hadde tidlegare. Med internett har pornografi teke nye retningar og eksplodert i omfang, og pornoblad framstår i dag som heller uaktuelle og irrelevante. Som Randy Marsh frå den populære tv-serien South Park seier: «Once you've jacked off to Japanese girls puking in eachother's mouths, you can't exactly go back to Playboy» (Parker&Stone 2008). Imidlertid er pornoblad frå 1990-talet vesentlege for å sjå utviklinga, og desse vil fylgjeleg få sin plass. Eg vil freiste å ta for meg russisk pornografi som eit eige uttrykk i størst mogleg grad, framfor å skulle samanlikne han med pornografi frå andre geografiske område. Den russiske sexologen Igor Kon åtvarar mot å lage ein definisjon av russisk seksualitet, då dette fort vil medføre ei samanlikning av russisk seksualitet med eit definerande andre (Kon 1995:159). På same måten ynskjer eg i hovudsak å sjå på den russisk pornografien som ei sjølvstendig eining heller enn å samanlikne han med annan pornografi i vidare grad, ettersom annan pornografi på ingen måte er ein einskapleg standard. Imidlertid har eg kjennskap til pornografi også frå andre geografiske område, og i dei høva eg meiner ei samanlikning kan få fram noko særskild, vil eg nytte denne teknikken. Eg vil då gjera tydeleg greie for kva type annan pornografi det er prat om og kvifor eg vel å samanlikne med nettopp dette pornografiske uttrykket. På same måte vil det ved ei rekkje høve vera nærliggjande å samanlikne det russiske samfunnet med til dømes det norske, ettersom dette kan gje forståing for korleis samfunna skil seg frå kvarandre, korleis dei er like, og ikkje minst for å kunne gje eit innblikk i korleis det russiske samfunnet fungerer.

For å gjera teksten lettare tilgjengeleg, har eg vald å transkribere titlar, namn og andre russiske ord til latinske bokstavar ved bruk av Språkrådet sine reglar for transkripsjon. Titlar som finst i omsett utgåve vert omtalde med sine norske namn, medan øvrige verk vert omtalde med transkriberte versjonar av originaltitlane. Namn som er kjende og innarbeidde vert skrivne som ein er van med, slik at til dømes den kjende filmskaparen heiter Eisenstein, og ikkje Ejzensjtejn, som ville vera korrekt transkripsjon.



Blikkfang: Annonse frå pornonettstaden *Tube8*.

1.2 Kvifor forske på pornografi

Pornografi er noko ganske for seg sjølv. På den eine sida er det eit tabu, ein veit så å seie aldri kven som nyttar porno, kven som tenner på porno eller kva slags porno folk føretrekkjer, ettersom nesten ingen formidlar dette til sine medmenneske. I media og forskning vert porno-brukarar gjerne framstilte som asosiale og uattraktive kåtingar, sexavhengige onanistar og liknande mistilpassa utskot som finn si flukt og sin undergang i denne falske stimulansen som aldri eigentleg kan tilfredsstille nokon som helst, ettersom han jo ikkje når fram til hjartet (Kipnis 2006:118 & Bengner 2009). På den andre sida har pornografi ei årleg omsetjing på minst 11 milliardar amerikanske dollar (Kipnis 2006:118), og i USA, den største porno-produsenten i verda, nyttar om lag 50 millionar menneske pornografi jamnleg, til saman brukar amerikanarar meir pengar på porno kvart år enn på kinobilletter og all form for utøvande kunst til saman (Klein 2006:243). Men trass i at fenomenet er langt meir utbreidd og akseptert i dag enn det har vore tidlegare, er det på langt nær stovereint. I den offentlege debatten kring pornografi finn ein på den eine sida pornomotstandarane som hatar porno, på den andre sida pornoforkjemparane som elsker ytringsfridom. Ein finn sær sjeldan nokon som forsvarar porno på grunn av innhaldet, det ein kan forsvare er pornografien sin rett til

eksistens i kraft av å vera ei ytring. Dermed vert diskursen kring pornografi nærast utelukkande negativ, sjølv dei som forsvarar han tek som regel avstand frå innhaldet og er samde i at dette uttrykket i liten grad kan ha nokon positiv effekt, trass i at eit overveldande stort antal menneske tydelegvis finn ei viss glede i fenomenet (Kipnis 2006:119). I debatten kring dette sær personlege temaet finn ein altså nesten ingen som uttalar seg personleg. I tillegg held pornografar og andre innan industrien seg gjerne utanfor debattane, sidan etterspørselen på ingen måte minkar av at nokon tykkjer pornografi er moralsk forkasteleg. Pornografien er faktisk ei drivande samfunnskraft på visse område, sjølv om få vil vedgå at dei er med på å gjera han til dette. Utviklinga og utbreiinga av ulike videoformat (til dømes VHS og DVD), parabolantenner og internett er nokre av områda kor pornografi har hatt ei leiande rolle. Nyare internetteknologi som streaming har også porno å takke for si utbreiing (Cramer&Home 2005:162). Pornografien påverkar samfunnet, og samfunnet påverkar i stor grad pornografien. Det kan verke som om dei to har avtalt at ved å late som om dei held seg unna kvarandre, kan dei ha eit hemmeleg og nært forhold. Dette fenomenet som i ålmenta handlar om kor vidt samfunnet skal tillate betaling for sex og forderving av moral og menneskesyn, men som i dagleglivet handlar om ukompliserte seksuell opphissing, kan seie oss langt meir enn korleis det ser ut når kjønnsorgan er i kontakt med kvarandre. Laura Kipnis seier dette om saka: «A culture's pornography becomes, in effect, a very precise map of that culture's borders: pornography begins at the edge of the culture's decorum» (Kipnis 2006:120). Der det anstendige sluttar, byrjar altså pornografien, og det lyt også nemnast at sjølv om pornografi stadig vert sett på som eit tabu, verkar det som om temaet aldri kan få for mykje mediedekking, for mange seminar, for stort antal dokumentære skildringar og så vidare. Dette kan minne om Michel Foucault: «Det som er særregent ved de moderne samfunn, er ikke at de har henvist kjønnet til forbli i skyggen, men at de har hengitt seg til å snakke om det bestandig, ved å la det framstå som hemmeligheten» (Foucault 1999 [1976]:45). På same måte er pornografien tilsynelatande alltid spananade, nettopp ved at ein insisterer på at han er eit tabu og gjennom at han får funksjonen å definere det uanstendige. Som eg seinare vil koma inn på er Foucaults utsegn interessant også når det gjeld seksualiseringa og pornografiseringa av det russiske samfunnet.

1.3 Kva er pornografi?

Ein presis definisjon på pornografi har vorte leita etter i fleire mannsaldrar allereie. Sønnev Skrede peiker på at bakgrunnen for å definere pornografi i hovudsak har vore behovet for å ha eit kriterium å lage forbod mot pornografi ut frå. Dette har gjort at pornografi har vorte synonymt med sexskildringar ein ikkje har ville vita av, skildringar ein har sett på som uakseptable (Skrede 1995:6). Dermed vert omgrepet pornografi ulikt for ulike personar, ettersom ein ikkje har dei same grensene for kva som er akseptabelt. Grensene vil dessutan kunne endre seg både på individuelt og kollektivt plan, sidan det akseptable endrar seg ettersom ein venner seg til uttrykket. På den måten aksepterer samfunnet generelt langt meir i dag enn for 30 år sidan, på same måte som erfarne sjåarar av sterke visuelle uttrykk gjerne godtek meir enn til dømes ein frikyrkjeleg pastor. Det vil også vera sannsynleg at den sistnemnde legg større vekt på det uanstendige i ei pornografisk skildring enn kva dei fyrstnemnde vil gjera. Tidlegare vart det uanstendige og utuktige i pornografien lagt stor vekt på, medan ein i dag forbind denne tankegangen meir med gamaldags religiøs moral.

Imidlertid er det framleis viktig for nokre at pornografien skildrar det dei ser på som umoralsk sex, slik som sex utanfor ekteskap eller med mange partnarar, medan til dømes feministar gjerne ser pornografien som skadeleg på grunn av menneske- og kvinnesynet han uttrykkjer. I eit moralpluralistisk samfunn vil det vera ein enorm variasjon i synet på kva slags kjønnslege skildringar som er akseptable eller ikkje, og dette synet vil dessutan endre seg over tid. Ulike definisjonar av pornografi speglar både samtida si og kva ein har ynskt å skilje pornografien frå, til dømes om det aktuelle har vore pornografi kontra erotikk, pornografi kontra kunstfilm eller pornografi kontra seriøs litteratur (same stad:11). Med dette som utgangspunkt vel eg å stø meg på ein kombinasjon av to ulike definisjonar. Den russiske forfattaren Vladimir Sorokin, som eg kjem attende til seinare i oppgåva, har denne definisjonen: «Pornography[’s] chief goal is to cause a reader’s erection» (Borenstein 2008:53). Den norske sexologen Berthold Grünfeldt definerte pornografi som «seksuelt eksplisitt materiale laget med det formål å gi leseren/tilskueren seksuell opphisselse» (sitat i Skrede 1995:82). Dette er vide definisjonar, like fullt vert dei til saman ganske presise. Dei tek ikkje utgangspunkt i kor vidt sjåarar kan verta rysta eller kor vidt aktørane vert undertrykte, men i kva hovudintensjonen bak kan seiast å ha vore. Nokre vil kanskje stusse på at det ein omtalar som erotikk ifylgje

denne definisjonen også hamnar i kategorien pornografi, men som Sønnev Skrede påpeiker er skilet mellom erotikk og pornografi særskilt uklårt. Dei er to udefinerte einingar ein på grunn av lovverk har prøvd å skilje frå kvarandre. Medan det er strid om pornografi, ynskjer dei langt fleste debattantar seg ein alternativ erotikk, men ein ser ikkje ut til å verta samd om kva for alternativ som er ynskjeleg (Skrede 1995:101). Eg vel derfor å la pornografi-omgrepet inkludere alle seksuelt eksplisitte uttrykk som fyrst og fremst skal gje sjåaren opphissing, ikkje berre dei uttrykka som er nedverdiggjande, undertrykkjande eller på annan måte har ei menneskefiendtleg grunnhaldning.

1.4 Utvalet i denne oppgåva

Filmutvalet i denne oppgåva er avgrensa til å dekkje normalpornografien. Som Sønnev Skrede påpeiker er det også denne delen av pornografi det er størst usemje om. Medan dei fleste tek avstand frå borne- og dyreporno, samt andre ekstreme formar, har dei færraste stort imot biletet av ein naken kropp, til dømes i anatomiboka. Det er skildringane mellom desse ytterpunkta som skapar størst debatt. Skildringane utan vald eller andre direkte lovbrøt, dei skildringane som er dei desidert meist utbreidde (Skrede 1995:2-3). I motsetnad til mange før meg vel eg å inkludere også homoporno i normalpornografien, ettersom eg meiner tida er moden for å sjå på mannleg homoseksualitet som heller normalt, sjølv om homofile rett nok har vanskelege kår i Russland, noko eg kjem attende til. Eg skulle gjerne også ha inkludert filmar for lesbiske, men har framleis til gode å koma over russiske skildringar av lesbisk sex som er mynta på lesbiske kvinner og ikkje på heteroseksuelle menn.

Det er fullt mogleg å stille spørjeteikn ved om eg så får eit representativt utval av russiske pornofilmar, og eg er sjølv viljug til å vedgå at utvalet frå eitt synspunkt ikkje er ein reell representasjon. Russisk pornografi har nokre store nisjer som vert utelatne i mitt utval, imidlertid vil eg hevde min rett til å ekskludere dei frå oppgåva. Både «Russian rape», «Russian incest» og «Russian lolitas» er etablerde merkelappar, og det vert kontinuerleg produsert ei mengde filmar innan desse sjangrane. Sjølv om prosentandelen ekte valdtekter eller ekte mindreårige neppe er overveldande stor, er risikoen for å sjå misbrukte born eller

reelle valdtekter likevel fullt ut tilstades. For å sleppe å stø produksjonen av filmar som forgyllar overgrep, samt for mi eigne mentale helse si skuld, vel eg altså å utelate denne typen filmar og kun fokusere på normalpornografi. Dette vil ikkje seie at filmutvalet mitt nødvendigvis er fritt for utnytting eller skeive maktforhold, men det består i utgangspunktet av filmar som ikkje gjer eit poeng av å vera valdelege eller å syne fram misbruk av kvinner og born, heller ikkje sex med dyr.

Det faktiske filmutvalet består av om lag 50 produksjonar, og eg har i tillegg aktivt nytta ulike internettsider for å sjå russisk pornofilm gjennom streamingtenester. Dette er etter mi meining ein vesentleg del av moderne pornofilm, ettersom sær sær mykje av pornodistribusjonen i dag går føre seg på denne måten, og slike streamingtenester gjev ikkje minst tilgang til overveldande mengder pornofilm. Som eg seinare kjem inn på finst det dessutan visse skilnadar mellom pornofilmar lagd for internett og pornofilmar lagd for til dømes dvd-publikasjon. Det går sjølvstø an å innvende at filmgrunnlaget for oppgåva kunne ha vore større, men etter mi erfaring er russiske pornofilmar tilstrekkeleg einskaplege til at ein kan trekkje liner og føreta analyser også ut frå eit mindre antal filmar. Når ein har sett tretti russiske pornofilmar finn ein lite i dei ti siste som ein ikkje fann i dei tjue fyrste, ettersom dei i stor grad forhold seg til dei same sjangerkonvensjonane, har dei same estetiske og innhaldsmessige ideala, og til ein viss grad er lagd i det same miljøet.

2 Bakgrunnsteppe – utviklinga i Russland

2.1 Politisk utvikling i det nye Russland

I det Sovjetunionen var historie og Russland hadde gjenoppstått som eit ope og kapitalistisk land med kurs mot demokrati, stod mange russarar att rådlause. Sparepengane deira hadde mista sin verdi i lause lufta med innføringa av marknadsøkonomi (Hønneland 2005:115), ideologien var daud og Russland gav etter for vestlege politiske ideal. Dette var som fylgje av at Mikhail Gorbatsjov, Sovjetunionens siste generalsekretær, med sine forsøk på å føre samfunn og økonomi ut av stagnasjon hadde opna for innslag av kapitalisme og friare informasjonsstraum, noko som i sin tur hadde gjeve uante ringverknader og resulterd i Sovjetunionens fall (Egge 1993:279). Russlands nye president Boris Jeltsin hausta i 1992 applaus for si fråsegn om at landet trong millionar av eigarar, ikkje eit hundretals millionærar, men i røynda hadde det toget allereie gått (Hoffman 2003:189). På den eine sida stod oppkjøparar og spekulantar som såg at den nye marknadsøkonomien gav moglegheiter for suksess, på den andre gjekk lågtløna og pensjonistar harde tider i møte, medan russiske ungdommar stod desillusjonerde att og ikkje ante kva framtida kunne bringe. Boris Jeltsin sin hovudmisjon var å knuse sovjetkommunismen ved å gjera irreversible samfunnsinngrep som gjorde at denne aldri kunne koma attende. Istaden for å fokusere på byggjinga av eit nytt samfunn, valde altså den nye leiinga i Russland å prioritere øydeleggjinga av det gamle. Denne prosessen, den såkalla sjokkterapien, var ei stor påkjenning for befolkinga, som fann tomme konti i banken og matvarer som var 2000 prosent dyrare enn dei hadde vore fire år tidlegare (same stad:212). Når Jeltsins misjon var utført, var den russiske kvardagen drastisk endra. På den eine sida fekk ein eit liberalt samfunn med ein personleg fridom som ikkje kunne samanliknast med den sovjetiske, ein fekk tilgang til vestlege merkevarer, dyre bilar og karrieremoglegheiter uavhengig av partimedlemsskap. På den andre sida var dei dyre bilane tilgjengelege berre for ei marginal gruppe av befolkinga, ein fekk enorme skilnadar mellom fattige og rike, korrupsjon og mafia breidde om seg og det nye Russland dreiv tilsynelatande av garde utan noko vidare mål. Den økonomiske situasjonen var særst ustabil på 1990-talet, på same måte som Jeltsins politiske Russland var ustabil, og dei såkalla oligarkane hadde stor påverknadskraft både på det økonomiske og det politiske feltet. Samfunnet hadde vorte

overaust av vestlege fenomen, og hadde utvikla seg til det ein frå vestleg hald gjerne ser på som ein vulgær kapitalisme, kor ein mellom anna fann halvnakne damer med vågale forslag i reklamer for til dømes kopimaskiner (Borenstein 2008:88). Den russiske forfattaren Viktor Pelevin set det heile på spissen i si bok *Generasjon P* frå 1999: «[Skulle det] være noen vits i å bytte ut det ondes imperium med det ondes bananrepublikk, som til og med måtte importere bananene fra Finland[?]» (Pelevin 2003 [1999]:19).

Som for å markere at det nye årtuset skulle få eit nytt Russland, annonserte Boris Jeltsin den siste dagen i 1999 både sin avgang og sin etterkomar, dåverande statsminister Vladimir Putin. Med Putin ved makta fekk Russland på nytt ein retning. Rett nok hadde også Jeltsin gjort forsøk på å finne ein kurs å halde seg til, mellom anna ved å opprette ein statleg komité for å skaffe ein ny «russisk idé» i 1996, ettersom befolkinga såg ut til å mangle ei trygg hamn (Borenstein 2008:56). Med Putin vart imidlertid statsmakta styrka, ein fekk sterke statlege tiltak for å få bukt med korrupsjon og kriminalitet. Brorparten av den såkalla familien til Jeltsin, altså Jeltsins nære og innflytingsrike omgangskrets av oligarkar, vart som resultat av dette fjerna frå maktkorridorane på ulike måtar (Willerton 2006:36). Under Putin vart også nasjonalismen i Russland styrka, ein fekk sterke Kreml-lojale grupperingar og hardare undertrykkjing av politisk opposisjonelle, mellom anna mista mange Kreml-kritiske journalistar og aktivistar livet under mystiske omstende i denne perioden. Under Putin byrja også Russland på nytt å posisjonere seg i verdssamanheng, og kampen om å verta ei supermakt sette i gang. Utover 2000-talet fekk ein eit langt meir politisk og økonomisk stabilt russisk samfunn enn kva ein hadde hatt tiåret før. På same tid vart det meir einsretta, og det synte seg å vera eit farleg samfunn for kritikarar. Statsmakta vart viktigare og mektigare, og i 2009 låg Russland på 146. plass i Transparency International sin indeks over dei mest transparente og minst korrupsjonsbefengde landa i verda, dette i motsetnad til 82. plassen i 1999 (Transparency International 2010).

På same tid som den russiske bjørnen på nytt byrja å reise seg, stemte over 50 millionar russarar på ein ny president, Dmitrij Medvedev. Medvedev fekk meir enn 70% av stemmene i det meir eller mindre demokratiske presidentvalet i 2008, og har så langt halde fram Putins

line, med Putin som den mest markante statsministaren i russisk politisk historie. Desse to markante personane styrer i dag det ein litt humoristisk kallar eit tandemokrati.

2.2 Russisk kultur frå Sovjetunionen til Russland

Glasnost var eitt av ledda i Mikhail Gorbatsjovs perestrojka, den store omstruktureringa som skulle få sovjetsamfunnet på føtene under siste halvdel av 1980-talet. Glasnost gjekk ut på å opne opp informasjonsstraumen, mellom anna ved å tillate publisering av tidlegare forbodne bøker og å tillate diskusjon kring tidlegare fortidde tema. Dette førde til ei sterk oppblomstring i Sovjetunionens kulturliv. Alt det ein tidlegare ikkje hadde våga eller kunna måtte no gjerast, i tillegg til at den tidlegare forbodne kunsten brått var tilgjengeleg for ålmenta. Framtida til den russiske kunsten og kulturen såg ljøs ut. Men allereie tidleg på 1990-talet gjekk lufta ut av ballongen, og resten av tiåret låg det russiske kulturlivet i ei nærast konstant krise. Uvissa om kva retning framtida ville ta, uvissa om forholdet til Vesten, om situasjonen for dei unge og deira mangel på moral, om korrupsjon og mangelen på ein overordna plan eller ideologi førde både til eit ustabil samfunn og eit ustabil kulturliv (Borenstein 2008:6). Det var rett nok mykje aktivitet i dei kreative miljøa, men ein mangla i stor grad kulturinstitusjonar og ein mangla ikkje minst eit mål og ein retning. Den sovjetiske stien hadde førd ut på ei open slette og ingen visste kvar vegen skulle gå vidare. Russisk populærkultur sitt svar på denne uvissa vart å lage ein motreaksjon mot det sovjetiske, ved å gjera alt det ein tidlegare hadde vore hindra frå på ein gong og dermed gje kulturkonsumenten bakoversveis. Filosofen Nikolaj Berdjajev hevda i sitt verk *Den russiske idé* frå 1946 at nettopp slike reaksjonar og motsetnader er eitt av kjenneteikna til russisk historie, at Russland svinger nærast som ein pendel frå det eine ytterpunktet til det neste (Berdjajev 2008 [1946]:31). I tida etter Sovjetunionens fall vart så dei seksuelle, valdelege og misantropiske elementa dregne til det ekstreme, og dette fenomenet, som kom til å prege den russiske populærkulturen på 1990- og 2000-talet, vert av Eliot Borenstein kalla «overkill» (Borenstein 2008:6). Det var fyrst heilt på slutten av sovjettida ein i det heile teke fekk sex-scener i russiske filmar og bøker. Tidlegare hadde ein også hatt lite av umotiverd vald, få karakterar utan mål og meining og heller ikkje mange skildringar av armod for armoda si skuld. Etter at ein på slutten av 1980-

talet innførde desse elementa har skildringane vorte stadig meir ekstreme, og dei har framleis ikkje fått nokon ende. Til dømes vart den profilerde russiske regissøren Aleksej Balabanov sin film *Gruz 200* (tyder om lag «Forsending nr 200») frå 2007 den fyrste filmen som har fått 21-års aldersgrense i Russland. Årsaka var det valdsame innhaldet både kva vedgjekk vald, sex og menneskeleg ondskap. I 2009 fekk filmen *Morfij* («Morfin») av same regissør også denne aldersgrensa. Overkill lever altså i beste velgåande. Som ein detalj kan det nemnast at bae desse filmene er baserte på sanne historier frå nettopp sovjettida.

Noko av det befriande ved russisk kultur under Boris Jeltsin var at så lite av han omhandla nettopp Jeltsin. Ein var van med at statsleiaren var eit objekt for merksemd også frå kulturelle aktørar, ein tendens som også har teke seg opp att på 2000-talet, mellom anna med hitlåta *Kto-to kak Putin* (tyder «Nokon som Putin») frå 2002 (Borenstein 2008:225-226). At 1990-talet skil seg ut på dette området har antakeleg samanheng med at Jeltsin i mindre grad enn sine føregjengarar og etterkomarar søkte å framstå som ein sterk og einerådande statsleiar og i mindre grad enn desse andre sjølv la opp til persondyrking.

Eit fenomen som i stor grad har prega den russiske populærkulturen etter perestrojkaen er den såkalla *tsjernukhaen*. Ordet *tsjernukha* kjem av ordet svart (*tsjornyj*), og har opphav i fengselsmiljøet. *Tsjernukha* er ei nemning på den pessimistiske og naturalistiske skildringa av fattigdom, oppløyste familiar, kynisme, sex (som oftast utan samband med kjærleik) og vald, gjerne sadistisk vald, som har vore framtrekande i Russland sidan perestrojkaen (Borenstein 2008:11). Ein finn *tsjernukha* i alle type skildringar, anten det er kunstfilmar, teater, romanar, musikk eller journalistar si mediadekkjing. Fenomenet oppstod opphavleg i media, når ein under glasnost på siste halvdel av 1980-talet fekk stadig fleire medieinnslag som skildra den råde vonløysa under Sovjetunionens siste krampetrekningar. Tidlegare hadde media i hovudsak fokusert på gode avlingar, rekordproduksjonar på fabrikkar, heltar og kloke ord frå gode statsleiarar. Ein hadde dekt naturkatastrofar og liknande også då, men i hovudsak katastrofar i kapitalistiske land, som om desse vart straffa for sin kapitalisme av ein ikkje-eksisterande gud. Med Tsjernobyl-eksplosjonen i 1986 vart media si rolle ekstremt tydeleg. Når Gorbatsjov fyrst uttalde seg om hendinga 16 dagar etter eksplosjonen, og då på grunn av press

frå vestlege media, vart ein debatt sett i gang. Borenstein peiker på at ved å diskutere Tsjernobyl diskuterte ein samstundes korleis ein skulle diskutere Tsjernobyl, debatten vart sjølvreflekterande (same stad:10). Det kokte i sovjetkjelen, og lokket ein hadde lagt oppå ville ikkje lenger liggje stilt. Med glasnost tok ein lokket av for å vera open om problema og finne sanninga, og då fann journalistane så mykje sanning at ein vart reint motlaus. Tsjernukhaen vart synonymt med å ikkje lyge, å ikkje lage glansbilete, men å syne fram korleis folk eigentleg hadde det, i kva tilstand Sovjetunionen befann seg. Ein skulle avdekkje det som tidlegare hadde vorte halde hemmeleg, men sidan solskinshistorier sjeldan vert lagt lokk over, fekk heile prosessen eit heller negativt preg. Ein avdekte stadig myrkare historier utan å ha tilsvarande nye gladsaker som kunne vega opp, og den frie og opne glasnost vart totalt overskugga av den pessimistiske tsjernukha (same stad:13) Tsjernukhafilmen, som vart særleg populær, inneheld familiar i oppløysing eller som allereie er oppløyste, umoral og umotiverd ondskap, hysteriske og overdimensjonerte kranglar som brått døyr ut under høgdepunktet, nokre få vaksenscener og tydeleggjering av at alle ideal og von om framtida er daude. Når rulleteksten er ferdig skal sjåaren vera viss om å ikkje ha noko å sjå fram til. I tsjernukha vert den menneskelege kroppen definert ut frå vald og sex: Kroppen er eit objekt som vert knulla, dengt eller drepen (same stad:20). Sjølv om tsjernukhaen opphavleg var negativt innstilt til Sovjetunionen, endra han seg ikkje drastisk under overgangen til det nye Russland. Folket var framleis avmektige, overlatne til leiarar som levde liv dei sjølve berre kunne drøyme om, framtida var uviss og gode ideal kunne ein ikkje finne nokon stad. Tsjernukhaen med sin brutalitet og misantropi spegla samfunnet, på same tid som han gav folk legitimitet til å føle som dei gjorde. Borenstein peiker på at tsjernukhaen på 1990-talet mellom anna fortalde folk det dei visste, til dømes at folk mangla mat, og det dei var sikre på, men ikkje kunne prove, nemleg at styresmaktene stal frå folket. Tsjernukhaen fekk enorm påverknadskraft på 1990-talet, og sjølv meir enn 20 år etter utgjevinga av kjende tsjernukha-filmar som *Lille Vera* («Malenkaja Vera») og *Interdevotsjka* (tyder om lag «Interjenta») er element frå tsjernukhaen stadig tydelege i ei rekkje russiske produksjonar, både av film, litteratur, teater med meir. Borenstein skriv at sjølv om tsjernukha nok ikkje var kva arkitektane bak perestrojka hadde i tankane då dei lanserte glasnost, så er situasjonen to tiår seinare at dei to ikkje kan sjåast kvar for seg, dei heng uløseleg saman. Tsjernukha tok heilt

enkelt opp krisa på ein eigen måte: Korleis kan ein oppdra unge menneske godt i slike fryktelege tider?

Tsjernukhafilmene skulle verta eit viktig element i seksualiseringa av det russiske samfunnet, og mange rådlause russarar fekk verdsbiletet sitt stadfesta i desse filmene. Det nye samfunns-systemet med sine meir og mindre avkledde damer på glinsande reklameplakatar, kombinert med tsjernukhafilmene kor ein såg mellom anna tenåringer ute av kontroll og prostituerde, i tillegg til å verta forsikra om at ein ikkje kunne vente seg stort av livet, førde til at det vart særst populært å bryte med kva den gamle moralen hadde fortald. Prostitusjon vart blant mange unge jenter på 1990-talet sett på som eit reellt yrkesval, ikkje berre noko ein gjorde om all anna von var ute. Ein periode var det nærast trendy å selja kroppen sin, også som prostituerd og innan pornografi. I ei spørjeundersøking frå 1989 utført i Riga og Leningrad av den russiske sexologen Igor Kon kom det fram at blant kvinnelege avgangselevar frå vidaregåande skule hadde levebrødet «prostituasjon mot utanlandsk valuta» status som «one of the top ten most prestigious professions» (Kon 1995:223). I ei anna undersøking frå same år, gjennomført blant skuleborn i Moskva, vart prostitusjon rangert som eit meir prestisjefyllt og luksuriøst yrke enn både journalist, diplomat og akademikar (Borenstein 2008:87). Borenstein legg vekt på at slike undersøkingar bør takast med ein god porsjon salt, men ved at dei fekk mediadekking og vart kjende i ålmenta, fekk dei like fullt påverknadskraft og ringverknader.

Medan ein på den eine sida i post-sovjetisk populærkultur har tsjernukha og uttrykk for avmakt, finn ein på den andre sida det livsbejaande og polerde uttrykket til popsa-artistane. Popsa er omgrepet som vert nytta nettopp om den innhaldslause og glansa popmusikken som pregar dei fleste russiske radio- og musikk-tv-kanalar. Såpeoperaer, musikkvideoar, magasin og blad syner fram modellar som smiler til livet med kvite tenner og glatt hud. Denne sida av russisk populærkultur er hyperkommersiell og distanserer seg sjølv i stor grad frå samfunnet elles, om ein ser bort frå at ho sjølvsgatt er godt tilpassa den russiske marknadsøkonomien. Popsa-artistane skriv sjeldan songane sine sjølv, dei spelar gjerne med playback på konsertar og pratar i talkshow på fjernsynet om klede, kjærleik og livet som stjerner. Der tsjernukhaen har som mål å ikkje lyge eller dekkje over, gjer ikkje popsa-kulturen ein gong noko forsøk på

å framstå som ekte. Der tsjernukhaen med sine dystopiske samfunnsskildringar skal grave djupt, gjer popsaen eit poeng av å vera overflatisk. Like fullt er dei to nært samanknytte, nærast som to sider av same sak. Medan tsjernukhaen seier til folk at samfunnet og livet er urettferdige og vanskelege, seier popsaen at ein kan drøyme seg bort frå det. Popsaen tilbyr ein illusjon ein kan forlyste seg med når det samfunnet tsjernukhaen skildrar gjer ein motlaus.

Det skal seiast at det sjølv sagt finst kultur, også populærkultur, i Russland som legg seg mellom ytterpunkta ein finn i tsjernukha og popsa. Denne kulturen er antakeleg den som famnar breiast, han har langt mindre fokus på sex enn kva tsjernukha og popsa har, og omhandlar gjerne vanlegare tema og appellerer til den delen av befolkninga som ikkje ynskjer sjokkhistorier og grensesprengjing. Imidlertid ligg sjølv sagt ingen av dei kulturelle sektorane isolerte, dei spelar alle inn på kvarandre.

2.3 Den seksuelle tradisjon i Russland

Før Sovjetunionen fanst det sterke meiningar om seksualitet i Russland. I løpet av dei siste tiåra med tsarstyre voks det fram ein rik diskurs kring emnet, seksualitet vart tema i bøker, ein lagde pamflettar vedrørende homoseksualitet og liknande, og det heile var nært knytta til radikaliseringa av folket og deira stadig veksande politiske medvit (Borenstein 2008:32). Innad i dei revolusjonære partia fanst det eit utal ulike meiningar om kva som var det seksuelle ideal, korleis ein burde byggje opp det seksuelle liv i det nye samfunnet. Også i bolsjevikpartiet var dette eit stadig diskutert emne, og medan nokre ynskte den såkalla kameratslege kjærleiken med fri praksis som Aleksandra Kollontaj stod for, meinte til dømes Aron Zalkind at ein burde vente med sex til ekteskapet, og vel gift burde ein ha så lite sex som mogleg, med tilsvarande minst mogleg variasjon, slik at ein ikkje let seg distrahere bort frå å byggje kommunismen (Kon 1995:57). Lenin var ikkje blant dei mest liberale på dette området, og såg instinktivt individuell nyting som noko mistenkjeleg, noko som snøgt kunne verta eit trugsmål mot det kollektive prosjektet, og som ikkje måtte verta viktigare enn klasseinteresser og -kamp (same stad:54).

Når så revolusjonen var vel overstått, tok dei revolusjonære i stor grad fatt på den seksuelle praksisen dei sjølv ynskte. Det var ein ny start utan nokon definerd seksualpolitisk fasit, men ein legaliserde både abort og mannleg homoseksualitet, sjølv om homofile vart oppfordra til å finne måtar å verta heterofile på, slik eg kjem attende til under punkt 2.9. Etter 1917-revolusjonen heldt imidlertid dei fleste sovjetborgarane seg til såkalla ekteskaplege plikter, medan ein særleg blant bolsjevikkunstnarane fann ein langt meir utsvevande praksis godt på veg mot den frie kjærleiken. Med inngangen til 1930-talet og Stalin ved makta kom den seksuelle praksisen i større grad under statleg kontroll og vart langt meir konservativ. Det var ikkje berre Stalin og hans medarbeidarar sitt syn på seksualiteten som kom til syne, det hadde også kome attendemeldingar om at den frie kjærleiken ikkje var ynskt blant folk. Ikkje uvesentleg er det heller at ein på 1930-talet fekk ei anti-intellektuell bølge i bolsjevikpartiet, og dei tidlegare maktpersonane, som hadde vore intellektuelle og gjerne frå gode kår, vart i stor grad skifta ut med bønder og arbeidarar, folk frå enklare kår. Denne nye eliten hadde i mindre grad eit ideologisk forhold til seksualitet, dei var gjerne oppvaksne med haldninga om at sex var ureint og ekkelt, og fylgjeleg vart også det å diskutere seksualitet noko som ikkje passa seg. Frå denne perioden vart den seksuelle diskursen lagt daud (Kon 1995:78). Ein fekk ein politikk som fremja familien og monogamiet, mannleg homoseksualitet vart på nytt forbode i 1934, abort i 1936. Abort vart lovleg att i 1955, då hadde Stalin gått bort og ein slakka noko på tøylen (Borenstein 2008:32), medan mannleg homoseksualitet ikkje vart relegaliserd før i 1993 (Essig 1999:8). Ein kan merke seg at kvinneleg homoseksualitet aldri har vore forbode i Russland, sidan kvinner har vorte sett på som svakare og lettare påverkelege enn menn, og ein dermed har ynskt å hjelpe dei framfor å straffe dei. Mellom 1930-talet og perestrojkaen fanst det altså i liten grad nokon seksuell diskurs i Sovjetunionen, trass i at kjønnspolitikk og likestilling var aktuelle tema ved fleire høve, til dømes når ein etter 2. verdskrig stod overfor ei rekkje problem som fylgje av mangel på menn, og kvinner dermed i enda større grad enn tidlegare tok del i industri og arbeidslivet generelt. Like fullt vart det alltid berre kjønnsfordeling som var tema, ikkje seksualitet.

I motsetnad til land som Aust-Tyskland, kor naturisme var særst utbreidd og ein la vekt på å ha eit positivt fokus på kropp og seksualitet, vart Sovjetunionen aldri noko høgborg for

kroppslig og seksuell frigjering. Til dømes gav den tyske marxisten og Freud-eleven Wilhelm Reich, som fornyet psykoterapien med sitt fokus på bruk av kropp, uttrykk for å vera sjokkerd over dei nye «borgarleg moralistiske haldningane» i Sovjetunionen då han i 1929 vitja Moskva (Kon 1995:70). Sovjetunionen skulle vera eit aseksuelt samfunn, eit samfunn kor seksualitet ikkje skulle vera eit tema. Og sjølv om ein har kjennskap til at leiinga i kommunistpartiet både hadde ei rekkje elskarinner, såg på vestlege pornofilmar og iblant arrangerde orgiar, var politikken og det øvrige samfunnet så å seie fritt for seksuelle inntrykk. Dette vert tydeleg når ein ser at talet på publiserte fagbøker vedrørande seksualitet og kjønn sank frå 126 i åra før 1917 til 52 utgjevingar i perioden 1917-1936 og berre 5 i perioden 1937-1960. På 1960- og 70-talet vart det utvikla ein eigen sovjetisk sexologi, og antalet slike publikasjonar fekk ei lita auke. Imidlertid fekk denne sexologien namnet «sexopatologi», noko som i seg sjølv syner at den såkalla normale seksualiteten vart sett på som heller problemfri og ikkje eit tema ein trong bry seg med, det ein skulle befatte seg med var slike personar som braut normene og derfor burde kontakte næraste lege. I alle høve fekk ikkje ålmenta tilgang til publikasjonar som omhandla seksualitet, ettersom desse for det fyrste berre var å finne på spesialbibliotek, og ein i tillegg måtte vera medisinsk utdanna og ha rekvisisjon frå kolleger eller viktige personar om at det låg saklege grunnar bak lånet av bøkene, og at ein ikkje skulle lesa slike fagbøker av begjær eller rein lyst (same stad:86-91). Det av publikasjonar som nådde ålmenta inneheldt alltid ein peikefinger om at ein ikkje burde la seksualiteten få meir enn absolutt naudsamt innpass i livet sitt, til dømes er det fylgjande å finne i ein offisiell ukrainsk lærarguide frå så seint som 1990: «Regularly engaging in repeated sexual acts is not recommended even given the desire and opportunity to do so» og «Masturbation . . . is an utterly unnatural method of satisfying the sexual urge. . . . As applied to demographic indices within our country the most correct definition of onanism is 'an unnatural and depraved means of sexual activity'» (siterd i Kon 1995:100). Det er ikkje vanskeleg å forstå at mange sovjetborgarar med dette forholdet til seksualitet vart sjokkerde over den stadig meir omfangsrike eksponeringa av all slags seksualitet etter Sovjetunionens fall, og det er også forståeleg at den seksuelle diskursen har utvikla seg annleis i Russland enn i til dømes Noreg dei siste tjue åra.

At dei siste generasjonane av sovjetborgarar ikkje har vore vande med seksualitet som eit offentleg anliggjande, har førd til at ein i det post-sovjetiske Russland har fått heilt andre reaksjonar enn i Vesten når media har skrivne om sex-skandalar og liknande. Også i Russland fulgde ein godt med på avsløringane om Bill Clinton og Monica Lewinsky, men i stor grad med det synet at dette var ei privatsak som ikkje hadde noko i ålmenta å gjera. Borenstein skriv dessutan at det i Russland var ei utbreidd oppfatning at denne saka synte Clinton som ein såkalla ekte mann, i motsetnad til kva den aldrande og stadig sjukare Boris Jeltsin framstod som (Borenstein 2008:40). Når så Russland fekk sine eigne sex-skandalar som vart slegne stort opp i media, til dømes då dåverande justisministar Valentin Kovaljov i 1997 var avbileta med tre nakne damer utanfor ei badstue i Moskva, gjekk politiske røyster frå heile det politiske spekteret ut og fordømde slike inngrep i privatlivet (same stad:41). Det er imidlertid ikkje berre i personsaker tidlegare sovjetborgarar har reagert over lausslupne medier. Også andre seksualrelaterde saker har fått reaksjonar, slik som dette lesarbrevet avisa *Moskovkij komsomolets* mottok etter å ha trykt ein pedagogisk og familievenleg artikkel om bornefødslar i 1990:

«You are depraved and disgusting! To whom are you explaining where children come from? People old enough already know or can find out for themselves. But 3-5, even 14-15 year olds don't need to know... We knew nothing about `sex´ or `erotica´ before, but we still produced healthy children. We knew how to do it without lessons from you. We had real love, a sense of duty, love for our mothers, our country, patriotism, and so on. What sort of children are you bringing up now? Look at what your democracy brings! What we need is a Stalin or a merciless God! May your tongue, hands and organs drop off. Go to hell. You're all scum, swine, bastards.

Krylova (Dmitrov)» (siterd i Kon 1993:3)

For den som sat med slike haldningar skulle det post-sovjetiske samfunnet bringe med seg mykje sjokkmateriale i løpet av dei komande tiåra.

2.4 Tradisjonen for det private

Allereie i tida etter Oktoberrevolusjonen vart det personlege eit offentleg anliggjande, i den grad det var eit anliggjande. Lenin erklærte privatlivet for dødt, og etter dette var kampen for privatliv forbunde både med emosjonell ambisiøsitet og ein viss risiko (Barker 1999:33).

Under Stalin vart kvinner som fødte mange ungar utnemnde til heltemødre og i dei kommunale leilegheitene, dei såkalla kommunalkaene, kor fleire familiar budde i lag, vart både sex, dovisittar og alt anna ein gjerne ser på som heller personleg, ei felles sak for alle bebuarar. Kommunalkaene hadde til dømes gjerne ikkje dodører, noko som gjorde at all form for privatliv var rein utopi for mange sovjetborgarar (Boym 1999:389). Nokre hengde opp gardinar og liknande for å skilje seg frå grannane, men dette vart like fullt berre symbolske grenser. Boym trekk imidlertid fram at mange i det nye Russland kvir seg for å flytja ut av kommunalkaene, nettopp fordi dei er så vande med dette fellesskapet og er redde for å verta einsame i eigen bustad (Barker 1999:33). Sjølv om det personlege altså var eit offentleg anliggjande, galdt dette i størst grad dei kvardagslege samanhengane, det såkalla *byt* på russisk, det som ikkje er av allmenn interesse, men som opptek det meste av menneskelivet. Frå offisielt hald var ein ikkje like open om dei basale menneskelege behova, til dømes vart ytringar som vedgjekk den intime sfæra eller hadde stygt språk stempla som pornografi. På den måten kan ein seie at det fanst mykje pornografi i Sovjetunionen på same tid som ein knapt fann pornografi der i det heile. Ein heil del utgjevingar av ulike slag vart kategoriserde som pornografi, men særst lite var det ut frå definisjonane i denne oppgåva. Til dømes vart Sjostakovitsj sin opera *Lady Macbeth fra Mtsensk* i 1936 skulda for å vera pornografisk, sidan musikken inneheldt naturalistiske skildringar av knirkande sengefjører (Kon 1995:70). På den eine sida var altså sovjetborgarane i stor grad fråtekne retten til privatliv, på same tid vart dei frå samfunnet rundt seg, frå samfunnet utanfor *byt*-sfæra, skjerma mot å få vita stort om andre sine intimitetar og privatliv. Slike ytringar vart i alle høve sett på som *nekulturnye*, altså ukultiverde (Barker 1999:26).

2.5 Kjønnssdiskurs og likestilling i det nye Russland

Det å agitere for likestilling, leggje vekt på likskapane mellom kjønn framfor skilnadane mellom dei og å meine at menneske har ulike kvalitetar som ikkje har med kjønn å gjera, vert i Russland hovudsakleg forbunde med bolsjevikane og andre revolusjonære frå dei fyrste tiåra i det 20. århundre. På denne tida hadde ein ei rekkje feministiske rørsler som ynskte grunnleggjande endring i kjønnspolitikken, og under Sovjetunionen hadde ein då også tilnærming

mellom kjønna på nokre område, til dømes med kvinnelege fabrikkarbeidarar, kvinnelege pilotar under 2. verdskrig og liknande. Likevel vart desse grepa i hovudsak gjort av reint praktiske årsaker i større grad enn ideologiske. I alle høve fekk ein særleg frå 1970-talet ein reaksjon mot kjønnsstilmærming. Det vart etablert, eller kanskje heller reetablert, ein diskurs om at kvinner og menn er grunnleggjande ulike biologisk sett og at det å hevde noko anna nærast er å fornekte naturen og vil bryte ned samfunnet. Om ikkje kvinner tek seg av dei samfunnsoppgåvene dei biologisk er skapte til, til dømes å halde orden heime og ta seg av familien, og menn ikkje oppfyller sine biologiske plikter, som å tenkje rasjonelt og forsyrgje familien og verne han mot fiendar, vil familien og i sin tur samfunnet gå i oppløysing. Ein kan stadig verta overraska over kor sterkt kjønnskila står i Russland, til dømes når utfallet av ei rettssak i 2009 vedrørande kor vidt kvinner skal kunne arbeide som metrosjåførar i Russland, fastslår at dette utelukkande er eit mannsyrke. Rett nok trong ein på det aktuelle tidspunktet sårt metrosjåførar, men kvinnelege søkjarar vart like fullt luka ut på grunnlag av kjønn (Titova 2009:1&2). Det vart nemleg lagd ei liste i år 2000 over yrke som utelukkande skal vera for menn, og metrosjåfør er eitt av yrka som står oppført på denne lista.

Argumentasjonen er ikkje at ein vil utelate kvinner, men at ein syner dei respekt ved å verne dei frå desse tunge yrka. For å syne litt av korleis kjønnsdiskursen i Russland framleis er, vil eg her sitere Julia Sjavel, talskvinne for *Sankt Petersburg metro* si uttaling om saka: «If women want to do that job, they need to know that this profession requires instant, innate reactions to non-standard situations. In the event of those situations, they would need to take the right decision, and quickly» (sitat frå same stad). Ei kvinne som tidlegare har arbeidd som metro-sjåfør uttalar seinare i artikkelen at ho heller ikkje tilrår dette arbeidet til kvinner, ettersom det i for stor grad går utover familielivet. Indirekte ser ein her at kvinner ikkje greier å hanske vanskelege situasjonar like godt som menn, samt at dei er avhengige av ein jobb som ikkje er altoppslukande, noko som altså ikkje er like viktig for menn. Det er vanskeleg å ikkje spørja seg i kva grad det å ha tid til familien er noko som bør vektleggjast for den aktuelle ugifte og bornlause kvinna som her prøvde å gå via retten for å få seg eit sårt tiltrengt arbeid.

Ein ser altså få tendensar til auka likestilling mellom kjønna i Russland, tvert imot ser det ut til å leggjast stadig større vekt på kjønnskila. I 1991 vart pamfletten *Var Domostroj verkeleg*

så ille? av V. Pilipov trykt opp i 210 000 eksemplar, og etter dette har Domostroј fått ein betydeleg renessanse. Domostroј tyder om lag «oppbyggjinga av heimen» og er eit skriv frå middelalderen om korleis ein skal oppdra ungar, kva oppgåver mor og far skal ha, korleis fordelinga skal vera i heimen og liknande. Sett frå moderne tid kjem det neppe som noko overrasking at dette middelalderske familieidealet er heller gamaldags og lite progressivt. Domostroј oppfordrar til bruk av fysisk avstraffing i oppsedinga av gutar, medan jenter skal få mildare handsaming, samstundes som dei også bør oppføre seg langt rolegare. Ein får no kjøpt Domostroј i eit utal ulike versjonar, til dømes som biletvev med høgdepunkta, eit sett levereglar ein kan hengje på veggen. For mange vert dette tradisjonsrike skrivet rekna som nøkkelen til godt familieliv (Borenstein 2008:46).

Saman med haldningsendringane i synet på kjønn etter Sovjetunionens fall har russiske kvinner ikkje uventa fått vanskelegare kår, særleg sett frå vestleg ståstad. I tillegg til å ha ansvaret for heimen var og er det naudsamte å ha arbeid og karriere ved sidan av for å få endane til å møtast økonomisk. Rett nok hevdar mange russiske kvinner stadig sin triumf over at russiske menn visstnok opnar dørene for dei og trekk ut stolen når dei skal setja seg, men det er vanskeleg å ikkje spørja kva pris dei betaler for denne angjeveleg gode handsaminga.¹ Likevel har det parallelt med diskursen om biologiske skilnadar mellom kjønn vakse fram ein diskurs som hevdar at den tidlegare sovjetiske, no russiske mannsrolla er i krise. Dei russiske karfolka hevdar ikkje å vera dårlegare stilt enn kvinnene, ein slik konkurranse innser nok også dei at dei ville kome dårleg ut av. Problemet for den russiske mannen ligg i at russiske gutar manglar gode mannlege førebilete. Mange gutar veks opp utan far eller med ein far som sjeldan er tilstades, til dømes fordi han er militær eller arbeider som metro-sjåfør, og den feminine påverknaden frå mor, hennar veninner, bestemor (som kanskje til og med er enke, sidan det er om lag 13 år skilnad i snittalder for kvinner og menn), kvinnelege lærarar og liknande gjer at gutane ikkje vil vakse opp til ekte menn, og dei vil i sin tur ikkje kunne vera gode mannlege førebilete for nye generasjonar. Ein vil få dårlegare familieoverhovud og dårlegare samfunnsleiarar. Dei biologiske pliktene og eigenskapane til mannen vil verta

¹ Det er ikkje meininga å stille den russiske gentlemanen i tvil, men i forhold til kor viktig han er i den russiske kjønnsdiskursen syner han seg ikkje overveldande ofte i ålmenta.

forsømde, noko som i sin tur vil føre til at familien og samfunnet til slutt kan kollapse (Borenstein 2008:47).

Medan den russiske mannen vert sagt å ikkje lenger eksistere, men å ha vorte eit konglomerat av menneske (tsjelovek), fyr (muzjik) og ektemann (muzj), er den russiske kvinna visstnok stadig i live, heilskapleg og trygg. Ho vert dessutan symboliserd av Russland (Rossia), som på russisk er eit hokjønnsnamn, samt det feminine Mor Russland/fødelandet (rodina). Biletet av Russland som ei mor vert aktivt nytta av dei som har som prosjekt å byggje opp att den russiske mannsrolla, mellom anna er det rodina, moderlandet, som har skuld i at den russiske mannen har vorte så tilsidesett (Borenstein 2008:48), nærast som ei åleinemor har ho mislukkast i å gje russiske menn eit godt mannsideal. Ein har også namnet «fedrelandet» (otetsjestvo), men som i norsk er dette grammatisk sett eit inkjekjønnsord, sjølv om det tydeleg har det maskuline opphav i seg. Uttrykket «fedrelandet» vert dessutan nytta i andre samanhengar, mellom anna er det i krisetider Mor Russland ein forsvarar i krig og mot vestleg innflyting, medan industrien i fedrelandet til dømes kan berge økonomien (same stad:41). Samanhengen mellom russiske kvinner og Mor Russland vert også nytta i samband med populærkultur og pornografi, kor dei to i visse samanhengar vert rekna som eitt og det same (Borenstein 2008:70), til dømes i filmen *Interdevotsjka* («Interjenta»), kor den vakre russiske jenta sel seg som prostituerd til pengesterke utlendingar, for så å verta nostalgisk og angre seg.

2.6 Seksuell diskurs – ordet sex

Ordet sex er relativt nytt i Russland, og det er fyrst etter Sovjetunionens fall ein har fått det inn i vokabularet i særleg grad. På same måte er det fyrst i denne perioden ein har fått ein seksuell diskurs i særleg grad, og desse to nye fenomena er nært knytte til kvarandre. I 1987 skjedde fylgjande under ei amerikansk-sovjetisk samsending på fjernsynet: Etter at ein i det amerikanske tv-studioet har kome inn på temaet sex, spør den amerikanske programleiaren sine sovjetiske programdeltakarar korleis sex vert praktiserd i Sovjetunionen. Den forbløffa sovjetborgaren som får kamera og mikrofon retta inn mot seg svarar spontant «Vi har ikkje

sex!» («U nas seksa net!») (Kon 1995:1). Dette svaret er openbert noko pussig, med tanke på at det stadig vart fødd ungar i landet, men det seier veldig mykje om den seksuelle situasjonen i Sovjetunionens siste periodar. Dama som kom med uttalinga meinte neppe å seie at ein ikkje hadde aktiviteten sex i Sovjetunionen, men visste antakeleg ikkje kva ho skulle svare, ettersom dette var eit tema ein i liten grad diskuterte. For det fyrste hadde ein ikkje nokon diskurs vedrørande seksualitet, dette var eit tema ein ikkje prata om i ålmenta, det var dessutan noko ein generelt burde halde for seg sjølv, om ein så ser bort frå at alle i kommunalkaen fekk med seg alt som skjedde. For det andre hadde ein ikkje ordet sex. Ein mangla seksuell diskurs og ein mangla eit ord som kunne vera nemninga på ein slik diskurs. Ein artikkel frå 1989 syner i tittelen dette problemet tydeleg: «På latin heiter det sex, men kva heiter det på russisk?» («Po latiny – seks, a po-russki?») (Borenstein 2008:28). I det post-sovjetiske Russland fekk imidlertid seksualitet stor plass på kort tid, og ein trong ei nemning, om ikkje direkte for aktiviteten, så iallfall eit ord for til bruk i diskursen kring temaet. Tida skulle syne at det også russisk vart heitande sex, og i dag er dette ordet godt innarbeidd i den russiske daglegtala.

2.7 Den russiske seksuelle diskursen kjem til liv

I 1989 vart det skipa eit blad som skulle verta viktig for offentleggjeringa av seksualiteten og neste omgang allmenngjeringa av pornografi i Russland. Dette var bladet *SPID-info*, som på norsk tyder «AIDS-info». Bladet vart lagd med det formål å skulle informere om seksuell hygiene og kjønnsjukdommar, særleg HIV og AIDS som på denne tida tok Russland med storm. I tillegg til denne informasjonen var *SPID-info* fylt med materiale relaterd til seksualitet, eit livsstilsmagasin om sex. Etterkvart tok den sistnemnde biten over for AIDS-opplysninga, og i 1994 skifta bladet namn til *SPEED-info*, skrive med latinske bokstavar, og det hadde vorte eit magasin som skulle vera til glede og inspirasjon for russiske par. Same året vart *SPEED-info* Russlands mestseljande tidsskrift, aviser inkluderd. Denne statusen greidde det å halde på i mange år (Borenstein 2008:35). *SPID-/SPEED-info* var vesentleg i oppbyggjinga av ein seksuell diskurs og eit seksuelt medvit blant folk i det nye Russland. Bladet hadde spaltar med spørsmål frå lesarar, informasjon om sex-relaterde tema, bilete av

menneske med lite klede på seg og spaltar kor lesarar sende inn sine historier om gode og dårlege seksuelle erfaringar, som regel det sistnemnde. *SPID-/SPEED-info* var eit blad om seksualitet som likevel ikkje var eit pornoblad, men noko ein kunne lesa på bussen eller på andre offentlege plassar. Ein trong ikkje kvi seg for å kjøpe det i kiosken, og det hadde til og med fjernsvarsreklamer som fokuserte på at bladet var interessant, ikkje at det var fylt av sex. *SPID-/SPEED-info* greidde å profilere seg på ein slik måte at lesaren nærast fekk kjensla av å ta sitt samfunnsansvar ved å lesa bladet, ein laut jo vera oppdatert på korleis ein kunne hindre spreiding av kjønnsjukdommar.

Ein annan viktig bidragsytar til den seksuelle diskursen var fjernsvarsprogrammet *Pro eto* (tyder «Om det») som vart sendt på fjernsvarskanalen NTV etter midnatt i periodar på siste halvdel av 1990-talet. Dette var eit talkshow som omhandla sex-relaterde tema, det spegla på mange måter kontrasta mellom tradisjonen og framtida. Namnet «Om det» spelar på at programmet handla om *det*, det ein ikkje tør setja namn på. Opphavleg er namnet henta frå eit kjend dikt Vladimir Majakovskij gav ut i 1923, kor *det* ein ikkje tør setja namn på er kjærleiken. I fjernsvarsprogrammet var det sjølv sagt sex som var det unemnelege ordet. Dette med å nytte Majakovskij og å vera blug overfor seksualiteten er element som spelar på den russiske tradisjonen, det spegla ståstaden ein hadde. På same synte sjølve konseptet med å ha eit talkshow som handla om sex at ein var på veg nokon stad, det same vart tydeleg ved at programleiaren var myrk i huda. Jelena Khanga var den fyrste russiske kvinna med myrk hud som vart eit fjersvarsfjes, og for å dempe sjokkeffekten noko vart ho utstyrd med blond parykk. *Pro eto* tok for seg alt det nye som hadde skjedd i det russiske sexlivet. Frå å ha eit Brezjnev-grått aseksuelt samfunn hadde ein gått til å ha sex-butikkar, opne homofile, prostitusjon, pornografi og eit samfunn kor ein ikkje greidde unngå seksuelle inntrykk i kvardagen. Det var klårt Khanga og gjestane hennar hadde nok å prate om (Borenstein 2008:26).

Ikkje alle ynskte den seksualiserande utviklinga av Russland. For mange av dei tidlegare sovjetborgarane var seksualiseringa eit teikn på moralsk forfall, det var enda eit utviklings-

trekk som braut med alt dei hadde lært og var vande med. Dette lesarbreve frå ei russisk avis tidleg på 1990-talet syner tydeleg misnøya mange følte:

«I have lived for 52 years, but I know of no sort of sex or perversions. I do not understand the word 'heterosexual' or 'homosexual'. But today's youth probably knows. They gather in basements and pursue it, and narcotics and alcoholism too!
One must raise young people in a normal spirit, so that they can create a good, strong, and orderly family and correctly raise their children, and not think about sex. Not *ever* think about it!
I hold in contempt all this, these prostitutes, drug addicts, alcoholics, homosexuals, and heterosexuals!»
(siterd i Goldschmidt 1999:325).

Eg vil seinare koma inn på korleis denne misnøya for nokre vart ytterlegare forsterka då internett gjorde sitt inntog i det russiske samfunnet, sjølv om dei fleste på det tidspunktet rett nok hadde fått med seg kva både homo- og heteroseksualitet gjekk ut på.

2.8 Seksualisering og pornografisering av samfunnet

Seksualiseringa av det russiske samfunnet har også brakt med seg ei pornografisering, og desse to er i Russland som dei fleste andre stader så å seie uskiljelege, og det er ikkje alltid lett å vita om ein har med det eine eller andre å gjera. Imidlertid kan det meste av kva som til no er skildra seiast å falle innanfor kategorien seksualisering. Ein fekk etablert ein seksuell diskurs, problemstillinger og spørsmål av seksuell art fekk sin plass i ålmenta, ein fekk forbetra seksualopplysning og vart i større grad enn tidlegare tillaten å vera oppteken av og medviten sin eigen seksualitet, mellom anna ved at det kom eigne tv-program og blad som tok opp slike tema. Hand i hand med dette kom også element som i større grad let seg assosiere direkte med pornografi, slik som lettkledde damer brukt i reklame. Ein kan sjå på pornografisering som den forflata fylgjesvenen til seksualiseringa, ettersom pornografien i liten grad tek opp tema som kjærleik, romantikk eller ulike formar for problem (Mühleisen 2006:271). Pornografien skal pirre, ikkje opplyse. Wencke Mühleisen presiserer at det er eit poeng i å skilje seksualisering og pornografisering frå kvarandre, trass i at dei gjerne framstår som to sider av same sak. Der ein finn skilet mellom dei to finn ein også den allmenne grensa for det anstendige. Pornografien er nemleg med på å tøye dei seksuelle grensene i samfunnet og definere kva som er akseptert, nettopp ved sjølv ikkje å vera eit legitimt uttrykk i ålmenta.

Likevel kan ein seie at den russiske ålmenta har mange pornografiserde element, som altså berre spelar på å vera pirrande og uanstendige, ikkje på å framstå med særleg grad av seriøsitet. Eit interessant moment er dessutan at ein i Russland fekk pornografi og pornografisering på same tid, i motsetnad til korleis ein til dømes i Vesten fyrst har hatt pornografi og deretter fått ei gradvis pornografisering.

Ein framståande offentleg person som kan seiast å ha vore aktiv i seksualiseringa, men ikkje minst i pornografiseringa av Russland er Vladimir Zjirinovskij, grunnleggjaren av og leiaren for *Russland liberaldemokratiske parti*. Han er sær liberal i seksualitetsspørsmål, i tillegg til at han gjerne nyttar seksuelle metaforar i politikken, slik som når han før valet i 1993 sa at «[p]olitical impotence is finished! Today is the beginning of an orgasm. The whole nation, I promise you, will have an orgasm next year!» (sitat i Borenstein 2008:43). Han har også tilbydd seg personleg å gjera alle einsame og bornause kvinner i Russland gravide, og då Clinton-Lewinsky-affæra sirkulerde i russiske media, uttalde han at om Clinton måtte gå, så ville iallfall Zjirinovskij kunne møte han oftare, slik at dei to kunne utveksle seksuelle erfaringar. Zjirinovskij parti er trass i namnet sær nasjonalistisk, dei vert stadig omtala som ultranasjonalistar, og for å syne kor reine dei sjølve var i forhold til dei andre partia, lagde Zjirinovskij før valdagen 16. juni 1996 ei samanlikning av partiet og ei jomfru kledd i kvitt: «Forty million men will desert all those prostitutes and rush after the virgin LDPR. Let's have group sex on June 16!» (sitat i Borenstein 2008:42). Det skal seiast om Zjirinovskij at han av mange, særleg i Vesten, til ein viss grad vert sett på som ein offentleg bajas, og det er ikkje berre på den seksuelle fronten han lagar oppstyr. Likevel er han ein framståande og populær politikar som framleis opptrer i media og har ein viss påverknad. Zjirinovskij popularitet har faktisk vore så overraskande på mange, også i Russland, at det mellom anna har vorte argumentert med at heile fenomenet Zjirinovskij er eit KGB-eksperiment ute av kontroll (Borenstein 1999:454). I alle høve har dei tidvis oppsiktsvekkjande uttalingane hans kring seksuelle emne på ingen måte passert utan å påverke diskursen om kva som er gangbart og ikkje blant russiske folk og media (Borenstein 2008:43).

Det er også verd å nemne ei nyare politisk hending som seier mykje om kva slags haldningar overfor seksualitet som finst i Russland, og som etter mi erfaring heller ikkje er vidare uvanlege. I 2006 vart den israelske presidenten Moshe Katsav sikta for ei rekkje seksuelle overgrep og valdtekter, noko som skapte furore både i Israel og i det internasjonale politiske miljøet. Midt i dette oppstyret kom Israels statsminister Ehud Olmert til Moskva for å møte dåverande president Vladimir Putin. Under ein felles pressekonferanse sa Putin, i den tru at mikrofonane var slått av, det fylgjande utsegnet til Olmert: «[Katsav] har vist seg som en temmelig mektig mann. Han voldtok ti kvinner. Det hadde jeg aldri ventet av ham. Han har overrasket oss alle. Vi misunner ham» (sitat frå Stenersen 2006). Uttalinga skal ha førd til latter både blant russiske og israelske diplomatar, og den israelske statsministaren skal ha svart at «[j]eg ville ikke ha misunnet ham om jeg var deg» (sitat same stad). No var det frå Putin si side ikkje meininga at pressa skulle høyrde samtala, men ein kan jo like fullt stille spørjeteikn ved om slike uttalingar høyrer heime i internasjonal politikk. Mest av alt seier hendinga noko om kva slags kvinne- og seksualitetssyn som er gangbare i den russiske ålmenta, og kva for tema ein tykkjer det er akseptert å gå inn på i Russland i dag, sjølv i storpolitiske samanhengar.

2.9 Homoseksualitet i Russland

Som tidlegare nemnd vart mannleg homofili legaliserd etter bolsjevikane si maktøvertaking, og fenomenet er ikkje nemnd i straffelovene frå 1922 og 1926. Dette tyder ikkje nødvendigvis at ein var liberal overfor homofili. Også i perioden med fri kjærleik og seksuell frigjering såg ein på homofili som noko gale, men bolsjevikane var klare på at dei ikkje anerkjende såkalla «crimes against morality», og at homofile ikkje skulle verta straffa for noko dei sjølv ikkje kunne rå over. Ein såg homoseksualitet som ein sjukdom i større grad enn noko kriminelt, og ein prøvde mellom anna å kurere homofile ved å transplantere inn testiklar frå heteroseksuelle (Kon 1993:91). I tillegg er det verd å nemne at det var Kadettpartiet og anarkistane som stod i bresjen for å få legaliserd homofili etter revolusjonen, medan dette ikkje var ei viktig sak for bolsjevikane. Likevel var styresmaktene og samfunnet på denne tida langt opnare for homofile enn kva dei hadde vore tidlegare og kva dei seinare skulle verta. Mellom anna fanst

det ei rekkje opne homofile i den sovjetiske ålmenta på 1920-talet, slik som den kjende filmskaparen Sergej Eisenstein og utanrikskommisær Georgij Tsjitsjerin. I 1934 vart homofili (eller «muzjeložstvo»), menn som ligg med kvarandre) rekriminaliserd under Stalin i artikkel 121 i den sovjetiske straffelova, med ei strafferamme på opptil 5 års fengsel, 8 år om det var maktbruk involverd (same stad). Dette var nesten like streng, i nokre tilfelle til og med strengare straff enn kva ein hadde hatt i tsar-Russland sidan siste halvdel av 1800-talet (same stad:90). Ein meinte at medan homofili fram til dette punktet hadde vore noko som hang att frå den borgarlege og dekadente førrevolusjonære stilen, burde denne samfunnsjukdommen no vera kurerd, ettersom samfunnet i seg sjølv kunne seiast å vera friskmeldt (Kon 1995:72). I *Det store sovjetiske leksikon* frå 1952 finst ei analyse som syner dette: «H[omosexuality] is practically unpunished by law in bourgeois countries, where it represents an expression of the moral degradation of the ruling classes» (sitat same stad). Forfattaren Maksim Gorkij, som på 1920-talet ytra seg positivt til at samfunnet vart opnare overfor homofile, fulgde i 1934 opp tidsanda og uttalde «Bekjemp homoseksualiteten, og fascismen vil verta borte» (Essig 1999:5). Med slike tydelege ytringar frå viktige personar var den offisielle meininga fastlagt: Homoeksualitet var ein sjukdom forårsaka av eit sjukt samfunn, og i eit friskt samfunn som Sovjetunionen var homoseksualitet ikkje noko anna enn ein perversjon som, med mindre det var mental forstyrning inne i biletet, laut slåast hardt ned på (Kon 1995:72). Så seint som i 1987 vart 831 russiske menn dømde under artikkel 121, og det kom nye dommar heilt fram til lovverket vart oppheva 1993. Likevel var styresmaktene selektive i desse dommane, og medan sovjetlojale homofile fekk leva uforstyrra, vart artikkel 121 ved fleire høve nytta for å fengsle ikkje-homofile dissidentar og liknande (Kon 1993:92-93). Ved å hamne i fengsel eller arbeidsleir på grunn av artikkel 121 var sjansane ekstra store for å få hard handsaming av medfangar. Ein tidlegare artikkel 121-fange kan mellom anna fortelja dette om endeliktet til ein medfange: «I will always remember how they raped him, all of them, the entire barracks, even after he was dead, even after there was so much blood» (Essig 1999:9).

Mannleg homoseksualitet vart som nemnd relegaliserd fyrst i 1993, og haldningane overfor homofile er framleis langt mindre liberale i Russland enn kva dei er i Vesten. Gjennom heile sovjetperioden vart det forska mykje for å finne ut korleis homoseksualitet oppstår hjå dei

som vert ramma, samt eksperimenterd med ei rekkje ulike kurar mot homofili, både psykoterapi, sjokkterapi, medisinerer, reorientering med meir (Essig 1999:31) Den nye opne tida kom derfor brått på for mange, til dømes AIDS-spesialisten frå Moskva som i 1990 kom med denne uttalinga til eit sjokkerd publikum under ei sovjet-amerikansk kvinnesamling i New York: «I didn't even know there was such a thing as lesbianism in our country and when I found out I was so shocked. After all, there has been a cure for that for some time. There's no need to suffer when we can cure such things with an operation» (sitat same stad:28). Ein ting er kva vitskapen meinte om homoseksualitet, ein annan er kva folkeopinionen meinte. I 1989, altså medan ein stadig hadde lovverk mot homofili, vart det gjennomført ei spørjeundersøking vedrørande russarar sine haldningar til homofile, og denne synte at 33% av dei spurde meinte homofile burde skytast, 30% meinte homofile burde fengslast, 30% meinte homofile burde tvingast til medisinsk handsaming, medan om lag 6% meinte ein ikkje trong setja i verk tiltak mot homofile (Riordan 1993:8). Desse haldningane har sjølv sagt endra seg mykje på 20 år, men det er framleis ein lang veg å gå, og homofile kjempar stadig ein hard kamp i Russland, med stor fare å verta valdsoffer. Eit vanleg russisk kallenamn på homofile er ordet «pido/pidor», som kjem frå ordet «pederast», altså ein mann som har sex med unge gutar (Essig 1999:19). Denne nemninga bitt homofili tydeleg saman med pedofili, og bidreg dermed til å stigmatisere homofile som perverse og uføreseielege. Det er verdt å merke seg at på same tid som homofil praksis vart legaliserd i 1993, vart strafferamma for homoseksuell valdtekt sett høgare enn strafferamma for den heteroseksuelle varianten (Riordan 1993:8). Å valda nokon av same kjønn var eit grøvre brotsverk enn å valda nokon av motsett kjønn, same kva for seksuelle preferanser dei involderde måtte ha. For fyrste gong vart kvinneleg homoseksualitet innlemma i russisk lovverk, då under denne artikkelen vedrørande valdtekt: «[G]ay male sex, lesbianism and the gratification of sexual lust in other perverted forms (...)». I dag er strafferamma den same for valdtekt uavhengig av seksuell orientering, men heteroseksuell og homoseksuell valdtekt har framleis kvar sin artikkel i straffelova, artikkel 131 og 132.

3 Pornografien sin plass og rolle i Russland

3.1 Lovverk vedrørende pornografi

For at Sovjetunionen skulle få vera med i Folkeforbundet på midten av 1930-talet, vart det kravd at dei måtte ha eit lovverk mot pornografi. Dette lovverket vart utvikla i 1936, og vart kjend som artikkel 228 i straffelova, men er no endra til artikkel 242, noko eg seinare vil koma attende til. Det mest påfallande med dette lovverket er at det inneheld sær slege definisjonar om kva som er pornografi. Den fylgjande definisjonen vart lagt til straffelova i 1960, og er framleis gjeldande: Pornografi er verk som har «rudely naturalistic, obscene, cynical (*tsinichno*[!]) portrayals of sexual life that attempt as their goal the unhealthy stimulation of sexual feelings» (siterd i Goldschmidt 1999:325-326). For at ei skildring er pornografisk skal ho altså vera grovt naturalistisk og kynisk, samt stimulere seksuelle kjensler på ein sjukeleg eller uhelsemessig måte. Goldschmidt peiker på at dette siste momentet tilseier at ein også kan stimulere dei seksuelle kjenslene på ein måte som ikkje er sjukeleg eller uhelsemessig, og at det antakeleg er den ekteskapelege seksualiteten det då er tenkt på. Dette kan i så fall kan karakteriserast som moralsk helse heller enn fysisk. Det viktigaste ved lova er likevel at ho ikkje forbaud å ha eller å lage pornografi, men å distribuere det, noko som kan minne om den norske lovgjevinga. 1. januar 1997 vart imidlertid lovverket endra, då den russiske straffelova for fyrste gong sidan 1961 hadde vorte totalrevidert, og den nye artikkel 242 slår fast at illegal produksjon og distribusjon av pornografisk materiale ikkje er lov (same stad:335). At noko illegalt er ulovleg kjem neppe som eit sjokk på den observante lesar, men i alle høve vil denne endringa av lovverket seie at produksjon og distribusjon av normalpornografi, samt å eige og bruke det er lovleg i Russland, same kor uhelsemessig seksuell glede det måtte gje. Dei tidlegare definisjonane for pornografi er imidlertid framleis gjeldande, og kan verta nytta i anklager om illegal distribusjon.

3.2 Handheving av lovverk – ekspertkomitear

Det vert i det russiske rettssystemet oppfordra til bruk av ekspertkomitear for å koma med kyndige innspel til rettssaker. Også i pornografirelaterde saker har ein nytta slike komitear,

som ut frå definisjonane tilknytta den tidlegare artikkel 228 og den noverande artikkel 242 skal fastslå i kva grad det aktuelle verket har pornografisk innhald eller ikkje. Det er like fullt opp til domstolen å dømme, men han vil som oftast nytte ekspertkomiteen si uttaling om innhaldet som bakgrunn for kor vidt dei tiltalde har gjort seg skuldige i brotsverk (Goldschmidt 1999:326). Dei som har sitte i denne komiteen er i hovudsak film- og kunstvitarar, som ser etter ei rekkje pornografiske kjenneteikn, til dømes om ein ser nakne kjønnsorgan, om bidragsytarane har typiske pornografiske pseudonym og kor vidt innhaldet har kunstnarisk tilsnitt eller ikkje (Goldschmidt 1999:327). Det går likevel an å stille spørjeteikn ved graden av objektivitet, særleg når ein les standardintroduksjonen til studiar frå komiteen, kor ein mellom anna finn fylgjande utsegn av heller normativ art: «(...) [S]exual life is expedient only under conditions of mutual love and marriage» (sitat same stad:328). Like fullt har denne komiteen i stor grad late vera å finne pornografisk innhald, og i tida etter 1997, då artikkel 228 vart endra til 242, har komiteen hatt langt mindre å gjera, og dessutan fått langt mindre innflyting, ettersom distribusjon no skal vera det einaste strafferetten bryr seg med når det gjeld pornografi.

3.3 Framveksten av russiske pornoblad

I slutten av perestrojkaen og starten av det nye Russland vart det skipa ei rekkje pornografiske blad, mellom anna *Andrej*, *Mister X*, *Miss X*, *Strip*, *Iskusjenije* («Freisting»), *Makhaon* («Svalestjert») *Bulvar krutoj erotiki* (tyder om lag «Bulevarden av hardcore erotikk») og *Jesjtsjo* (tyder «Framleis» eller «Meir»). Desse pornografiske blada kan i hovudsak delast inn i to grupper: På den ein sida har ein dei som spelar på nasjonalisme og den russiske macho-mannen, på den andre sida står dei meir liberale og opne, som i mindre grad er avgrensa i kjønn, nasjonal og seksuell orientering. Eg vil ta for meg den fyrste gruppa fyrst.

Andrej vart fort det største russiske pornobladet, med sitt fokus retta mot den russiske heteroseksuelle mannen. Dette bladet var eitt av dei aller fyrste pornoblada i Russland, men med sin forseggjorte produksjon vart det for dyrt for russiske forbrukarar, og eksporten greidde heller ikkje halde bladet på føtene, noko som førde til at bladet vart lagt ned.

Utgjevarane byrja så å lage pornofilmar og halde sexshow, men bladet kom særst sterkt attende i 1995, og etter dette vart suksessen langt større (Goldschmidt 1999:323). *Andrej* baud og byr framleis på eit univers utelukkande for menn, russiske og nasjonalistiske menn. Namnet spelar også på dette, det vanlege russiske namnet *Andrej* kjem frå gresk og tyder nettopp «mannleg» (Borenstein 2008:60), og undertittelen til bladet har vore «eit russisk magasin for menn». I tillegg til å ha ei spesifikk målgruppe, definerde og definerer *Andrej* publikummet sitt ved å syne sitt ideal av den russiske mannen. Ikkje berre henvender *Andrej* seg til den russiske machomannen, dei gjer også den russiske mannen meir macho. *Andrej* har vore vesentleg i å lage diskursen om den russiske mannsrollekrisa, om den degraderde russiske mannen, og har dessutan tilbudd eit alternativ og oppmuntra russiske menn til korleis dei kan få statusen sin attende. På same tid la dei vekt på at dei hylla kvinna, ikkje undertrykte ho. Borenstein siterer dette frå *Andrej* nr 7 1994:

«*Andrei* puts our woman on a pedestal of admiration; unlike invader magazines, of which there are more and more in the kiosks, it does not present her in an unflattering and biased fashion next to foreign women in order that the 'house' model be MORE sexual and feminine. The invader's task is simple: to prove that everything Western is better, more expensive, stronger—and also turn our women into a cheap export that is ready for anything» (sitat i Borenstein 2008:65-66).

Eit anna blad som sjølv om det var mindre omfangsrikt og utan like stor innflyting som *Andrej* likevel vinkla seg mot same type publikum, var bladet *Makhaon*. *Makhaon* baud ifylgje seg sjølv på «ei manneverd». I motsetnad til *Andrej* var *Makhaon* konsekvent negativt innstilt til Vesten, og også til dei nye russiske leiarane. Dei la vekt på å vera eit blad som skulle stadfeste den russiske maskuliniteten, noko dei mellom anna gjorde ved å stadig trykke tekstar om og bilete av masochistiske damar som fekk si meir eller mindre rettmessige straff av middelaldrande menn med kulemage (Borenstein 2008:63). I 1995 kom enda eit blad i denne kategorien kanskje noko overraskande inn frå sidelina, då *Playboy* vart lansert i Russland. Trass i at *Playboy* var eit amerikansk blad, spela den russiske utgåva sterkt på russiske nasjonalistiske strengar. Dei skreiv mellom anna seg sjølve inn i sovjetisk historie ved å lage intervju med tidlegare medlemmar av nomenklaturaen og andre viktige personar frå sovjetsamfunnet som fortalde om korleis dei alltid hadde smugla med seg eit *Playboy* heim til Sovjetunionen når dei hadde vore ute på forretningsreiser i utlandet. *Playboy* la

dessutan vekt på å ha vorte skipa i 1953, same året som Stalin døydde: «Tyrannen er daud, lenge leve PLAYBOY!» (same stad:62). Playboy greidde altså, trass i at den russiske utgåva ikkje skilde seg nemneverdig frå den amerikanske, å få eit russisk stempel, og gjekk på den eine sida inn i rekkja av pornoblad for den russiske, tidlegare sovjetiske, heteroseksuelle mannen saman med *Andrej, Makhaon* og andre. På den andre sida søkte *Playboy* å ta med seg sin vestlege arv å syne det beste frå både Vesten og Russland. Dette gjorde dei mellom anna ved å hente inn amerikanske pornomodellar til Russland og plassere dei i russisk samanheng, til dømes kle dei opp i kostymer til sovjetiske superheltar og plassere dei på ein rakett-utskytingsstasjon for det russiske/sovjetiske romprogrammet. *Playboy* har på denne måten greidd å halde på nasjonalkjensla, på same tid som dei ikkje har stengt seg ute frå omverda eller heva seg over ho.

Blant pornoblada som ikkje vinkla seg spesielt inn mot den russiske machoen, finn ein mellom andre *Jesjtsjo*, som eg vil gå nøye inn på seinare, og dei tre systerpublikasjonane *Mister X*, *Miss X* og *EksPress*, samt *Iskusjenije* og *Bulvar krutoj erotiki*. Desse blada var langt meir inkluderande, men ikkje nødvendigvis mildare i innhald (Borenstein 2008:60). Til dømes hadde nummer 8 i 1993 av *Miss X* (med undertittelen «ein erotisk presang for den single kvinna») bilete av ei kvinne som urinerde i munnen på ein fastbunden mann (Goldschmidt 1999:328). Dette var altså slett ikkje letteten erotikk, og det ville neppe ha kome på trykk i til dømes *Andrej*. Alle dei tre X-ane, *Miss X*, *Mister X* og *EksPress* baud på til dømes bondage både i biletsform og i innsende bidrag frå lesarar. Desse publikasjonane var i langt større grad enn manneblada frigjorte frå nokon ståstad og agenda.

3.4 Pornografi i rettssystemet

I tida etter Sovjetunionen har det russiske rettsvesenet måtte ta seg av ei handfull saker som vedgår pornografi. Eg vil her leggje særleg vekt på to. Den fyrste av desse handla om det pornografiske bladet *Jesjtsjo*, eit russiskspråkleg pornografisk blad som vart gjeve ut i Latvia og også distribuert i Russland. Den andre saka var rettssaka mot den kontroversielle forfattaren Vladimir Sorokin. Eg vil fyrst ta for meg *Jesjtsjo*.

3.4.1 Pornobladet *Jesjtsjo*

Jesjtsjo var ikkje det fyrste pornobladet i Russland, heller ikkje det grovaste, likevel er det framleis det einaste dømet på russiske styresmakter har prøvd å stoppe visuell pornografi. *Jesjtsjo* var latvisk og vart lagd i to utgåver: Ei for den latviske marknaden, kor ein ikkje hadde noko avgrensande lovverk, og ei utgåve for Russland, tilpassa artikkel 228, som omhandla pornografisk materiale fram til 1997. Då prosessen mot *Jesjtsjo* sette i gang, fanst det allereie eit titals hardpornografiske blad, magasin og aviser, og fleire av desse var langt saftigare kost enn kva *Jesjtsjo* var. Likevel hamna berre *Jesjtsjo* i trøbbel. 6. oktober 1993 vart utgjevaren av *Jesjtsjo*, Aleksej Kostin, arresterd for brot på artikkel 228, men han fekk gå fri tre dagar seinare. Påtalemakta byrja då å samle bevismateriale mot Kostin og *Jesjtsjo*, og Kostin vart på nytt arresterd 4. februar 1994. Denne gongen gjekk saka fram og attende i meir enn eit år, men det endte aldri i noko rettssak. Kostin sat like fullt arresterd under heile prosessen, i strid med russisk lovgjeving (Borenstein 2008:71). Eigentleg skulle ikkje Kostin ha vorte arresterd i fyrste omgang, ettersom han som utgjevar ikkje stod ansvarleg for innhaldet, det var det redaktøren som gjorde. Problemet for den russiske påtalemakta var i så måte at redaktør Aleksander Linderman heldt til i Riga, og han nekta å koma til Moskva for å la seg arrestere. Den urimelege og ulovlege handsaminga av utgjevar Kostin kan dermed mest sannsynleg sjåast på eit pressmiddel for å tvinge Linderman til Moskva. Han kom imidlertid ikkje, og som nemnd vart det heller aldri noko rettssak (Goldschmidt 1999:328).

Jesjtsjo kan verke som ein pussig publikasjon å skulle føre hekseprosess mot. Rett nok skilde *Jesjtsjo* seg skarpt frå dei russiske manneblada, slik som *Andrej*, som i stor grad spela på nasjonalistiske og maskuline strengar, men det fanst også fleire andre blad som *Jesjtsjo*, som også retta seg mot eit publikum udefinert av kjønn, nasjonalitet og seksuell orientering. Likevel hadde *Jesjtsjo* ein sær eigen satirisk innfallsvinkel, og ein av *Jesjtsjos* forsvararar skildra bladet som «eit postmoderne fenomen» (Borenstein 2008:38)². Der blad som *Andrej* la vekt på den post-sovjetiske mannsrolla og liknande, var dette tema som i *Jesjtsjo* vart tekne

² Det skal her presiserast at uttrykket postmoderne i det post-sovjetiske Russland ikkje alltid samrår med korleis ein nyttar dette uttrykket i Noreg. Postmoderne seier i Russland ofte like mykje om opphavspersonen si haldning til kunst og kultur som det seier om sjølve det kunstnariske produktet. Altså reflekterer det i like stor grad kunstyret som sjølve kunsten (Borenstein 2008:71).

opp i satira. Prosessen mot *Jesjtsjo* var del av eit større program som sette i gang etter at Boris Jeltsins regjering brukte militærmakt for å fjerne opposisjonen frå den lovgjevande forsamlinga i oktober 1993. I etterkant av denne hendinga vart fleire publikasjonar skulda for å agitere for fascisme og dermed lagt ned. Imidlertid påstod ein aldri at *Jesjtsjo* var eit fascistisk talsorgan, ein hadde denne grunngevinga:

«As concerns the newspaper *Eshche*, which was in no way involved in the violence in early October, it was openly seeking to deprive its readers of any moral footing. Activity of this kind and calls for the destruction of any morals and morality are deemed to be no less dangerous for society than the calls for restoring the Communist Party of the Soviet Union.

Agressively amorality with its degrading influence is no less a danger to society than fascism, and we intend to carry on a consistent and tough struggle against it» (Itar-Tass, 14. oktober 1993, sitert i Borenstein 2008:71).

Medan blad som *Andrej* la vekt på og stadfesta ei rekkje grenser, til dømes nasjonalitet og seksuell orientering, søkte *Jesjtsjo* å opne opp grensene, sleppe alle inn. Dei braut såleis med det nasjonale, og brydde seg ikkje med russiske tradisjonar. At *Jesjtsjo* kom frå det nyleg uavhengige Latvia stadfesta denne grenseløysa, og gjorde i tillegg neppe saka betre for russiske myndigheiter. Likevel la ekspertkomiteen som tok for seg *Jesjtsjo*-saka vekt på andre og langt meir interessante sider ved bladet. Det som gjorde at nettopp *Jesjtsjo* var verre enn dei andre pornografiske publikasjonane var at ein i *Jesjtsjo* fann ein distinkt «cleverness and subtleness» (siterd i Goldschmidt 1999:329). Vidare var ein bekymra over det kulturelle nivået i bladet. *Jesjtsjo* var, slik ekspertkomiteen såg det, ikkje eit simpelt lågkulturelt pornoblad som *Mister X*, men ein nytta pornografiske bilete til ekte kunstnariske tekstar. Ein fann satire som var på eit heilt anna politisk nivå enn kva ein forventa i eit pornoblad. *Jesjtsjo* sitt brotsverk var at det var for intelligent, det overgjekk den aksepterte lågkulturelle standarden, fylgjeleg var det skummelt å ha på marknaden, ein visste ikkje kva for påverknadskraft det kunne ha. Goldschmidt peiker på absurditeten i dette, og seier at ein ut frå denne tankegangen kunne ha gått til sak mot *Playboy* på bakgrunn av at teksten i bladet berre skal lokke ein til å sjå på midtsidepika, medan ei handbok i mishandling av born ville ha gått fri så lenge forfatarane var opne om kva slags bok det var prat om (Goldschmidt 1999:330). Likevel var dette ifylgje Borenstein typisk for tankegangen i tida etter Sovjet. Sjølv om ein kulturkonservativ nedverdiga seg sjølv ved å lesa eit pornoblad, fekk vedkomande like fullt

stadfesta verdsbiletet sitt når bladet synte seg å leva opp til forventningane (Borenstein 2008:73). I det eit pornoblad byrja å imponere kunne ein derimot ikkje vita kva som kunne skje.

3.4.2 Forfattaren Vladimir Sorokin og romanen *Blått fett*

Om *Jesjtsjo* tilsynelatande var eit pussig offer i den rike floraen av russiske hardpornografiske publikasjonar på 1990-talet, så er det andre tilfellet av pornografitilfalle i det nye Russland enda meir overraskande. Her vedkjenner ikkje opphavsmannen sjølv at det er prat om pornografi, i motsetnad til i *Jesjtsjo*-saka, som jo faktisk omhandla ein pornografisk publikasjon. Forfattaren Vladimir Sorokin oppnådde med sin roman *Blått fett* («Goluboje salo») frå 1999 både å verta anmeldt av den Kreml-lojale ungdomsgrupperinga *Idusjtsjije vmeste* (tyder om lag «Vandrande saman») i 2002 og som fylgje av dette verta eit heitt samtaletema i Statsdumaen (Borenstein 2008:73). Sorokin er ein forfattar som har vore kontroversiell heile karrieren sin, og sjølv om han gav ut debutromanen *Køen* («Otsjered») i Frankrike i 1985, fekk han ikkje publiserd noko i heimlandet før ei av novellene hans kom med i ei lite påkosta novellesamling i 1992. Det seier noko om Sorokins språklege stil at denne novellesamlinga faktisk vart forsinka av at trykkeriarbeidarane nekta å gjera arbeidet sitt når det var så mange tabuord i manuskriptet (Mohr 2004:78-79). Sorokin er altså kontroversiell, men kan likevel neppe seiast å vera ein pornograf. I tillegg til romanar har han også skrive ei rekkje skodespel og fleire filmmanus. Det dei har til felles, utanom grovt språk og tidvis valdsame skildringar, er at dei ikkje er lett tilgjengelege. Sorokin er ingen bestseljande forfattar, sjølv om salstalet for *Blått fett* rett nok har vorte høgt. Han er ein avantgarde-forfattar som ikkje skriv for massene, men for spesielt interesserte. *Blått fett* er ei intrikat historie om ein forskingsstasjon som i år 2068 ved hjelp av meir og mindre dårlege klonar av kjende russiske forfattarar produserer blått feitt. Imidlertid vert fabrikkjen rana av ei bande «jordknallarar», som så via andre sender feittet attende til året 1954, kor ei rekkje framstående bolsjevikar (mellom anna Stalin, sjølv om han døydde i 1953) prøver å sprøyte feittet inn i kroppen på ein slik måte at dei kan koma til Paradis (same stad:86-87). I tillegg til at historia bryt noko med vanleg dramaturgi, vert det eksperimenterd ein heil del med språket,

mellom anna vert det nytta mykje kinesisk i tillegg til ein heil del oppdikta ord. Grunnlaget for søksmålet mot Sorokin er ei enkelt scene kor Stalin og Khrusjtsjov har sex med kvarandre, altså ein særst liten del av ein vanskeleg tilgjengeleg roman. Som Borenstein seier: «(...) [O]ne suspects that if Stalin's anus had been as impenetrable as Sorokin's prose, the author probably would not have been threatened with criminal charges» (Borenstein 2008:52). Tiltala mot Sorokin fall frå 24. april 2003 etter at ein ekspertkomité hadde gått gjennom romanen og ikkje funne noko kriminelt forhold.

Det er nokre moment som er verd å nemne i samband med det rettslege i denne saka. Det eine er at anklagene mot Sorokin kom fleire år etter at artikkel 242 hadde teke over for artikkel 228 i straffeloven. Om *Blått fett* skulle ha vorte funne pornografisk og det var problemar vedrørande kor vidt distribusjonen av boka var lovleg, ville dette i alle høve ikkje ha noko med forfattern å gjera. Vladimir Sorokin vart anmeldt på bakgrunn av eit lovverk som ikkje lenger fanst, fylgjeleg er det heller forståeleg at ekspertkomiteen ikkje fann noko kriminelt forhold. Eit anna moment som er verd å merke seg er *Idusjtsjije vmeste* sin kjennskap til eiga samtid. Mellom anna var dette eitt av krava i ein anti-Sorokin-demonstrasjon i 2002: «We would like Sorokin's books in (the) future to be recognized as containing pornography and sold only in plastic covers, like pornographic magazines, in special establishments» (sitat i Borenstein 2008:75). På same måte som anna pornografi skulle altså Sorokoin's bøker verta seld i spesialbutikkar og vera dekte av plastikkomslag. Om *Idusjtsjije vmeste* var uvitande om samfunnet rundt seg, eller om dei prøvde å manipulere samtida si er uvisst, men i 2002 trong ein på ingen måte gå til nokon spesialbutikk for å få kjøpt pornografi i Russland. Det fanst så å seie overalt i lag med andre filmar og publikasjonar. Noko plastomslag rundt pornografien var det derimot langt mindre av, salet føregjekk heller openlyst. Antakeleg skulle *Idusjtsjije vmeste* ynskje at ein både måtte oppsøkje ein spesialbutikk og glytte bak plastomslag for å få tilgang til pornografi, men det er stadig skilnad på draumar og røynd.

Kvifor var det så viktig å få has på denne forfattern, som trass alt når ut til eit heller marginalt publikum? Noko av svaret ligg antakeleg der ein fann i det i *Jesjtsjo*-saka. Romanen ligg på eit anna kulturelt nivå enn pornografien, og ein reknar ikkje med å finne

slike skildringar i ein roman. At Sorokin er ein kontroversiell figur som bryt med tradisjonar og den såkalla gode moral er antakeleg også eit sær s viktig moment. Dessutan er den russiske litterære tradisjonen eit viktig stikkord. Ein har i Russland vore van med at forfattaren har ei rolle i samfunnsbyggjinga, at litteraturen tek opp spørsmål om moral og syner publikum vegen å gå. I den post-sovjetiske kunsten har stadig fleire teke avstand frå dette moralske ansvaret, og nokre av desse, mellom andre Sorokin, vert skulda for å bryte ned samfunnet framfor å byggje det opp. Leiaren i *Idusjtsjije vmeste* har mellom anna sagt dette om *Blått fett*: «In Russia, literature has always given people answers they can't find in everyday life. When a young person is just discovering literature and reads Sorokin's vulgarity, it's like showing them a porno film. After Sorokin, they'll think Chekhov is boring and uninteresting» (siterd i Borenstein 2008:75). Den russisk-amerikanske komikaren Gary Shteyngart har noko meir humoristisk peikt på at Sorokin rett og slett gjorde ein enkelt feil: «(...) [P]erhaps the biggest offense to nostalgic nationalists is that Stalin is a Bottom rather than a Top» (siterd same stad:74).

3.4.3 Pornografi i rettssystemet – kva korrumperer

Eit sær interessant moment ved dei russiske pornografitiltalene er at det nettopp ikkje er pornografien som har vorte ramma. Russiske produsentar og distributørar av pornografi, både når det gjeld tekstar, bilete og film, har gått og går framleis fri. Dei vert ikkje sett på som noko problem. Ein veit kvar ein har dei, ein kjenner til verksemda og kjem ikkje fram til at pornoindustrien bryt pornografilovgjevinga. Heller ikkje i tilfellet med *Jesjtsjo* var det sjølve pornografien som var problemet. Det var det at tekstane i bladet heldt for høgt nivå kulturelt. Satira var for intelligent, tekstane for kunstnariske. Dei pornografiske skildringane vert knapt nemnde i grunngevinga for å leggje bladet daudt. Ein nyttar stempelet pornografi for å nedverdige og sensurere noko som ikkje er pornografi, kanskje for å ufarleggjera det. Likevel vart både *Jesjtsjo* og *Blått fett* langt farlegare og meir interessant for publikum når innhaldet var av slik art at ein ynskte å få det rettsleg dømt. Brotsverket ser ut til å finne stad i det ein blandar ulike kulturnivå, i tilfellet *Jesjtsjo* når det lågkulturelle vart for intelligent, og i tilfellet *Blått fett* når det høgkulturelle fekk for sterke lågkulturelle element. Det er lett å stille seg

tvilande til kor vidt sexsekvensen mellom Stalin og Khrusjtsjov har hatt pornografisk funksjon for mange lesarar, det er neppe den mest ereksjonsframbringande lesnaden ein kan finne.

Ein kan finne ein interessant parallell til desse sakene, særleg Sorokin-saka, om ein går attende til siste perioden av tsar-Russland. I 1910 stod også ein russisk kunstnar tiltala for pornografi. Det var biletkunstnaren Natalia Gontsjarova som med sine modernistiske måleri av nakne menneske måtte forsvarast i retten. Om Sorokin treff eit smalt publikum, var Gontsjarova sitt marginalt. Utstillinga som vart anmeldt var open ein kveld og var ei lukka utstilling for medlemmar av *Obsjtsjestvo svobodnoj estetiki* («Samfunnet for fri estetikk») (Sharp 1993:99). Like fullt vart Gontsjarova som Sorokin skulda for å korrumpere dei unge, men ein fekk i forsvaret hennar feid dette bort ved å syne til at det ikkje var nokon unge tilstades. Det lyt presiserast at ikkje heile utstillinga bestod av akt-bilete, men slike bilete var representerte blant andre verk. Også i 1910 fanst det pornografi som gjekk mykje lengre enn dei stiliserde bileta til Gontsjarova. Det fanst dessutan andre modernistiske kunstnarar som måla like uhemma som Gontsjarova. Det var likevel ein vesentleg skilnad mellom Gontsjarova og desse: Ho var kvinne. Gontsjarova var etter det ein veit ikkje med i noko revolusjonær eller feministisk rørsle, sjølv om desse var relativt mange og store på denne tida. Like fullt var ho ein radikal person i seg sjølv, ved at ho som kvinne både underviste i måling og ikkje minst ved at ho måla akt-bilete. Ho fann seg ikkje i å skulle vera «kunstnarinne» («khudoznitsa»), som vart sett på som lettare og meir uskuldige enn mannlege kunstnarar, og ho vart også kritisert for å mangle det feminint lyriske i kunsten sin, ho hadde ifylgje kritikarar ein meir maskulin enn feminin personlegdom og det maskuline auget hennar undertrykte feminiteten (same stad:120-121). I tilfellet Gontsjarova er det tydeleg at fleire element må til for å forklåre den moralske panikken. For det fyrste var ho kvinne, antakeleg den fyrste kvinna som hadde utstilling med akt-bilete i Russland, ho nekta å gå inn i den konforme kategorien «kunstnarinne», men produserte ordentleg kunst i staden for berre å vera eit objekt for han. For det andre blanda ho kulturelle nivå. Av ein kunstnar, og særleg av ei kunstnarinne, forventar ein eit visst høgkulturelt og anstendig nivå, ikkje lefling med seksualitet (det eine biletet heitte til dømes *Fertilitetsguden*). I tillegg skal det nemnast at

rettssaka utanom konkret å omhandle Gonstjarovas utstilling også tok for seg den såkalla generelt dekadente oppførselen til *Obsjtsjestvo svobodnoj estetiki*. Tiltala fall frå, korkje Gontsjarova eller *Obsjtsjestvo svobodnoj estetiki* vart dømde. Imidlertid vart Gontsjarova midtpunktet i ei offentleg skandale på nytt i 1914, denne gongen skulda for blasfemi etter at ho som kvinneleg kunstnar hadde utforma kristne ikon. «[A] woman has no place in the restoration of religious art as a monumental genre of painting in Russia» (frå artikkelen *Futurisme og blasfemi* («Futurizm i kosjtsjunstvo») siterd same stad:122).

Borenstein hevdar ein ut frå rettssakene vedrørande *Jesjtsjo* og *Blått fett* kan sjå at ein i Russland kategoriserer pornografi ut frå innhald og meining, ikkje frå form og funksjon. Som eg også seinare kjem inn på hevdar Borenstein at «[if] the West has to be reminded by scholars that pornography grew out of satire during the European Enlightenment, Russia needs no such encouragement to make the connection between pornography and ideas. In Russia, pornography is an idea» (Borenstein 2008:53). Når ein ser på desse tre rettssakene, kan ein lett gje Borenstein rett i dette. Det er ikkje i kva grad intensjonen bak er å gje ereksjon og seksuell glede som har vore utfallsgjevande for pornografianklager, men det er innhaldet, meininga som vert ytra, i tillegg til opphavspersonen sin status i samfunnet. Slik sett har praksisen i liten grad endra seg frå tsar-Russland via Sovjetunionen til det nye Russland. Det er dei same mekanismene som slår ut. Imidlertid vil eg seie meg noko usamd med Borenstein. Eg trur ikkje desse sakene fyrst og fremst speglar det russiske synet på kva som er pornografi, heller ikkje frå styresmaktene sitt hald. Eg meiner desse sakene i størst grad syner at det å stemple noko som pornografi er ein måte å degradere det på, få bort dei høgkulturelle elementa ein meiner å spore, ein måte å dra det ned i søla på, så å seie.

Det å ta desse sakene til rettssystemet har gjeve mangefasetterde resultat. Bladet *Jesjtsjo* kom seg aldri på føtene att, altså greidde påtalemakta å oppnå det dei ynskte, sjølv om dei ikkje vann noko rettssak. *Jesjtsjo* vart dessutan eit døme for andre pornografiske publikasjonar om at dei bør halde seg trygt innanfor den lågkulturelle sjangeren sin, elles kan ein hamne i trøbbel. Like fullt fortel ettermælet til *Jesjtsjo* om eit blad meir intelligent og framtidsretta enn kva som var vanleg, eit blad for farleg for russiske styresmakter. Det fortel også at det nye

Russland likevel ikkje var fritt for sensur. Hadde *Jesjtsjo* fått leva og halde på uforstyrta, ville det antakeleg knapt ha fått noko ettermæle. Når det gjeld sakene med Gontsjarova og Sorokin er det opplagt at tiltalene har hatt stor pr-verdi. Gontsjarova sine bilete, som berre eit titals personar såg på utstillinga, lever framleis i dag på grunn av tiltala, og også i samtida vart ho langt meir kjend av skriversiene i media om rettssaka enn kva ho tidlegare hadde vore som kunstnar. Sorokins *Blått fett* har høge salstal, ikkje minst på grunn av rettssaka. Imidlertid lyt ein hugse på at pro-Kreml-ungdommen brukte 3 år på å få moralsk panikk av *Blått fett*, og boka selde godt også i denne perioden (Mohr 2004:80), men Sorokin har ikkje vorte mindre kjend og spanande i ålmenta etter at moralpolitiet ynskte han sensurerd. Likevel har påtalemakta til ei viss grad greidd å dra Sorokin ned i søla. Medan rettssaka pågjekk var det påfallande at dei som forsvara Sorokin i media nesten alltid presiserde at dei forsvarte ytringsfridomen og Sorokins rett til å gje ut boka, samstundes som dei passa på å ta avstand frå *Blått fett* og det som står der (Borenstein 2008:75). Trass i dette kunne neppe noko marknadsføringskampanje ha fungerd like godt. Det kan nemnast at Sorokin også i 2005 vart midtpunkt for skandale då dei same Kreml-lojale grupperingane demonstrerte mot Bolsjoj-teatret si oppetjing av operaen *Rosenthals barn*, kor også kloning av kjende kulturhistoriske personar er eit verkemiddel, og Mozart mellom anna forelskar seg i ei prostituerd. Sorokin hadde skrive librettoen, og ikkje uventa meinte aktivistane at det var prat om ein porno-opera, eit stykke som «er for vulgært for den respekterte teaterscenen» (Blindheim 2005). Imidlertid gjekk det denne gongen ikkje lengre enn til demonstrasjonar, og ein fekk mest av alt synt fram at ein stadig ikkje hadde sansen for Sorokin, og at han slett ikkje var gløymt.

3.4.4 Sivilrettslege saker med mindre politisk tyngde

I tillegg til sakene om *Jesjtsjo* og *Blått fett* har det vore to andre rettssaker som har hatt med pornografi å gjera. Den fyrste kom i 1995, då modellen Natalia Patsura gjekk til sak mot *Andrej* etter at dei i lag med nakenbilete av ho hadde trykt eit intervju, kor dei antyda at ho brukte narkotika. Altså hadde for så vidt ikkje saka noko å gjera med det reint pornografiske innhaldet, Patsura hadde kontrakt og det var denne narkotika-antydninga ho ynskte erstatning

for. Det fekk ho også, den største skadeerstatninga i noko sedelegsak i 1995, 35 millionar rublar (på denne tida om lag 7000 amerikanske dollar) (Goldschmidt 1999:330).

Den andre av desse mindre sivilrettslege sakene vedrørande pornografi kom i 1996, då Senter for kjønnsforskning i Sankt Petersburg gjekk til sak mot det russiske *Playboy*, etter at *Playboy* hadde trykt tydeleg seksuelt ladde portrett av mellom andre Jekatarina den store, Sofia Kovalevskaja og andre kjende russiske kvinner. Anklaga frå Senter for kjønnsforskning handla om at måten dette var gjort på ikkje hadde noko med seksualitet å gjera, men at kvinnene vart nytta som symbol på kvinner i historia, ein del av historia *Playboy* ifylgje Senteret for kjønnsforskning tydeleg meinte ein kunne gjera narr av og audmjuke. Det vart kravd 100 millionar rublar i oppreising til den russiske staten som erstatning for moralsk øydelegging. Ettersom ingenting skjedde, saka vart lagt lokk over og ikkje teken opp, overtok Det russiske vitskapsakademiet anklaga i desember 1996, sidan vitskapsakademiet hadde større innflyting og lettare kunne setja makt bak krava. I mai 1997 kom saka opp, men det vart lagt så mange hindringar i vegen at anklagarane sjølve kasta inn handklet. Imidlertid har Senter for kjønnsforskning sin leiar uttala at om det ikkje vart rettsleg siger, så vart det no iallfall slutt på trykking av bileta (Goldschmidt 1999:331).

3.5 Representasjon av pornografi i russiske filmbutikkar

Sjølv om ein i Russland finn butikkar som sel berre sex-artiklar og også eigne pornofilm-butikkar, er det normalt at vanlege film- og musikkbutikkar har ei eiga pornofilm-avdeling, anten i form av eigne hyller for slike filmar eller i form av eit eige rom. I desse butikkane vert det tydeleg at pornografi er eit lågkulturelt fenomen. I dyre film- og musikkbutikkar, til dømes på kjøpesenter eller i meir eksklusive kjeder, finn ein ikkje nødvendigvis pornofilmar, og om dei finst er det gjerne heller få, dyre og godt gøymde produkt. Butikkar som i mindre grad ynskjer å framstå som eksklusive, har som oftast billegare filmar og langt fleire og lettare tilgjengelege pornofilmar, trass i at filmutvalet for øvrig gjerne kan vera om lag det same som i dei meir eksklusive butikkane. Rett nok har dei billegare butikkane gjerne større andel piratversjonar av filmar, men dette er ikkje nødvendigvis ein regel. I dei filmbutikkane som

har eit visst utval av pornofilmar er det interessant å sjå på samansetninga. Medan ein i Noreg som oftast finn hovudsakleg amerikansk representasjon i butikkar som sel pornofilmar, er det overraskande få amerikanske filmar i Russland. USA som opphavsland er absolutt godt representert, men med tanke på at dei er den klårt største produsenten i verda og gjerne set standarden for mange europeiske produsentar, samt at ein på veldig mange andre populær-kulturelle område ser til USA frå Russland, har ikkje amerikanske pornofilmar vidare høg status i russiske pornobutikkar. I tillegg finn ein langt sjeldnare amerikanske storproduksjonar enn ein finn til dømes internettbaserde pornoseriar trykt opp på dvd. Det ein finn mykje av i russiske pornohyller er aust-europeisk pornografi, til dømes russisk og tsjekkisk, samt filmar av den italienske pornolegenda Rocco Siffredi, som har ein heilt spesiell status i den russiske pornografiske sfæra. Rocco Siffredi har spela inn fleire filmar med russiske pornoskodespelarar, og pornoregissør Bob Dzbek, som eg kjem attende til seinare, omtalar Siffredi som «den beste knullaren på planeten» (Dzbek 2007:260). Russlands mest kjende mannlege pornoaktør, Vadim Kuptsov, skryt av at Rocco Siffredi skal ha sagt han er den flinkaste i Russland (Belova 2008). I nokre butikkar som sel pornofilmar finn ein eigne hyller, stativ eller veggar med berre filmar av Rocco Siffredi. Eg kjem seinare attende til kvifor han er ein så viktig figur for den russiske pornofilmen.

3.6 Ved sidan av pornoproduksjonen

Dei russiske aktørane innan pornografi tek del i samfunnet utanom berre produksjonen av materiale for ettertida. Pornoregissør Bob Dzbek skriv i sin biografiske dokumentarroman om korleis han og hans medarbeidarar til dømes vert innleigde til å dele ut prisar (Dzbek 2007:304), i tillegg til stadig å arrangere sexshow med påfylgjande orgiar betalt av russiske oligarkar, som sjølvsgatt også får vera med når showdelen er over. Som Bob Dzbek skriv: «Oligarkar er også folk, dei har sine kompleksar og enkle fantasiar, og når det går for dei er dei gjerne keitete og komiske»³ (Dzbek 2007:70). I tillegg legg Dzbek på ingen måte skjul på at dei faste skodespelarane hans kan leigast for seksuelle tenester. At det er eskortedrift også blant dei mest velståande pornoaktørane vert av han skildra som den naturlegaste sak i verda,

³ Mi omsetjing, den opphavlege setninga er: «Олигархи тоже люди, они имеют свои комплексы и нехитрые фантазии и, бывает, кончают очень неловко и смешно.»

nærast som om han ville ha sjokkerd ved å fortelja det motsette. Elles er Jelena Berkova ein pornoaktør som har vorte mykje nytta av Bob Džjek, i tillegg til at ho er pop-stjerne, realitystjerne og stadig figurerer i media. Ho er dermed ein av personane som gjev russisk pornografi eit andlet i storsamfunnet, noko eg vil seinare koma attende til.



Bindeledd: Jelena Berkova foreinar tsjernukha og popsa gjennom pornografien.



4 Innhaldet i russisk porno

4.1 Pornofilm som sjanger

Pornofilm er ein vid sjanger. Han inkluderer alt frå filmar kor ein enkelt person kler av seg og kanskje tek på seg sjølv framfor eit webkamera, til enorme produksjonar med kjende stjerner, spesialeffektar og budsjett som overgår kva ein norsk spelefilmprodusent kan drøyme om.

Pornoindustrien er på mange måter eit eige samfunn, så i Russland som i Vesten, ein har mellom anna seksuelle ideal som den øvrige verda gjerne betraktar med skrekkblanda fryd.

Pornoindustrien er ei av få yrkesgrupper som har høgare løn til kvinner enn til karar, trass i at dei fysiske prestasjonane gjerne krev betre kvalifikasjonar frå karane.

Også den verda som vert skildra i pornografien, gjerne kalla pornouniverset, er ganske annleis enn den omverda dei fleste menneske befinn seg i til dagleg. I pornouniverset er alle klåre for sex så å seie heile tida. I dette universet vert ikkje ektefellen sint eller fortvila over å oppdage kona eller mannen sin i livleg utveksling av kroppsvæsker med 4-5 andre, ho eller han kastar heller kleda og slengjer seg med, slik at opplevinga vert eit positivt minne for alle involverde. I pornouniverset finst det få problem som ikkje kan løysast med eit nummer, slik som i filmen *Ljodovoe pobojsjtsje* (tyder om lag «Kamp på isen»), kor ein representant frå det kanadiske ishockeyforbundet etter intens overtvinging av seksuell art går med på at Kanada lyt delta på den føreståande russiske ishockeyturneringa som dei eigentleg hadde meldt avbod til.

4.2 Ulike typar pornofilm

Ein kan kategorisere pornofilmar på mange ulike måtar, eg vel her å dele dei inn i tre dramaturgiske kategoriar.

1. Kontekstlaus sex: Desse filmane syner sex utan noko historie eller spesifisering av tid og stad. Dette er gjerne filmar som er kjappe og rimelege å lage, og dei inneheld akkurat det som er essensen av pornografi, nemleg sex.
2. Dokumentarisk stil / gonzo: Filmane i denne kategorien gjev seg ut for å vera dokumentariske, dei skildrar korleis pornofilmen vert lagd, og vert gjerne kalla *gonzo*. Gonzo-

sjangeren kom som ein reaksjon mot dei stadig meir påkosta og polerde pornofilmene frå 1970- og 80-talet, og er enkle og transparente, gjennom at ein følgjer heile prosessen. Stilen har gjerne ein del prat, og i nokre høve byrjar handlinga med jakt etter aktørar til filmen. Filmene er ikkje nødvendigvis dokumentariske, det er sjeldan slik at dei personane ein hukar tak i ute på gata faktisk er tilfeldige forbi-passerande, likevel finn ein sjeldan noko djupare fiksjonslag enn akkurat denne løgna i gonzo. Det er nærliggjande å tenkje på denne sjangeren som ein pornografisk variant av reality-tv, men det må i så fall nemnast at gonzo er eldre.

3. Fiksjonsfilm: Dette er pornofilmene som har ei handling, kor aktørane også er skodespelarar mellom scenene, og desse filmene har gjerne handlingsforløp, kostymer og definerde stader. Dei er som regel anten aristotelisk oppbygde, det vil seie at handlinga går frå ein start til eit mål, eller episke, altså at ein får sjå episoder som er tilknytt kvarandre, men som ikkje følgjer eitt bestemd handlingløp.

Med framveksten av internett og oppblomstringa av amatørpornografi har den fyrste kategorien, kontekstlaus sex, vorte særst utbreidd. I denne kategorien får ein pressa mykje seksuell omgang inn på relativt få megabyte. Det at denne kategorien har vakse seg stor, og at ein også med gonzo-sjangeren, kategori 2, kan lage filmar utan mykje planleggjing og førebuing, har førd til at fiksjonsfilmen, kategori 3, som var den rådande på 1970- og -80-talet, no har vorte ein meir eksklusiv og forseggjort variant av pornofilm. I motsetnad til nummer 1 og 2 vert til dømes filmene i kategori 3 sjeldnare lanserte på pornonettsider, dei vert i staden publiserte på dvd og selde i butikkar. Det skal seiast at kategori 1 og 2 av mange vert rekna under eitt, men eg meiner at fråveret/nærveret av kontekst har så mykje å seie både for dramaturgisk oppbyggjing og i kva grad tilskodaren vert inkludert i filmen at eg vel å lage ein distinksjon mellom desse filmtypene. Imidlertid kan desse to kategoriane seiast å vera meir i slekt med kvarandre enn kva nokon av dei er med kategori 3.

Sønnev Skrede nyttar Umberto Ecos nemning «lukka tekst» om pornofilm. Dette omgrepet omfattar sjangrar som baserer seg på eitt enkelt element. I pornofilmen er dette elementet heilt opplagt sex, og sjangeren har liten verdi for tilskodarar som ikkje let seg fengje av dette elementet. Pornofilmen baserer seg ikkje på å oppfylle allmenne kvalitetskriterium, men

føreset at sexscenene appellerer til tilskodaren (Skrede 1995:61). Skrede nyttar vidare ei samanlikning av pornofilm og musikalfilm, ettersom dette er to sjangrar med eigne konvensjonar, kor spesialscenene er heile poenget med filmen. Både desse sjangrane vert kritiserde for å ha tynn handling og dårleg skodespel, samt langdryge og tilsynelatande umotiverde spesialscener (med song-, dans- og shownummer i musikalfilmen og sex i pornofilmen) som ikkje nødvendigvis samsvarar handlingsmessig med historia elles i filmen. Imidlertid er dette nokre av dei viktigaste sjangerkonvensjonane, handlinga finst berre for å ha ein kontekst å lage spesialscener i, det er desse spesialscenene som er målet med filmen. Sønnev Skrede meiner det dessutan er eit poeng at handlinga skal vera tynn og karakterane svake, ettersom pornografien dermed framstår som uforpliktande. I det pornofilmen inneheld ei god forteljing kan han føre med seg kjenslemessige konsekvensar, og han mistar det uforpliktande, lettvinne preget. «Det vil kreves av tilskueren at han ser sexscenene i forhold til karakterenes øvrige (følelses-)liv, og tolker dem på bakgrunn av det. Han vil måtte tenke over om det egentlig var lurt av karakterene å ligge med hverandre – og om det forbedrede sexlivet virkelig redder ekteskapet deres» (Skrede 1995:64). Ved å lage ei engasjerande historie risikerer ein pornograf både at dei emosjonelle aspekta vert til hinder for seksuell opphissing hjå sjåaren, samt å gje sjåaren noko anna enn kva denne oppsøkte. Imidlertid skal ein ikkje vera redd for å oppdra sitt publikum, og det finst også pornografar som freistar å skape engasjement i tillegg til seksuell opphissing, noko eg kjem attende til under punkt 4.9 om Bob Džek.

4.3 Den russiske pornofilmen

4.3.1 Slik ser ein russisk pornofilm ut

Det kan verke noko naivt å skulle skildre korleis russiske pornofilmar framstår på generell basis, ettersom det jo vert produsert ei mengde filmar av eit utal ulike personar med sine eigne idear, ideal og fetisjar. Imidlertid finst det ei rekkje fellestrekk, og russisk pornofilm framstår som ei langt meir homogen eining enn kva mangfaldet av aktørar skulle tilseie. Ein kan i dei fleste tilfelle stadfeste ein russisk pornofilm som nettopp russisk, også utan å høyre språket aktørane pratar, noko som ikkje eigentleg er vidare oppsiktsvekkjande; ein har funne

si nisje og sin stil, desse fungerer, og ein treng då ikkje gjera stort anna enn å lage stadig nye filmar som fell innanfor same kategori. Sønnev Skrede gjer eit poeng av at mange porno-brukarar etter alt å døme ynskjer seg om lag det same kvar gong, det er ikkje slik at pornografar treng å finne opp krutet for kvar nye film dei skal lage, som regel gjer det heilt vanlege større suksess enn kva nyskapande pornografi gjer (Skrede 1995:108). Likevel utviklar pornografien seg stadig, og i den samanhengen er den nyskapande pornografien heilt opplagt viktig, men det er sjeldan desse filmene vert salssuksessar. Når det gjeld russiske pornofilmar, så er desse i hovudsak ikkje nyskapande, og dei har som regel ikkje noko djupare innhald enn form og funksjon. Vanlegvis går filmene ut på at ein, to eller fleire personar nyttar kjønnsorgana sine i lag eller aleine for at tilskodaren skal få sjå på. Veldig mykje av den russiske pornoen befinn seg innanfor den fyrste av dei tidlegare nemnde dramaturgiske kategoriane, nemleg den kontekstlause. Som regel ser ein korleis dei involverde byrjar å kle av seg, og deretter fylgjer filmene eit laust fastlagt løp kor ein etter litt einssidig eller gjensidig berøring byrjar med oral tilfredsstilling av mannen, eller i homofilmar av den som seinare skal penetrere, og deretter gjerne litt tilfredsstilling av kvinna eller den mannen som skal penetrerast, før ein får samleiescener i ulike posisjonar som endar med den mannlege utløysinga, gjerne i andletet på den penetrerde eller over ein kroppsdell som sæden så vert gnidd inn i, og dermed er filmen slutt. Dette er den vanlegaste oppskrifta på ei pornoscene, ikkje berre i Russland (same stad:106), og dei fleste pornofilmar er ganske enkelt sett saman av nokre slike scener, som altså korkje kvar for seg eller i samanheng gjev sjåaren nokon kontekst eller noko å bite seg fast i anna enn det reint seksuelle. Det finst nokre hederlege unntak frå dette, og dei kjem eg attende til seinare. Den handlingsmessige oppbyggjinga skil ikkje russiske pornofilmar frå pornofilmar flest, men det finst ei rekkje andre element som gjer at pornofilmen let seg identifisere som russisk, sjølv utan å høyre språket.

For det fyrste let dei slaviske andletstrekka seg lett kjenne att, det same gjer klesstil, møbelstil og liknande. Russisk mote og stil skil seg ut frå den vestlege, og ein kan i mange tilfelle også skilja han frå estetikken i andre aust-europeiske land, særleg om ein har litt Russlandserfaring. Det er også andre element som særpregar russisk pornografi. Estetisk sett er den russiske pornofilmen i slekt med tsjernukha-filmen. Medan amerikansk pornografi gjerne framstår

som glansa og polerd, har europeisk porno generelt eit mindre glatt preg, og russisk porno har også i europeisk samanheng ekstra lite glamour og positivitet. Det verkar iblant som om det grå og grovkorna vert dyrka. Mange filmar kan tenkjast å verta slik av seg sjølve på grunn av dårleg utstyr, lite erfaring med ljossjetjing og liknande, men det er også nærliggjande å tru at denne tilsynelatande amatørmessige estetikken for mange vert sett på som eit ideal, særleg med tanke på at også særse mange av dei velproduserde filmene lagd av erfarne regissørar og produsentar også har dette preget, trass i større budsjett og god fagkunnskap. Russisk porno har estetisk sett eit noko destruktivt preg, og ofte er det også blant aktørane ein påfallande mangel av glede. Når ein fyrst finn lystige unntak, framstår dei til gjengjeld ganske så lystige, men som regel er det lite positivitet å spore. Dette kombinert med den lite flatterande estetikken, til dømes gjer ljósbruken ofte at aktørane ser bleike ut, gjer at heilskapsinntrykket vert noko gråare og tilsynelatande tristare enn kva ein er van med frå spelefilm, fjernsyn og porno frå andre geografiske område. Russisk porno kan estetisk sett stå som ein motpol til den glansa og tilsynelatande meir overflatiske amerikanske normalpornoen, som med sitt omfang gjerne vert rekna som ein standard, og som mange pornografar, også i europeiske land, i ulik grad prøver å etterlikne. For russiske pornografar verkar imidlertid intensjonen å vera at ein skal gje filmene eit litt nedstemt og dermed heller tarveleg preg.

4.3.2 Teen og kropp

Russisk pornografi er i stor grad sentrert rundt *teen*-omgrepet, i langt større grad enn kva som er vanleg for vestleg porno. Det merkverdige med dette fenomenet er at teen ikkje nødvendigvis viser til at filmaktørane er tenåringer, det handlar i like stor grad om ein estetikk som vert forbunde med tenåringer. Såkalla teens er ofte tynne, damene er som regel relativt flatbrysta, dei ser gjerne litt naive og uskuldige ut og vert framstilte som mindre erfarne. I mange tilfelle vert det uvaksne preget forsterka, mellom anna ved at damene i teen-sjangeren gjerne har håret i musefletter, suttar på ein kjærleik på pinne i det filmen startar eller går i klede som i større grad let seg assosiere med tenåringer enn med vaksne. I desse filmene er det gjerne ein eller fleire vaksnare aktørar som driv filmen framover og har maktovertaket, medan teen-aktøren eller -aktørane er dei som vert penetrerte og er maktmessig svakast. I

russiske hetero-pornofilmar førekjem det så å seie aldri at ein har mannleg teen og meir erfaren kvinne, det er alltid kvinneleg teen, og i russiske homofilmar ser ein det same mønsteret som i heterofilmane: Det er den unge teen med minst makt som vert penetrerd.

All russisk porno er på ingen måte av teen-typen, det er langt frå uvanleg med damer som verkar meir erfarne, har noko fyldigare, eller sett frå vestleg ståstad meir normale kroppar, og framstår som eldre. Det vestlege idealet med store bryst er også stadig representert, og silikonpuppar førekjem, om enn langt sjeldnare enn i amerikansk og også annan europeisk pornografi. Dessutan er ofte silikonbrysta i Russland gjerne mindre i storleik enn kva ein er van med frå Vesten. Ein kan ut frå form og konsistens slå fast at det er silikonbryst, men ikkje nødvendigvis ut frå volum. Med ein gong det er ein genser over dei, vil ein antakeleg ikkje tenkje over at ein har med silikonbryst å gjera. Til gjengjeld har dei gjerne store og markante brystvorter.

På same måte som kvinnene i russisk pornografi har relativt vanlege kroppar sett i forhold til det øvrige russiske samfunnet, skil heller ikkje karane seg kroppsmessig stort frå den jamne russiske mann. Russiske pornofilmar inneheld menn i mange ulike fasongar, rett nok oftare slanke enn tjukke, men gjerne med ein heil del kroppshår og sjeldan vidare veltrente kroppar. Som i det meste av pornografi er dei mannlege kjønnsorgana ofte noko større enn snittet, men dette er ikkje meir utbreidd enn at russiske sjåarar antakeleg lett kan identifisere seg med dei mannlege pornoaktørane. I motsetnad til kva som ofte er tilfelle særleg i amerikansk pornografi, men også i mykje europeisk porno, verkar ikkje dei mannlege russiske pornoaktørane til å bruke mykje tid i treningsstudio eller på annan måte vera særleg opptekne av sin eigen kropp. Dei framstår ganske enkelt som heller vanlege, om enn noko slankare og strammare enn gjennomsnittet.

4.3.3 Russland dreg det litt lengre

Eliot Borenstein sitt tidlegare nemnde omgrep «overkill» er vesentleg også i pornografien. Overkill skildrar i denne samanhengen tendensen i det post-sovjetiske Russland til å finne

ytterpunkta til ulike fenomen. Dette er tydeleg i dei fleste russiske kreative uttrykk, som gjerne er veldig sterke og etter vestleg smak iblant går noko over streken, slik som tsjernukhaen. Også innan pornografien har ein funne minst ei slik nisje i Russland, ein sjanger som ein også finn i Vesten, men som ein i Russland dreg enda lengre, nemleg det å lage filmar med sex i ålmenta. Dei mildaste filmene av dette slaget har berre visse delar av handlinga ute blant folk, men også dette har ein effekt, ettersom ein som sjår får kjensle av å vita noko meir enn alle dei som tilfeldigvis er med i filmen. Ein veit at dei er med i ein pornofilm som snart kjem til å handle berre om sex. Imidlertid er denne varianten berre det mildaste slaget, og langt frå den mest utbreidde. Ein finn nemleg eit utal filmar kor russiske pornoaktørar har sex blant vanlege folk, både på bussen med medpassasjerar som brydd ser ut vindaugget, på kjende offentlege plassar som innved Blodskatedralen, på ein full elvebåt og liknande. I filmen *Russian Passion* kan ein sjå eit brurfylgje, beståande av ei dame kledd i brukjole og ei gruppe dresskledde og sjampanjedrikkande menn oppsøkje statua av Peter den store på bronsehesten i Sankt Petersburg, slik tradisjonen er for nygifte i byen. I denne filmen vert vi imidlertid vitne til at brura vert såkalla gangbanga av dei pent kledde karane nettopp innved denne statua på høgljos dag. Det verkar til å ha gått ein viss sport i å oppsøkje kjende offentlege stader, gjerne turistattraksjonar, med det å lage pornofilm der som mål. Denne sjangeren byr på eit uvanleg sterkt pornografisk uttrykk, ettersom innspelinga er langt mindre føreseieleg og vert ei langt større påkjenning for alle involverte enn kva innspeling av pornofilmar i studio og liknande er. Ein påtvingar omverda noko intimt som ho i mange tilfelle helst vil sleppe å forhalde seg til. Ein kan sjølvsagt også oppleva å verta avbroten, pågripen av politi og liknande. Altså er det ein krevjande og sterk sjanger som russisk pornoindustri ser ut til å ha lagt sin elsk på.

I innleiinga av denne oppgåva står det også nemnd to sjangrar som er utbreidde i russiske porno. Dette er valdtektsfilmar og såkalla lolita- eller incest-filmar. Eg har, som eg også gjorde greie for i innleiinga, ikkje gått vidare inn i desse sjangrane, men det kan likevel nemnast at filmar som har eitt av desse to stempla som regel ikkje er lagd på ulovleg vis reint rettsleg. I dei fleste tilfelle inneheld valdtektsfilmene fiktive valdtekter, og lolita-filmene har hovudsakleg aktørar som er eldre enn 18 år. Sjangrane er likevel ekstreme fordi pornografane

gjer sitt beste for å få det heile til å framstå autentisk. Dermed vert ein som sjåar gjerne usikker på kva ein eigentleg får serverd. Kanskje er det berre fiksjon, men i så fall har filmskaparane prøvd hardt å dekkje over det. Filmar kor valdtekt eller sex med mindreårige er tema vert produserte i mange land, men også desse sjangrane verkar til å ha ein noko hyppigare førekomst i russisk porno enn kva det har frå dei fleste andre nasjonalitetar. Eg vil hevde at desse sjangrane berre ved å eksistere og vera så utbreidde seier noko om at russiske pornografar, og kanskje også det russiske pornopublikummet, er glade i sterke og ekstreme uttrykk, gjerne litt sterkare enn kva som er standarden i Vesten. Også i andre ekstrem-sjangrar, som dyresex, sex med avføring og/eller oppkast, samt innan valdeleg porno er Russland å finne på lista over vesentlege produksjonsland. Alt i alt verkar andelen ekstreporno i forhold til normalporno noko større i Russland enn i dei fleste andre europeiske land og iallfall langt større enn i USA, pornofilmen si høgborg.



Offentleg stad: Sex framfor bronsestatua av Peter den store i Sankt Petersburg. Scena er frå filmen *Russian Passion*.

4.3.4 Kjønnroller i russiske pornofilmar

Som tidlegare nemnd er russisk pornografi i enda større grad enn vestleg pornografi ein mannsarena. Medan ein i Vesten stadig støter på dominante kvinner,⁴ skjer dette så å seie aldri i russisk porno. Det er menn som er dei aktive, har maktovertaket og fører filmene framover, medan damene i liten grad har nokon annan funksjon enn å vera objekt for dei mannlege aktørane sine ynskje og fetisjar. Det er nærast komisk å sjå såkalla femdom-filmar⁵ frå Russland, ettersom kvinnene, som skal vera dominante og strenge mot mannfolka, framstår som rådville og klønete. Desse filmene kan som oftast seiast å ikkje fungere, sidan damene i liten grad greier å spela dominante. Rett nok er karane som regel er fastbundne og damene kan gjerne daske dei og liknande, men framstår som usikre og ikkje den førande i situasjonen. Faktisk er det i hovudsak desse elementa med binding, dasking og liknande som skil russiske femdom-filmar frå andre russiske pornofilmar; maktovertak og initiativ ligg framleis ikkje hjå kvinnene. Det er altså trass alt mannen som bestemmer, kvinna er i langt større grad eit middel.

4.4 Geografi og fordommar – vestlegproduserd russisk porno

Daniel Bernardi skriv i sin artikkel om rasebruk og rasisme i pornografi at «pornography today is very much about yesterday's ideology of hate» (Bernardi 2006:240). Sagt på eit enklare vis: Dagens hat er morgondagens pornografi, hatet frå i går er pornografi i dag. Bernardi meiner med dette å forklare den hyppige og stigmatiserande bruken av afro-amerikanarar i porno frå USA, men uttalinga let seg lett overføre til korleis vestlege pornografar nyttar den russiske marknaden. I vestlegproduserd pornografi med russarar ser ein så godt som aldri russiske menn ha sex med vestlege damer, på same måte som Bernardi peiker på at ein i pornografi generelt ikkje ser asiatiske menn i lag med vestlege damer. Dette kan både ha samband med at pornobrukaren i Vesten nesten utelukkande vert sett på som ein kvit mann (same stad:233), og med at dette er ein måte å posisjonere seg på, ein måte å heve seg over den tidlegare fienden sin på. Det å audmjuke eit folk ved å ha sex med

⁴Ein ser langt oftare dominante menn enn dominante kvinner også i vestleg porno, men sistnemnde gruppe er likevel på ingen måte uvanleg.

⁵ «Femdom» er kortform av «female dominance», denne engelske nemninga vert nytta også på russisk.

kvinnene deira er eit velkjend grep som mellom anna vert nytta i krig, det er ein måte å syne seg overlegen på. Russland som tidlegare hovudfiende for Vesten vert på same måte stadig audmjuka av vestlege pornografar og pornobrukarar. Her er ein av kommentarane på porno-nettstaden Tube8 vedrørande filmen *The best of Russian 18s volume 1*: «(...) [G]ood camera work for a soviet production». Denne filmen er heilt opplagt ikkje frå sovjettida, men kommentatoren får med sin ironiske tone fram at kameraarbeidet slett ikkje er godt, samt at sovjetborgarane var meir eller mindre udugelege og at det dårlege kameraarbeidet derfor ville vore godt ut frå sovjetisk standard. Dette gjer narr både av russarane som står bak denne filmen og av sovjetarven russarane ber på. Andre kommentarar til den same er filmen er til dømes «They certainly didn't try to find attractive models for this film. They probably were recruited at train stations deep in mother Russia» og «The Ruskies are REALLY shit at making porn». Det skal nemnast at nett denne filmen ikkje har dei store kvalitetane, og at dette nok er ei viktig årsak til dei hatske kommentarane. Likevel er det langt frå uvanleg å sjå russiske pornoaktørar omtala som «communist bitches» og liknande nemningar som minnar om den kalde krigen. Ein ser sær sjeldan russiske kvinner omtala i positive ordelag som elegante, vakre eller liknande, dei vert som regel framstilte som billeg kjøt. Dette minner om Geir Hønnelands «kald fred»-diskurs, som går ut på at ein etter den kalde krigen gjekk over til å la isfronten mellom Russland og Vesten manifestere seg på andre område, med våpenlause, men gjerne kyniske metoder (Hønneland 2005:116). Det er lett å sjå vestlege pornografar sin bruk av russiske aktørar som ein måte å degradere ein tidlegare fiende. Ein stiller russarar til skamme ved å ha hard og tidvis audmjukande sex med russiske kvinner, samstundes som ein rakkar ned på dei språkleg. Den russiske mannen står makteslaus og ser på, den russiske kvinna framstår som billeg og i Vesten hoverer ein over det heile, ein er framleis den sterkaste. Edward Said seier i *Orientalismen* at Vest møter ikkje Aust, Vest konsumerer Aust sine menn, kvinner og born (Bernardi 2006:236). På det området har utvilsamt vestlege pornografar gjeve sitt bidrag.

Det at vestlege pornografar byrja å ta i bruk russarar under perestrojkaen og tidleg på 1990-talet var antakeleg noko av det som sparka den russiske pornoindustrien i gang. Til dømes var det godt kjend i Russland at amerikansk *Playboy* i 1989 hadde eit bilag med nakenbilete av

skodespelaren Natalia Negoda, som mellom anna spelte hovudrolla i den tidlegare omtalde filmen *Lille Vera* («Malenkaja Vera») (Borenstein 2008:62). På same måte finst det pornofilmar lagd med sovjetiske aktørar av vestlege pornografar allereie frå slutten av 1980-talet, medan det tok enda nokre år før det vart lagd heilrussiske pornofilmar i særleg grad. Frå vestleg hald var Sovjetunionen og etterkvart dei uavhengige sovjetarvtakarane ein ny marknad å hente aktørar frå, medan pornografi for sovjetborgarane var noko heller framandt, iallfall ikkje noko ein hadde tradisjonar for å produsere. Den etablerde pornoindustrien i Vesten reiste ganske enkelt over dei opna grensene og synte såleis for russarane at nett dei var interessante på ein internasjonal marknad (Cante&Restivo 2004:121). Hadde ikkje russarane og andre sovjetborgarar vorte gjort merksame på dette, er det nærliggjande å tru at framveksten av ein russisk pornoindustri kunne ha teke lengre tid. Ein oppdaga ein russisk ressurs som ein ikkje kunne la Vesten få all glede og profitt av, så ein måtte ganske enkelt gjera seg konkurransedyktig.



Hard handsaming: Russiske kvinner framstår gjerne som skjøre, men billege i vestlegproduserde pornofilmar. Her frå filmen *Julia, Russian beauty*.

I russisk pornografi som er vestleg produsert vert det ofte spela på myter om Russland og særleg den russiske disiplinen. I filmserien *Russian Institute* er handlinga lagt til ein internatskule for jenter, kor disiplinen er hard, noko som er årsaka til at jentene er der. Elevane, som gjerne gjerne har vorte sende dit av foreldra sine, går kledde i skuleuniformar og vert styrde hardt av lærarane og leiinga, men dei har stadig sex med kvarandre og med viljuge mannfolk dei kjem i kontakt med av ulike årsaker, slik som sjåførar, vaktmeistrar og liknande. Det viser seg også at dei autoritære skulestyrarane er like promiskuøse, men berre på bakrommet når dei trur elevane ikkje ser på. Altså får ein i tillegg til den russiske disiplinen fram det alle førestiller seg om dobbeltmoralen til russiske autoritære, og filmene kan godt seiast å skildre eit ikkje heilt ukorrekt minisamfunn av både Sovjetunionen og det nye Russland. Undersåttane finn på ein heil del forbode som dei strenge autoritetane for all del ikkje må vita om, medan autoritetane dreg det forbodne langt lengre og må for all del ikkje verta oppdaga av dei sine undersåttar. Også i filmene produsert av Rocco Siffredi, til dømes *Rocco Ravishes Russia* kan ein sjå at det vert spela på mytene om Russland. Rocco møter sine medspelarar på Den raude plass i Moskva, han får utdelt eit typisk russisk pelslue og så snart han har kome seg innomhus dansar dei halvnakne jentene Kalinkadansen og syng for han. Imidlertid spelar pornografien på myter overalt kor han befinn seg geografisk, det er ikkje eit trekk som er typisk for Russland. Det er framleis noko satire att i pornografien, og det kjem til uttrykk både om filmen er frå Russland, Mexico eller Sverige. Likevel er det interessant å sjå at nokre av mytene vert spela på nærast fetisjistisk. Til dømes er det ein frå Vesten ser på som typisk russisk mote og sminkestil vel så framtrudande i den vestleg-produserte russiske pornografien som det ein finn i den heilrussiske. Lipliner, kraftig sminke med tydelege fargar, nylonstrømper i ulike fargar og liknande element ein frå vestleg hald ser på som typisk russisk, verkar til å vera nytta med vilje for å gjera det heile meir russisk. I heilrussisk pornografi ser ein ut til å tone dette litt meir ned framfor å spela bevisst på det. Dette kan sjåast som eit teikn på at Russland frå vestleg hald ikkje berre er eit land med mange menneske som kan spela inn pornografi, kor folk er billege å ha i arbeid og liknande, men at Russland og særleg russiske damer også er ei nisje. Det finst ei målgruppe med fetisj for det russiske, den russiske stilen, estetikken og utsjånaden. Til dømes bør det nemnast at sjølv om det i den publikasjonsrike serien *Russian Institute* i sær stor grad vert lagt opp til at

det ein ser er autentisk russisk, både når det gjeld klesval, russiske flagg som rekvisittar, slaviske andletstrekk, råskap blant aktørane, feminin ynde, sminkestil og liknande, så nyttar den franske produsenten Marc Dorcel nesten ingen russarar i filmene. Dei russiske jentene som går på internatskulen vert som regel spela av slovakiske, rumenske, tsjekkiske og ungarske pornoaktørar. Desse filmene let seg også avsløre som ikkje-russiske av ein langt meir polerd estetikk enn kva ein finn i autentisk russisk porno. I alle høve gjer dei det tydeleg at nettopp Russland er ein fetisj, det finst menneske som får noko ut av det såkalla særeigne russiske som ingen annan pornografi kan gje dei.

4.5 Homoseksualitet i russisk pornografi

Trass i at homofili er eit betent tema i Russland, vert det produsert rikelege mengder homoseksuell pornografi der. Faktisk finst det filmar med russisk homoseksualitet frå før Sovjetunionen gjekk i oppløysing, ein byrja altså eksperimentere med homofilmar like tidleg som heterofilmar. Dette var trass i at mannleg homoseksualitet var forbode, og at ein som homoseksuell i tillegg til fengselsstraff risikerde kraftige sanksjonar frå samfunnet rundt seg. Cante og Restivo fortel i ein artikkel om homoporno frå ulike delar av verda at mange av dei sovjetiske karane som spelte i homofilmar på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet ikkje sjølv rekna seg som homofile. Nokre hadde koner og familie, og filminnspelingane var ein måte å brødfø familien på, lite meir enn eit arbeid (Cante&Restivo 2004:115). Sjølv om ein framleis finn visse pornoaktørar som spelar både i hetero- og homofilmar, er det likevel lite som tyder på at det å spela inn homopornofilmar i dag er noko heteroseksuelle menn gjer for å brødfø familien. Tvert imot er fleirtalet av aktørane i russiske homofilmar i dag nettopp homoseksuelle, medan nokre er profesjonelle pornoaktørar som også spelar i heterofilmar. Dette er ikkje uvanleg innan pornobransja, og sjølv om det finst langt fleire heteroseksuelle kvinner som har sex med både kvinner og menn på film, finst det internasjonalt også ei stor gruppe mannlege pornoaktørar som har sex med baa kjøn. Likevel er det i russiske homofilmar eit fleirtal homofile, og talet på russiskproduserte homofilmar kan verke overraskande høgt med tanke på at homofile har vanskelege forhold i det russiske samfunnet, og dermed er ei heller marginal samfunnsgruppe. Desse to momenta sett i samanheng gjer at det kan vera

nærliggjande å tru at det relativt vesle, men hardt pressa homomiljøet i Russland har nære band til dei som lagar homoporno. Kan hende er vegen frå å vera open homofil til å vera aktør i homoporno eller å stå nakenmodell kortare i Russland enn i land som er meir liberale overfor homoseksualitet, ettersom ein i Russland som homofil allereie i ei viss grad har stilt seg på sida av det russiske samfunnet. Ein vert sett ned på av storsamfunnet, og må i stor grad leva i forsvarsposisjon. Dette fører til at dei homofile miljøa i russiske byar ofte er små med tanke på antal innbyggjarar. Dermed kan det tenkjast at vegen til å spela inn pornofilmar eller stå nakenmodell er noko kortare enn kva han er vestlege land. Ein vert så å seie ikkje meir utstøtt eller pervers enn ein allereie er, sett frå det russiske samfunnet sin ståstad.

4.6 Språket i russisk pornografi

Russisk språk har eit rikt utval av namn på kjønnsorgan og seksualrelaterde tema. Likevel kan språket sjølv i russisk hardporno verke tidvis klissete og tamt. Under sovjettida var som tidlegare nemnd pornografi som samfunnsfenomen anten ikkje-eksisterande eller det var alt som inneheldt stygt språk og grove skildringar (Borenstein 2008:58). Med glasnost på siste halvdel av 1980-talet fekk ein mjuke og etterkvart også hardare erotiske skildringar i film og litteratur, og saman med *mat*, dei russiske grove orda og banneorda, vart dette kategorien pornografi. På grunn av den kulturelle degraderinga *mat* førde til, samt den sterke kritikken mot han, vart det stygge språket halde borte frå dei kommersielle uttrykka. Kunst med *mat* eller erotiske skildringar vart ikkje rekna som kunst i det heile, og dei etter kvart så populære krimromanane og liknande heldt seg derfor borte frå dette, ettersom dei lett kunne miste grepet om massene. Det var forfattarar utanfor den mest kommersielle arenaen, til dømes Vladimir Sorokin, Viktor Jerofejev og Juz Alesjkovskij, som fyrst omfamna det grove språket og drista seg ut på pornografisk is (same stad). Sjølv pornografiske blad som *Andrej* og *Miss X* heldt seg til eit språk prega av romantiske klisjear framfor å nytte barskt fengselsspråk. Altså var det i den noko meir vanskeleg tilgjengelege kunsten ein fyrst fann grovt språk i særleg grad, og ikkje i pornografien.

Ei viktig årsak til at pornografien ikkje omfamna Russlands rike kjønnsvokabular er at *mat* er prega av seksuell aggresjon og er negativt lada i staden for å hylle seksualakta og innby til glede. Same kor mange ord russarar måtte ha for å skildre seksualakta, fann dei ingen erotikk i desse. *Mat* er blottstilt for erotisk klang, og fylgjeleg finn ein sjeldan nokon som «knollar» i russisk pornografi, dei «elskar» (*zanimatsia ljubovju*), «tek kvarandre» (*sniat*) og vert dei ekstra ivrige kan dei «dunke» (*trakhatsia*), eit ord som minnar sterkt om det engelske uttrykket «to bang» (som i «gangbang»). Dessutan er det ofte nytta at ei dame kan «gje» (*dat*), dette vil seie at ho slepp karen til og dei har sex. For å unngå dei negative assosiasjonane *mat* gjerne fører med seg, har ein i tillegg til andre russiske ord importert ein heil del ord frå engelsk. I Bob Dzbek i skildring av sin karriere, nyttar han i sitt russiske språk til dømes ord som *boyfriend* (*бойфренд*), *fuck* (*факер*), *facial* (*фейсел*)⁶ og *rimming* (*римминг*)⁷ (Dzbek 2007:70,260,33,242)⁸. I tillegg finn ein hjå Bob Dzbek russiske ord som tydeleg er omsett frå engelsk, til dømes *pusekatt* (*kiska*) som namn på det kvinnelege kjønnsorgan (minnar sterkt om det engelske « *pussy*»). Det er elles verd å merke seg at medan jentene hjå Dzbek har «*boyfriend*», så har karane framleis veninner (*podruzjki*) (same stad:16). Det verkar i det heile som om pornografien har fått eit eige seksuelt vokabular som ikkje stammar frå *mat*, men heller har slektskap med engelsk; småfrekke ord som omhandlar det seksuelle på ein flørtete måte istaden for dei unaudsamt grove orda frå *mat*. Imidlertid støter ein framleis på dei mindre erotiske ladde omgrepa, slik som i tittelen til filmen *Dom 2, ili kak zanjatsia ljubovju s Jelenoj Berkovoj* («*Dom 2 – eller korleis elske med Jelena Berkova*»).

Vedrørende ordet *sex*, som eg tidlegare har skrive om, kan ein ut frå Bob Dzbek sin biografiske dokumentarroman sjå at dette ordet i stor grad har vorte naturleg i russisk språk i dag. 20 år etter «vi har ikkje sex!» nyttar Dzbek ordet i mange fasettar, både som noko ein aktivt gjer og seksualitet som fenomen, samt adjektivforma seksuell (*seksualnyj*) både om personar han finn seksuelt attraktive eller *sexy* (Dzbek 2007:130) og om til dømes sex-scener i ein film (*seksualnyj klip*) (same stad:88). Altså har ordet *sex* gått frå å vera noko ein ikkje

⁶ «*Facial*» er ejakulering over eit andlet, gjerne avlutningssekvensen i pornoscener. Kva ordet «*facial*» tyder er også noko Bob Dzbek forklarar kvar gong han nyttar det.

⁷ «*Rimming*» er eit ord som i pornografien vert nytta om sleiking av anus.

⁸ Desse orda står skrive med kyrilliske bokstavar fordi ein då tydelegare ser korleis dei har teke vegen frå engelsk språk inn i det russiske.

hadde til å verta ordet som kan nyttast om alt seksuelt, akkurat som det tidlegare har skjedd i norsk språk.

4.7 Utviklinga i russisk pornofilm

Pornografien har alltid utvikla seg i takt med ny teknologi, så også i Russland dei siste tjue åra. Frå videofilmar ekspanderde næringa stort med dvd-filmen, før raskare og betre tilgjengeleg internett fekk nærveret av pornografi til å eksplodere. Med internett vart ikkje berre tilgangen til porno betre og enklare for pornokonsumentane, det vart også langt lettare for dei som lagde og lagar pornografien å få han ut til brukarane. Ein trong ikkje gå vegen om å produsere fysiske filmar, korkje vhs eller dvd, og etterkvart trong ein ikkje meir avansert utstyr enn det mange likevel hadde og har i heimen. Rett nok er det fyrst dei aller siste åra internetttilgangen i Russland har kome opp på vestleg nivå når det gjeld bandbreidde, funksjonalitet og utbreiing. Før dette har internett vore eit heller smalt fenomen som i hovudsak har vorte nytta av datanerdar, subkulturar som Tolkienistar og liknande (Borenstein 2008:3). Det har i tillegg vore ordningar med betaling ut frå mengde nedlasta materiale, men no er funksjonaliteten på line med den vestlege, sjølv om utbreiinga nok ikkje er like stor enno.

Ikkje uventa ser mange frå dei eldre generasjonane russarar med skrekk på utviklinga som har funne stad etter Sovjetunionens fall. Som tidlegare nemnd skriv den russiske filosofen Nikolaj Berdjajev i sitt verk *Den russiske idé* at russisk historie er full av motsetnader, nærast som ein pendel som svingar frå det eine ytterpunktet til det neste (Berdjajev 2008 [1946]:31).

Ettersom dei siste tjue åra i stor grad har vore eit døme på dette, når den sovjetiske ufarlege filmen vart erstatta av den russiske sex- og valdsfylte filmen og det sovjetiske seksualitetsfrie samfunnet vart erstatta av det russiske og gjennompornografiserde, har mange vaksne og eldre russarar prøvd å stille seg på bakføtene. Dette gjeld ikkje minst med tanke på internett, eit uoversikteleg fenomen som bringer med seg uante mengder vald, sex og ekstreme meiningsytringar. Med dette som bakgrunn vart det i 2009 annonsert ein eigen russisk søkjeportal ved namn *Engels* (Russia Today 12. januar 2009). Dette er ein sensurert variant

av Google kor alle usømelege treff vert luka bort, slik at søkjaren kan vera trygg på å sleppe sjokkerande opplevingar. Også i Vesten har liknande søkjeportalar vorte lagde, skilnaden er at dei vestlege som regel har sterkt religiøse bakmenn, medan det i Russland får tale for seg sjølv at det er kommunistpartiet som står bak.

Internett har gjeve pornografien fleire nye dimensjonar. I tillegg til at alminnelege pornoproduksjonar har vorte lettare tilgjengelege for publikum, har ein også fått ei større sjangerbreidd, fleire fetisjar og mange nye pornografiske trendar. Ein har fått ein eksplosjon innan amatørpornografien, kor meir og mindre vanlege folk legg ut bilete og filmar av seg sjølve. Av desse har nokre vorte internett pornostjerner, slik som russiske Ivana Fukalot. Det vert også hevda av mange at internett har gjort den generelle pornografien hardare, som ein konsekvens av at folk forbrukar meir porno no enn tidlegare og dermed godtek og ettersøker hardare kost. Imidlertid har internett også brakt med seg nye retningar innan pornografi. Ein av dette er den såkalla indiepornoen («indie» kjem av det engelske ordet «independent»), også kjend som altporno (alternativ porno). Kjenneteiknet for indie er at det vert produsert og distribuert utanfor det etablerde systemet, og indiepornoen har også som oftast ein innhald som skil seg frå den alminnelege pornoen. Eitt av kjenneteikna er fokuset på naturlege kroppar, som ein motsats til øvrig porno, sjølv om desse kroppane gjerne er sterkt prega av tatoveringar, piercingar og markant målarisk sminke. Modellane er som oftast ikkje profesjonelle, og fokuset ligg andre stader enn på kjønnsleg kontakt, ofte er ikkje kjønn ein gong synlege, særst ofte er det heller ikkje menn med. Indiepornoen vert av mange rekna som dette tiårets pornografi i det fyrste tiåret etter årtusenskiftet (Jacobs 2007:17). Det spesielle med denne typen pornografi er at han i større grad enn normalpornografi spelar på intellektet. Her kan ein finne referansar til kunst, bileta er langt meir kunstnariske og sjølv om dei kan verke provoserande eller sjokkerande, spelar dette sjeldan det kjønnslege, men i større grad på kroppsspråk og verkemiddel. Ein kan også merke seg at den russiske indiepornoen estetisk sett framstår som meir profesjonelt lagd enn kva den vanlege russiske pornoen gjer, trass i at det motsette altså er tilfelle. Indiepornoen, som i stor grad vert lagd av amatørar og kunstnarar med små budsjett er prega av klare farger, ein finn aktørar som ser solbrune ut og ein kan generelt seie at den russiske indiepornoen framstår som varmare og meir menneskeleg enn

kva den bransjeproduserde russiske pornografien gjer. Ut frå min tidlegare nytta definisjon av pornografi kan mykje av den internettbaserde indiepornoen, både russisk og frå andre stader, ikkje reknast som porno. Store delar av materialet befinn seg i større grad innan kategorien kunst, men med eit særst fritt forhold til kropp og seksualitet, samt med tidvis meir pornografiske innslag enn kva kunst som oftast inneheld. Imidlertid er det meste i denne sjangeren å plassere i grenselandet mellom kunst og pornografi. Av russiske indieporno-fenomen kan dei nettbaserde *Neverporn* og *Matrëshka Girls*⁹ nemnast. Imidlertid kan den russiske indiepornoen i størst grad sjåast på som eit vågalt kunstuttrykk frå visse russiske subkulturar, meir enn eit faktisk alternativ til standardpornografien. Den russiske indiepornoen har knapt noko innhald som syner seksuelle handlingar, mest av alt er det kunstnariske foto av unge kvinner med kroppselege kjenneteikn (tatoveringar, piercingar, frisyre og liknande) som tyder på at dei tilhøyrrer ein motkulturell subkultur og tilsynelatande har eit frigjort forhold til sin eigen kropp og seksualitet.

Sjølv om russiske pornofilmar gjerne framstår som harde og til tider råare enn vestlege, er Russland som pornoland like fullt ikkje noko føregangsland når det gjeld fetisjar og nybrott. Ein har fokusert på tradisjonelle kjønnsroller, og tidvis drege desse langt, slik at ein har nytta til dømes overgrep og misbruk av kvinner og born som tema. Medan ein i ei rekkje andre land har fått stadig meir fokus på shemales¹⁰, gravide og andre kroppselege og kjønnslege raritetar innan pornografien, er dette element som er fråverande i russiske pornofilmar. Det er nærliggjande å sjå dette i samanheng med at ein i mange land i løpet av dei siste tiåra har vorte langt opnare for kjønnsleg og seksuell pluralisme, medan seksuelle minoritetar, som tidlegare nemnd, stadig har harde kår i Russland. Antakeleg har det også samanheng med kva ein forventar frå ulike land. Medan til dømes Japan byr på ekstreporno i dei fleste variantar og Brasil er kjend for shemales, er den russiske pornografien sitt varemerke at kvinnene er pene, skjøre og slaviske og at dei vert brukt hardt. Altså er det heller ikkje uventa at pornofilmar lagd for kvinner også er meir eller mindre fråverande i Russland, i motsetnad til i Vest-Europeiske land, kor denne greina innan pornografi har vorte stadig viktigare og større i løpet

⁹ Matrjosjka er namnet på den velkjende og tradisjonsrike russiske dokka som har eit utal mindre dokker inne i seg.

¹⁰ Shemale er ein person som framstår som kvinne, men har mannlege kjønnsorgan.

av dei siste par tiåra (Sabo 2007:232). Rett nok finst det også i Russland kvinnelege pornoregissørar, -manusforfattarar og liknande, men desse arbeider innan konvensjonelle pornofilmføretak, og filmane dei lagar har, som eg kjem attende til, langt meir til felles med tradisjonell mannsporno enn kva dei har til felles med vestleg feministpornografi.



Alternativ: Indieporno frå russiske *Neverporn*.

4.8 Pornografisering på internett: Damochka.ru

Eit anna fenomen internett har drege med seg er nettsamfunn og sider kor folk, hovudsakleg ungdommar legg ut bilete av seg sjølv for at andre skal rangere bileta ved å gje dei poeng. Dette er eit fenomen som vanlegvis ikkje har direkte med pornografi å gjera, men som i størst grad kan sjåast på eit ledd i pornografiseringa av samfunnet. Imidlertid er desse nettsidene interessante fordi dei i stor grad avslører kva deltakarane ser på som eit ideal for sitt kjønn og sin eigen identitet. Anja Hirdman skriv i sin artikkel vedrørande den svenske nettstaden <http://snyggast.se> at sjølv dei som ikkje satsar på å koma øvst på listene over penaste jente eller finaste gutekropp likevel gjer sitt for å unngå negative kommentarar. Derfor poserer veldig mange på same måte, ein finn visse type blikk som går att, og ein kan lett sjå kva

ungdommane sjølve meiner skal til for å sjå best mogleg ut. Ikkje uventa er det å syne mykje hud eit utbreidd triks, likevel ligg det mykje arbeid i å gjera dette på ein måte som likevel bevarar ei viss eleganse. Desse sidene er eit forum for stadfesting av at ein ser bra ut, og ved å leggje ut bilete av seg sjølv i ulike posisjonar, med fokus på ulike kroppsdelar og liknande gjer ein seg sjølv til eit objekt for andre (Hirdman 2007:158). Slike nettsamfunn finn ein også i Russland, nettsida <http://damochka.ru> er eitt døme.¹¹ I likskap med svenske <http://snyggast.se> og norske <http://deiligst.no> kan ein på Damochka leggje ut bilete av seg sjølv som andre kan røyste på, samt personleg informasjon og innlegg om det ein måtte ynskje. Likevel skil den russiske varianten seg frå sine skandinaviske ekvivalentar på visse område. For det fyrste er det interessant å sjå at medan ein i Noreg og Sverige i hovudsak finn medlemmar i aldersgruppa 14-24 år, har Damochka hovudtyngda si i aldersgruppa 18-34. Fenomenet treff altså betrakteleg eldre menneske i Russland enn i Noreg og Sverige. Medan dei skandinaviske sidene i hovudsak byr på bilete ungdom har teke av seg sjølve, gjerne med web-kamera på sitt eige rom, har Damochka i større grad bilete frå ute i naturen, i bikini eller topplaus på stranda og elles ein større andel bilete som ikkje er sjølvfoto. Ein finn dei same mekanismene når det gjeld posering, bruk av blick og liknande, men på Damochka framstår klientellet vaksnare, noko dei også gjerne er, og ein får i mindre grad kjensla av å få innsyn i låste tenåringsrom. På enda eit område er det ein vesentleg skilnad mellom russiske Damochka og dei skandinaviske sidene: Damochka har ein eigen kategori som heiter porno. Her legg medlemmane ut bilete som neppe ville ha kome seg gjennom sensuren på dei skandinaviske sidene. Nokre medlemmar legg ut nakenbilete av seg sjølve, eller også bilete av samleier og liknande side om side med dei meir tradisjonelle bileta kor dei poserer i skogen eller syner trutmunn til kamera. Andre medlemmar legg utelukkande ut pornobilete, både av eigne kjønnsorgan, seksuelle aktivitetar og liknande. Også på til dømes <http://deiligst.no> ligg det ute meir vågale bilete, om enn hovudsakleg topplausbilete og liknande, men for å få tilgang til desse lyt ein ha passord. Dermed er det berre medlemmane som kan sjå desse bileta, medan kven som helst har tilgang til kjønnsorgan i rørsle på Damochka. Desse bileta er også langt grovare enn kva ein finn på dei norske sidene, også som medlem.

¹¹Ordet «damochka» («damotsjka») tyder om lag kvinnemenneske eller ei lita dame.

4.9 Russisk pornograf i særklasse: Bob Dzbek

Når ein kjem over russiske pornofilmar som er særleg forseggjorte, har ordentlege historier eller på annan måte skil seg ut frå den enorme hopen av konseptlause sexscener, er som regel namnet Sergej Prjanisjnikov eller hans pseudonym Bob Dzbek å finne på rulleteksten. Dzbek er produsent og regissør av pornofilmar, i tillegg til å ha eit eige selskap som publiserer filmar, både eigenproduserde og andre sine. Dzbek har dessutan hatt karriere som formann i *Fagforeininga for aktørar innan vaksen kino*. Sjølv om Eliot Borenstein sin påstand om at russisk porno framleis er full av idear og satire etter mi meining ikkje held mål for russisk porno generelt, lyt ein seie at Dzbek sine produksjonar er viktige unntak. Likevel, trass i at Dzbek sine filmar skil seg ut frå den allmenne hop av russiske pornofilmar, er det viktig å presisere at det her ikkje er prat om eit smalt fenomen, slik som den tidlegare omtalde indie-pornoen. Tvert imot er Sergej Prjanisjnikov/Bob Dzbek utvilsamt den mest kjende russiske pornografen, og også den som sel flest filmar. Ettersom filmene han medverkar i utmerkar seg i så stor grad, meiner eg det er nyttig å sjå ekstra på innhaldet i nokre av dei.

Filmen *Jevgenij Onegin* er som namnet tilseier ei filmatisering av Aleksandr Pusjkins kjende forteljing om Jevgenij Onegin, ei historie Tsjajkovskij har gjort til opera. Allereie dette utgangspunktet med å lage pornoversjon av ein litterær klassikar syner at Bob Dzbek ikkje er ein alminneleg profittenkjande pornograf. Dzbek har uttala at han ser på Pusjkins *Jevgenij Onegin* som ein erotisk klassikar, og at han på grunn av dette ynskte å lage ein moderne versjon med større fokus på nettopp seksualiteten. Rett nok kan sexscenene gjera det noko vanskeleg å hengje med på handlinga i historia, men det er like fullt lagt mykje arbeid i å gjera filmen til ein ny versjon av *Jevgenij Onegin*, ikkje berre ein pornofilm med 1800-talskostymer. Til dømes er forteljaren sitt narrativ på rim, slik som i Pusjkins original, sjølv om teksten berre delvis er Pusjkins. Teksten framstår som moderne, med ei rekkje russiske tabu-ord og umodererde seksuelle skildringar, men har altså behalde Pusjkins opphavlege rimmønster. Historia er endra og tillagt komiske element, som at Lenskij stadig sniffar kokain og at Evgenij Onegin under duellen med Lenskij ikkje treff sistnemnde i hjartet, hovudet eller andre stader ein kan sikte for å drepa, men skyt Lenskij midt i skrittet, noko som gjer at sistnemnde fell i hop med sterke smerter i underlivet og døyr som fylgje av desse. Dette

framstår heller naturleg i ein pornofilm, kor det ein har mellom beina trass alt er det viktigaste som finst. Musikken til *Jevgenij Onegin* er eit kapittel for seg sjølv. Som nemnd har Tsjajkovskij lagd opera av historia, og også i pornoversjonen er musikken særst vesentleg. I dei fleste pornofilmar er det anten ingen musikk under sexscenene eller musikken er seig, gjerne litt aggressiv og byggjer opp under det som går føre seg. Ein kan gjerne ha annan musikk mellom dei ulike scenene, men i det sexen set i gang endrar musikken seg til å vera mindre snill, og ofte er stønning og andre lydar som kan assosierast med sex lagt på som lydeffekter. I *Jevgenij Onegin* er musikken gjennomkomponert til filmen, det er eitt langt verk som heile tida passar til det som skjer i handlinga. Imidlertid sluttar ikkje den lett komiske 1800-talsinspirerte synthmusikken under sexscenene, og dette gjev sexscenene eit litt uskuldig og latterleg preg. Den gjennomkomponerte musikken gjer narr av sexen istaden for å byggje opp under han, og dette er eit element som går att i fleire Dzjek-filmar og gjev eit veldig spesielt preg. Filmen framstår som langt meir positiv og mindre aggressiv og provoserande enn kva fleirtalet av pornofilmar gjer, trass i at det seksuelle innhaldet er det same.

I filmen *Ljodovoje poboisjtsje* (tyder om lag «Kamp på isen»), som skildrar korleis representantar for det russiske ishockeyforbundet overtyder ein kanadisk kollega om at Kanada må delta i ei føreståande ishockeyturnering, nyttar Dzjek element frå russisk seksualitetshistorie i handlinga. Grunnen til at Kanada i utgangspunktet ikkje er viljuge til å delta i turneringa er nemleg at «dei har lese i ei gamal avis at vi ikkje har sex her».¹² Her vert det berømde sitatet frå den sovjetisk-amerikanske fjernsynssendinga i 1987 brukt direkte, ikkje utan eit visst komisk snitt. Detaljen er på den eine sida ikkje vesentleg for handlinga, sjølv den som ikkje kjenner til historia oppfattar at kanadiaren treng overtying, det heile vil verke som eit påskot til å få pornodelen av filmen i gang. For den som kjenner til historia om fjernsynssendinga er referansen med på å gjera filmen meir intelligent, og ein oppfattar samstundes at produsentane av filmen på eit vis har same ynskje som rollefigurane, nemleg å syne at russarar har noko å tilby omverda seksuelt, same kva verdspressa måtte skrive. Filmen er også elles umiskjenneleg russisk, mellom anna er ishockey eit område russarar med god

¹² Eiga omsetjing, dette vert sagt i filmen: «Они читали в старом газете, что у нас секса нет».

grunn er stolte over, og ei av scenene i filmen syner faktisk ei kvinne som penetrerer seg sjølv med ei ishockeykølle i innbytarboksen. Dette siste er eit godt døme på korleis russiske pornografar gjerne nyttar komiske og småsjokkerande element for å overraske tilskodaren.

Bob Dzek er også oppført som produsent til filmen om Askepott, *Zolusjka*. Som namnet tilseier er det prat om ein pornoversjon av det kjende eventyret, eit eventyr som ifylgje forteljaren vert «fortald ulikt kvar einaste gong».¹³ Denne gongen skil forteljinga seg ikkje uventa noko frå den kjende filmatiseringa NRK sender kvar julekveld, sjølv om prinsen og Askepott får kvarandre til slutt også her. Noko av det mest spesielle med denne filmen er at han bryt med det alminnelege mønsteret frå sex-komedier. I pornofilmar generelt er sexscenene så å seie heilage. Sjølv om ein i nokre tilfelle finn mykje komikk og tull mellom desse, vil sjølve sexscenene nesten alltid vera prega av alvorleg kåtskap, det kan seiast å vera ein konvensjon i pornofilm at komedia sluttar når sexen tek til (Martin 2006:193). *Zolusjka* fungerer nesten på motsett vis. Medan presentasjons- og handlingsscenene i filmen mest av alt er forklårande, set det komiske i gang i lag med sexen. DP-scener¹⁴ vert til dømes vanlegvis framstilte som noko litt ekstremt og ein plasserer dei gjerne som eit høgdepunkt i ei eller fleire sexscener mot slutten av filmen, slik at dei tidlegare scenene byggjer opp mot dette. I *Zolusjka* kjem fyrste DP-scene tidleg, faktisk i den fyrste sexscena kor Askepott sjølv er i aksjon. I tillegg byggjer ikkje filmskaparane opp under DP-sekvensen, dei gjer ikkje forsøk på å imponere eller pirre ekstra mykje, slik som vanlegvis er tilfelle, dei gjer istaden tvert i mot nesten narr av heile situasjonen. Dei to karane har lausbartar og stråhattar, medan Askepott framleis har på seg den noko latterlege kysa si, og alle tre har komiske og overdrivne andletsuttrykk. Ein gløymer nesten bort at ein er vitne til ein heller ekstrem prestasjon kroppleg sett, og dette er ikkje noko pornografar vanlegvis let ein gløyme. Dette kan minne om korleis musikken uskulddiggjer det seksuelle i *Jevgenij Onegin*, slik det er gjort greie for tidlegare. Også når prinsen i *Zolusjka* må ha sex med alle damene i kongeriket for å finne att Askepott som han har forelska seg i, er sexscenene meir fylt av komikk enn av kåtskap.

¹³ Eiga omsetjing, forteljaren i filmen seier «Золушка – старинная сказка, которую каждый раз сказывает по-своему».

¹⁴ DP er ei vanleg forkorting for dobbel penetrasjon, altså når nokon vert penetrerd av to penisar på same tid. I heteroseksuell pornografi tyder DP vanlegvis at ei kvinne vert penetrerd i vagina og anus på likt, dersom ikkje noko anna er spesifiserd.

Prinsen har ikkje sett andletet til Askepott, ho hadde nemleg på seg ei maske då dei møttest, men han hugsar korleis det var å ha sex med ho. Imidlertid kan ingen av dei andre kvinnene i kongeriket tilfredsstille han på same måten, og sekvensen kor prinsen har sex med eit utal damer etter kvarandre er i større grad framstilt komisk som eit endelaust og utmattande naudsamt onde enn som eit heftig maratonsamleie, slik ein alminneleg pornofilm sannsynlegvis ville ha framstilt det. Prinsen sitt andletsuttrykk syner tydeleg at han tykkjer jakta er uhorveleg kjedeleg, og kongen som sit og ser på vert også stadig meir oppgjeven. Dette er enda eit punkt som gjer *Zolusjka* spesiell, denne sexscena fører nemleg handlinga vidare, noko som er heller uvanleg i pornofilm (Skrede 1995:62). I *Zolusjka* vert prinsen forelska i Askepott på grunn av sexscena deira, altså er sexen vesentleg for handlinga. På same måte er det nemnde samleimaratonet også ein viktig del av historieforteljinga. Imidlertid er det berre prinsen sine sexscener som fører handlinga framover, alle andre karakterar har sex utan nokon vidare konsekvens for den øvrige handlinga. Eit anna merkverdig trekk ved *Zolusjka* er at det å ha sex med familiemedlemmar vert framstilt som uproblematisk. Den fyrste sexscena i filmen syner Askepotts to stesystre som har sex med kvarandre, som om systersex var den mest naturlege sak i verda. Siste scena i filmen har sitt høgdepunkt når prinsen og kongen føreteik ein DP med Askepott, far og son har altså ei seksuell oppleving i lag med same kvinne. I ein vanleg pornofilm ville nok dette ha vore mindre spesielt, ettersom handlinga der så å seie opphøyrer når sexscena set i gang, slik at aktørane ikkje lenger er skodespelarar, men spelar pornostjerner. Aktørane isceneset seg sjølve som pornostjerner, ikkje som filmkarakterar, og tilskodaren gløymer dermed kor vidt dei eigentleg spelte far og son (same stad:130). I *Zolusjka* er imidlertid aktørane skodespelarar også under sexscenene, noko som gjer denne denne familiesexen meir forstyrrende enn vanleg. Det er uvisst kor vidt dette er ein gjennomtenkt konsekvens, men som tidlegare nemnd er incest-filmar ei eiga russisk nisje, så veggen til å portrettere familiesex er kanskje noko kortare for russiske pornografar enn for til dømes vestlege.

Eitt av dei trekka som skil Bob Dzejek sine produksjonar frå dei fleste andre pornofilmar er at dei ligg tettare opp til alminneleg fiksjonfilm reint handlingsmessig. Dei har ikkje mjukare sexscener enn andre russiske pornofilmar, men inneheld i større grad ekte skodespel og

forteljing. Eitt døme på dette er filmen *Vsio dozvoleno* («Alt er tillate») som har ei 12 minutt lang innleiing før fyrste sexscene. Tilskodaren vert sett ordentleg inn i situasjonen, ein vert kjend med hovudpersonen og ynskjer å sjå korleis det går med han. Dette er sær s uvanleg for ein pornofilm. Når nokon set på ein pornofilm er det som regel fordi vedkomande ynskjer å sjå sex, helst så fort som mogleg. I denne filmen får den sexhungrige tilskodaren imidlertid serverd ei lang forteljing om korleis den unge hovudpersonen strevar med livet sitt i Sankt Petersburg og prøver å oppsøkje ulike forum for å treffe ei dame som kan like han, men vi som tilskodarar skjønar godt ut frå den klønete oppførselen hans kvifor han stadig er nedfor og einsam. *Vsio dozvoleno* er bygd opp rundt ei tydeleg historie, som alle sexscenene er direkte relaterde til. Mellom sexscenene vert handlinga førd vidare, og filmskaparane har teke seg god tid til å fortelja. Sexscenene kjem ikkje slag i slag, det vert kravd av tilskodaren at denne må ha tålmod og fylgje med for å skjöne gangen i filmen. Likevel set ikkje den ambisiøse historieforteljinga sexscenene til sides, her er sex på offentleg elvebåt, på bussen blant medpassasjerar og mange andre sexscener langt meir kreative enn kva dei fleste andre filmar kan by på. Dette er typisk for filmar Dzjek er involverd i, dei har gjerne harde og kreative sexscener, samstundes som dei fortel historier og krev ordentleg skodespel av dei involverde aktørane. Derfor er det ikkje overraskande at Dzjek også står bak det han kallar den fyrste russiske porno-serien, altså ei rekkje pornoscener sett saman nærast som i ein fjernsynsserie. Serien har namnet *Seksualnyj Peterburg* (tyder om lag «Seksuelle Petersburg»), og skildrar ulike sider av livet i Sankt Petersburg. Også denne serien har lange forteljande scener mellom dei ulike sexscenene, og desse forteljande scenene framstår til tider nærast koselege, slik som ei scene kor to par køyrer spark nedover ein veg i eit snødekt utkant-Russland. I desse filmane kan ikkje aktørane spela ei pornostjerne som spelar ei rolle, slik Skrede skildrar (Skrede 1995:130), men dei må ta skodespelarjobben alvorleg for å få konseptet til å fungere. Dette gjev serien eit heilt anna preg enn pornofilmar generelt, sjølv om sexscenene er like rå og ikkje står attende for normal hardporno. Ein kan seie at Dzjek sitt prosjekt er langt meir ambisiøst enn kva dei fleste pornografar held på med, desse filmane freistar å få tilskodaren til å involvere seg på same tid som dei skal by på den konsekvenslause og lettvinne sexen som kjenneteiknar pornofilm. Sønnev Skrede stiller seg tvilande til at ein pornofilm kan koma heldig ut av å ha ei sterk forteljing, ettersom filmen då følest meir

forpliktande for tilskodaren (Skrede 1995:63). Imidlertid syner Bob Dzjek at det går an å lage pornofilmar som er underhaldande og tilbyr noko også for den som har vanskeleg for å la seg rive med av dei sjangerbestemde spesialsценene. På den eine sida gjer forteljingane og konseptane i mange av Dzjek-filmene sjangeren mindre rett fram og unyanserd, på den andre sida er sexscenene oppfinnsame og til tider vel så harde og direkte som i konvensjonell pornofilm, men dei verkar kanskje likevel lettare tilgjengelege, ettersom dei framstår som intelligente og gjennomtenkte.



Bryt konvensjonar: Humoristisk framstilling av Askepott, også under sexscenene, i filmen *Zolusjka*.

5 Drøfting

5.1 Russisk pornofilm som etterlevnad frå opplysingstida

Som tidlegare nemnd hevdar Eliot Borenstein at ein i Russland ikkje treng påminning om pornografien sitt opphav i satira, men at russisk porno i motsetnad til vestleg inneheld meir enn form og funksjon, at den russiske pornografien er baserd på idear (Borenstein 2008:53). Eg vil imidlertid hevde at det i dei aller fleste tilfelle vil vera lett å seie seg usamd med Borenstein. Brorparten av den pornografien som vert produsert i Russland i dag syner heilt enkelt fram nakne menneske som har sex med kvarandre, som regel utan noko vidare narrativ eller meining. Det er ikkje uvanleg å finne filmar med nokon form for kontekst, til dømes kan gjerne aktørane i filmane starte filmen med å gå gatelangs, ha ein konversasjon eller liknande, men det er sjeldnare lagd ei ordentleg historie, og vanlegvis vert kamera sett i gang i det aktørane kler av seg. Det skal imidlertid seiast at dei unntaka som finst er markante unntak, til dømes inneheld Bob Dzjeks filmar ofte eit vell av idear og har gjerne innslag av satire. Det verkar til at andre også har late seg påverke av denne måten å lage pornofilmar på, til dømes er det nesten vanskeleg å tru det er utan symbolikk når ei kvinne i filmen *XL0038 – Ljubitel'skoje video* (tittelen tyder heilt enkelt «XL0038 - Amatørvideo») penetrerer seg sjølv både vaginalt og analt med ei flaske Stolichnaya vodka. Som eg tidlegare har gjort greie for vert den russiske kvinna gjerne nytta som symbol på Moderlandet (Borenstein 2008:70), og som kjend er alkoholisme stadig eit stort samfunnsproblem i Russland. Det er ikkje ei uvanleg meining at Russland kunne ha vore eit ganske anna samfunn om russarar i noko mindre grad hadde vore glade i alkohol, og særleg i nasjonaldrikken sin, vodka. Den nemnde pornofilmen seier det rett ut: Alkoholten rævkøyrer Russland. Likevel er pornofilmane med slik symbolikk i klårt mindretal. Rett nok får desse unntaka gjerne meir merksemd enn det dei heilt vanlege pornofilmane gjer, både i denne oppgåva og hjå andre som har skrive om russisk pornografi, men det er utelukkande fordi det er meir å skrive om dei og dei er meir interessante å lesa om. Dei er like fullt eit fåtal, og russiske pornofilmar generelt er etter mi meining ikkje meir i slekt med den satiriske pornografien frå opplysingstida enn det pornofilmar frå andre geografiske område er.

5.2 Estetikken i russiske pornofilmar

Om russiske pornografar iblant kan overraske når det gjeld innhaldet i pornofilmar, prøver dei så å seie aldri å overrumple publikummet sitt når det gjeld estetikk. Iblant kan det verke påfallande at ein forseggjort film med ordentlege kostymer, nedskrivne replikkar og nøye gjennomtenkt regi likevel ser ut til å vera lagd med dårlege kamera av menneske som ikkje har greie på ljossøtjing. Sjølv filmar med humor og latter har dette grålege og dystre preget, gjerne med grovkorna bilete og utydeleg lyd. Ein gjer lite for å få aktørane til å sjå så fine ut som mogleg, tvert imot vert dei ofte framstilt så upolerde at det nesten vert uærleg. Som eg tidlegare har vore inne på er det nærast eit paradoks at ein innan lågbudsjett-sjangeren indieporno gjer langt meir for å få modellane til å sjå så vakre ut enn kva ein gjer innan konvensjonell russisk porno. Ein ser det same når det gjeld klesval, omgjevnader og andre synlege element i russiske pornofilmar, og ein brukar av pornofilm-nettstaden *Tube8* har skrive fylgjande kommentar under ein russisk pornofilm: «Hardest to watch in Russian porn is the furniture». Det er ingen tvil om at det vert gjort slik med fullt overlegg, og eg meiner dette heng saman med ei rekkje faktorar.

I vestleg pornofilm fekk ein på 1980-talet stadig meir polerde og estetisk glatte pornofilmar. Budsjetta vart større, det same vart silikonbrysta og gapet mellom kva ein såg på film og kva som gjekk føre seg på dei tusen soverom. Som reaksjon på at pornografien fjerna seg stadig meir frå røynda til den jamne pornobrukaren, fekk ein på 1990-talet framveksten av gonzo-sjangeren og ein fekk stadig større utbreiing av amatørpornografi, anten lagd av faktiske amatørar eller amatørmessig lagd av produksjonsselskap. For mange pornobrukarar framstod desse filmane som langt meir ekte og også meir snuskete enn kva den velproduserde 1980-talspornoen hade gjort (Skrede 1995:136). Då russisk pornoindustri vart etablert var altså det grovkorna og tarvelege noko som låg i tida, både med tanke på trenda i vestleg porno og med tanke på dei øvrige estetiske uttrykka i Russland, som på si side hadde opphav i ein reaksjon mot den sovjetiske positiviteten. For sjølv om det kan vera ein faktor at russisk pornoindustri har sitt opphav i denne ikkje-polerde pornotradisjonen, vil eg likevel hevde at slektskapet mellom tsjernukha og pornografi er meir vesentleg for estetikken i russisk pornografi. Om russiske pornografar på 1990-talet hadde byrja å lage fargesprakande og positive pornofilmar

med solbrune aktører i vakre omgjevnader ville dei ganske enkelt ha brote tvert med alle andre skildringar i samtida og med den rådande oppfatninga av korleis livet og verda var. Tsjernukhaen, som hang uløseleg saman med dei store og brå samfunnsendingane, uttrykte vonløyse og forvirring, samstundes som han var ein motsats til optimismen og det oppbyggjelege innhaldet i sovjetiske kunstnariske uttrykk. Tsjernukhaen skulle ikkje utdanne eller gje svar, men skildre dei kyniske, kriminelle og håplause sidene ved samfunnet. Denne negasjonen til det sovjetiske var rådande på 1990-talet, og står framleis sterkt. Fylgjande vert det naturleg at også pornoen får dette noko dystre og dunkle preget over seg. Ein desillusjonerd og avmektig russar vil sjølv i pornoen finne tilhøyre i eit fellesskap, men på same tid sjå at ein får gjera det beste ut av situasjonen og ha sex, sidan sex er ei glede ein trass alt har behalde.



Estetikk: Russiske pornografar satsar på det grå og tarvelege, ofte prøver dei ikkje ein gong å framstille aktørane som attraktive. Denne scena syner gruppesex med parykkar og fisting (penetrasjon med knyttneve) i filmen *Rvanije popki*.

Det som i dag står som motsatsen til tsjernukha er popsa-kulturen, med sine glamour-modellar og vellukka, polerde artistar. Likevel kan denne, som eg tidlegare har gjort greie for, seiast å vera nært knytt saman med tsjernukhaen. Dei kan sjåast på som to sider av same sak, ved at

tsjernukhaen byr på ei dyster og dystopisk skildring av røynda, medan popsaen byr på ei lukkeleg og utopisk flukt frå den same røynda. Imidlertid møter desse to kulturelle fenomen kvarandre i pornografien og vert tydeleg knytt saman der. Medan pornoskodespelarar vert framstilte som representantar for popsa-kulturen i media, kan filmene dei spelar i like fullt ha klare element frå tsjernukhaen. Som sjåar kan ein verta minna på kor trasig livet er, samstundes som ein skal kunne drøyme seg bort i det dei vakre menneska held på med. Ein av dei som tydeleg syner dette er mediepersonen Jelena Berkova, som i tillegg til å vera lettfatteleg popsa-artist og realitystjerne også har spela inn ei rekkje pornofilmar. Sjølv om ho i musikkvideoar, på fjernsyn og i glansa magasin utvilsamt høyrer til popsa-kulturen, har pornofilmane hennar gjerne eit langt mindre glamorøst og overflatisk preg. Der finn ein dunkle fargar og enkel produksjon, som for å syne fram til dømes det kjærleikslause, men ikkje nødvendigvis gledeslause, gruppesamleiet unge russarar kan finne på som tidsfordriv på ein sliten sofa i ei enkel leilegheit. Dette dømet er frå den tidlegare nemnde filmen *Dom 2, ili kak zanjatsia ljubovju s Jelenoj Berkovoj* («Dom 2 – eller korleis elske med Jelena Berkova»), som vart relansert etter at Berkova verkeleg vart kjend, då ho deltok i reality-fjernsynsprogrammet *Dom 2*, eit russisk program ikkje ulikt Big Brother. Det kan synast merkverdig at ein valde å gje ut denne lågbudsjettsfilmen på nytt, når ein på førehand visste at salstala ville verta uvanleg høge. Eit stort selskap stod bak utgjevinga, og det kan verke naturleg at desse ville spela på glamourstatusen til Berkova, men istaden har dei teke vare på og dyrka den noko dystre og grå stemninga som russisk porno aldri ser ut til å gå bort frå. På denne måten vert Berkova i ein viss grad normalisert; medan ho i media elles er perfekt sminka, retusjert og gjort så lekker som mogleg, har ein i ei rekkje av pornofilmane knapt forsøkt å få fram den naturlege venleiken hennar. Ho tilhøyrer to ekstreme motpolar på same tid, og pornografien kan altså seiast å knyte dei saman.

Den tidlegare nemnde Rocco Siffredi skal heller ikkje vera unemnd når det er prat om kvifor russisk porno ser ut som han gjer. Som eg tidlegare har vore inne på finn ein i visse russiske pornofilm-butikkar egne hyller med Rocco-filmar, og Siffredi har høg status i den russiske pornoindustrien (Dzjek 2007:260). Siffredi har også sjølv spela inn eit utal filmar i Russland, til dømes *Rocco Ravishes Russia*, *Russian Teen Obsession* og *Rocco Ravishes St. Petersburg*.


Siffredis filmestetikk passar godt overens med den russiske, ein finn det same gråaktige og noko tarvelege preget. Til dømes gjer ljósbruken, sminkebruken og lyden at aktørane til tider framstår som mindre attraktive og tiltalande enn ein kan førestille seg at dei faktisk er. Siffredi lagar, på same måte som russiske pornografar, filmar som skal sjå så tarvelege ut som mogleg, både estetisk og innhaldsmessig. Eitt av elementa som har gjeve Rocco Siffredi den særeigne statusen i Russland er at ideane i Rocco-filmar ofte er det ein omtalar som over kanten, dei kan sjokkere sjåaren, og dette vert gjerne teke godt imot i Russland, det er noko ei rekkje russiske pornografar også etterstrebar. Ei slik særeigen scene går ut på at Siffredi penetrerer kjønnsorganet til ei av sine medaktørar med ei flaske nyopna og sprutande sjampanje, og deretter drikk store delar av sjampanjen som renn ut av kroppen hennar. Den statusen Rocco Siffredi har i russisk pornografi har antakeleg også samanheng med at han akkurat rakk å verta stor og kjend før den russiske pornobransja vart etablerd. Ikkje berre passa Rocco-filmar godt inn i den russiske samtida, det var også den nye store innan europeisk pornofilm.

5.3 Kroppsideal og kjønnsrollemønster i russisk porno

5.3.1 Kroppsideal

Kropp er eit viktig tema i Russland, og særleg det kvinnelege kroppsidealet har stort fokus. Russiske unge damer er ofte ekstremt slanke, og det er langt sjeldnare å sjå overvektige i Russland enn det er til dømes i Noreg. Ein har også eit sterkt ideal om å vera elegant, og høghæla sko, pynta og velstelte neglar, sterk sminke og dyre smykke er nokre element som er særleg utbreidde og står høgt i kurs i det russiske samfunnet. Til gjengjeld har ein kultur for å skifte på seg langt meir komfortable og uelegante klede, til dømes slåbrokk og tøflar, i det ein kjem heim til si eigne private sfære. Dette kroppsidealet i Russland er ein av dei viktigaste årsakene til at teen-sjangeren står så sterkt i russisk pornografi. Russiske kvinner er gjerne særleg slanke og har små bryst lenge etter at puberteten er over, både fordi dei er slanke og på grunn av kropps- og beinbyggjinga, og dei er dermed lette å karakterisere som teens. Som eg tidlegare har vore inne på skildrar omgrepet «teen» i like stor grad ein estetikk som ei faktisk aldersgruppe, og slektskapet mellom idealet i denne sjangeren og det russiske kroppsidealet er

sterkt. Til dømes er Ivana Fukalot, ei av Russlands mest populære internettpornostjerner, så tynn at ein tydeleg ser ribbeina hennar, noko som stadig gjer at ho vert karakteriserd som teen, trass i at ho i 2010 er 25 år gamal (Freeones 2010:Ivana Fukalot bio).



Kroppsideal: Nettpornostjerna Ivana Fukalot kan trygt seiast å vera slank, og ho passar godt inn i teen-kategorien, trass i sine 25 år.

I den grad ein finn eit kroppsideal for menn i russiske pornofilmar, kan dette seiast å vera den slanke og kortklypte unge mannen. Imidlertid verkar det til å vera nærast tilfeldig kva for menn som deltek i filmane, ein finn i liten grad noko mønster, anna enn at ei rekkje menn går att i veldig mange produksjonar. Dei fleste mannlege aktørane framstår nesten som russarar flest, med vanlege kroppar utan store musklar eller barberde brystkasser, men dei er som regel normalt slanke, utan at dette heller dette er ein regel. Det er nærliggjande å tru at denne manglande profilen når det gjeld menn i russiske pornofilmar har samanheng med at russisk porno i all hovudsak vert produsert for heteroseksuelle menn. Alle heteroseksuelle menn er sjølvstakt ikkje likegyldige til korleis mannlege pornoaktørar ser ut, men pornoindustrien legg likevel langt større vekt på dei kvinnlege aktørane enn på dei mannlege, kanskje enda meir i

Russland enn i Vesten. I den grad russisk pornofilm kan seiast å ha eit mannleg kroppsideal, er iallfall ikkje dette idealet muskelstruttande og solbrune karar som ser ut til å leva livet i treningsstudio, men tvert imot normalt slanke menn.

5.3.2 Kjønnsrollemønster

Det at ein i Russland frå starten av 1990-talet har vorte stadig meir fokusert på skilnader mellom kjønna gjev også tydelege utslag i pornografien. Ein finn så å seie aldri eit kvinneleg maktovertak, sjølv ikkje i femdom-filmar, og det er menn som driv handlinga framover, medan kvinnene er langt meir passive og framstår som objekt for dei mannlege aktørane sitt begjær. Dette bidreg til at kvinnene gjerne framstår som mindre erfarne enn karane, og er enda eit element som gjer at koplinga til teen-sjangeren vert naturleg. Det er imidlertid fleire faktorar enn berre det direkte fokuset på kjønnskilnader som kan tenkjast å bidra til denne mannsdominansen. Parallelt med denne trenda har ein fått ein situasjon kor feminisme og kvinnekamp står relativt svakt i samfunnet, dei er element som minner om ideal frå sovjettida, og i dag vert desse røystene som i liten grad høyrd og vektlagt. Derfor har ein i Russland heller ikkje fått den same diskursen kring pornografi som eit kvinneundertrykkjande fenomen som ein har i Vesten, Noreg inkludert (Goldschmidt 1999:332). Ved at ingen kritiserer pornografien for å vera kvinnefiendtleg, treng heller ikkje pornografane anstrengje seg for ikkje å vera det, og ein ender opp med heile tida å få nye produksjonar kor menn rår medan kvinnene er i fokus. Eit anna moment som spelar inn på forholdet mellom kjønna i russisk pornografi, er det at russiske pornografar har vore opptekne av den russiske mannsrolla, og har ynskt å opparbeide, eller gjenbyggje eit bilete av mannen som sterk og dominant. Ein har ynskt å framstille menn som sjølvsikre og handlekraftige, medan kvinnene i stor grad skal nyte å verta styrde rundt og sleppe å bestemme eller ha for stor påverknad. Iblant kan ein også mistenkje at den tydelege manneprofilen i russisk pornografi er ein form for hemn på det feminine Mor Russland som har øydelagt russiske menn og fått dei til å gløyme korleis dei skal oppføre seg.

Også på dette punktet er det naturleg å koma inn på Rocco Soffredi. I Siffredi sine filmar finn ein gjerne hard handsaming av dei kvinnelege aktørane, til dømes vert dei iblant spytta på, lugga og på ulike måtar audmjuka. Også kropps- og kjønnsidealet i Siffredi sine filmar stemmer godt overeins med det russiske, ein finn tynne kvinner og dominante menn, men rett nok også ofte dominante kvinner, i motsetnad til i russiske pornofilmar. Aktørane må gjerne tåle hard handsaming, det er røff sex, på same måte som ein gjerne finn i russiske filmar. Kroppsidealet og den rå estetikken i Siffredi sine filmar er særskilt viktige faktorar for at nettopp hans produksjonar vert gjort så stas på av russiske pornokonsumentar og -produsentar, medan amerikanske produksjonar på langt nær har same status.

Ein bør imidlertid hugse på at det no finst kvinnelege pornografar i Russland, mellom anna har nokre av Bob Džek-produksjonane kvinnelege regissørar, og i desse filmane ser ein tendensar til mindre bruk av klassiske kjønnsrolle- og maktmønster, sjølv om filmane likevel lyt kategoriserast som standardpornografi. Rett nok er nokre av dei litt uvanlege, slik som den tidlegare nemnde *Zolusjka*, kor ein bryt konvensjonen om at humoren skal ta slutt når sexen set i gang, men desse filmane har like fullt fokus på det mannlege velbehag. Dei fylgjer standarddramaturgien som baserer seg på prosessen frå mannleg opphissing til mannleg utløyning, og den sistnemnde går som regel føre seg over eit kvinneandlet eller inn i ein kvinnemunn. Kameraføringa skapar dessutan eit mannleg fokus kor den vidopne, penetrerte kvinnekroppen vert filma nært og i detalj frå alle tenkjelege vinklar, og tydeleg gjort til objekt for eit heteroseksuelt mannleg begjær. Likevel byr dei kvinne-regisserde pornofilmane stadig på litt anna kameraføring, litt anna form for humor og liknande, så kanskje kan russisk pornofilm i framtida endre seg på dette området, i det minste er det mogleg ein kan få filmar lagd med tanke på kvinner også frå Russland.



Kjønnsrollemønster: Usikker kvinne søker regi med blikket i femdom-filmen *Cockteasing Femdom - Mistress Anna*.

5.4 Det intime ut i ålmenta

Eit uttrykk russiske pornografar verkeleg har knuga til sitt bryst er filmar kor aktørane har sex blant folk. Dette er eit uvanleg sterkt pornografisk uttrykk, ettersom innspelinga er langt mindre føreseieleg og vert ei større påkjenning for alle involverte enn kva innspeling av pornofilmar i studio eller på location er. Ein påtvingar omverda noko intimt som ho i mange tilfelle helst vil sleppe å forhalde seg til. Ein kan sjølvsagt også oppleve å verta avbroten, pågripen av politi og liknande. Altså er det ein krevjande og sterk sjanger som russisk pornoindustri har lagt sin elsk på. Det er uvisst kva tid denne trenda sette i gang, men sjangeren passar i alle høve godt inn i biletet av det pornografiserde russiske samfunnet, kor ein ser tendensar til at pornografi ikkje berre er lett tilgjengeleg, men at ein tidvis får det prakka på seg, og mot si eiga vilje. Eg vil snart koma inn på moglege årsaker til dette fenomenet.

Ein finn det også på internettsida <http://damochka.ru>, kor brukarane kan gje poeng til kvarandre ut frå utsjånad. På akkurat dette punktet er sida lik den norske <http://deiligst.no>, men *Damochka* har også ein eigen sekvens med pornobilete, noko korkje <http://deiligst.no> eller svenske <http://snyggast.se> har. I tillegg har *Damochka* eit betrakteleg eldre publikum enn kva dei skandinaviske sidene har. Dette kan ha samanheng med det sterke idealet om å ta seg godt ut og vera forfengjeleg, eit element som kan sjåast i samband med det post-sovjetiske fokuset på biologiske kjønnskilnader. Som eg tidlegare har vore inne på er dette sistnemnde ei form for motsvar til det sovjetiske kjønnsbiletet. Ein har i Russland i dag eit sterkt venleikspress retta særleg mot russiske kvinner, som bør vera innstilte på å gjera seg attraktive for omverda i det dei går ut i det offentlege rom. Blant bileta på *Damochka* er det også, som tidlegare nemnd, langt fleire utandørsbilete og bilete som ikkje er sjølvtekne enn kva ein finn på dei skandinaviske sidene, i tillegg har ein altså ein eigen pornokategori. Denne markante skilnaden frå dei skandinaviske sidene har antakeleg samanheng med fleire element. For det fyrste er den russiske brukargruppa i hovudsak eldre, dermed vaksnare og ein reknar i større grad med at dei kan ta konsekvensane for handlingane sine, på same tid som dei bestemmer meir over seg sjølve og slepp husarrest eller liknande for å leggje ut nakenbilete på nettet. Eit anna viktig element er Borensteins mykje omtalde overkill. Også i Noreg finst det nettsider kor ein kan leggje ut eigne pornobilete, men desse er dedikerde til pornobruk. *Damochka* er ei alminneleg nettside for vanlege nettbrukarar, like fullt snublar ein veldig lett over grove pornobilete, til dømes er personlege fotografi av tjukke gjenstandar som penetrerer kvinnelege kjønnsorgan utan blygsel lagt ut på denne nettsida som ikkje ein gong krev passord. I eitt tilfelle har nokon lagt ut bilete av ei kvinne som utfører oralsex på ein hest, dette biletet har fått mange røyster og ved sidan av biletet kan ein svare på ei konkurranse kor det går an å vinne ein mp3-spelar, eller ein kan røyste på dagens spørsmål, til dømes om kva for gutenamn som er det finaste. Frå eit norsk synspunkt er denne nettsida absurd med si blanding av trivialitetar, småplukk ein kan gjera, konkurranser å delta i, bilete å røyste på, bloggar å lesa, og så dette biletet av kvinna og hesten. Sjølv sagt let også russarar seg sjokkerte av dette, skilnaden er at slikt likevel kan skje i Russland, kor tankegangen om at ein sjølv skal måtte oppsøkje usømelege uttrykk, og ikkje ufriviljukt verta eksponert for grove scener, står langt svakare enn kva ein gjer til dømes i Noreg.

Kvifor har det så vorte slik at ein i Russland nærast har mista vernet mot uynskte seksuelle uttrykk i ålmenta, og tvert imot gjort pornofilmar frå offentleg stad med ufriviljukt publikum til ei nisje? Eg meiner det kan ha samanheng med at seksualiseringa av samfunnet har skjedd så fort og over så kort tid, og at prosessen har vore så fylt av ynsket om å kunne gjera slikt ein tidlegare ikkje hadde lov til. Det er her prat om eit samfunn kor det i 1989 var eit såkalla vitskapleg faktum at det å sjå på «erotika» konsekvent fører til impotens både for kvinner og menn, og kor ein av årsakene til skepsisen mot pornografi derfor var frykta for å måtte utdanne spesialistar i kunstig befrukting for å kunne gje Sovjetunionen nye generasjonar (Kon 1995:114). Denne noko brokete fortida når det gjeld seksualopplysning, samt skremselspropagandaen som var å finne i samband med seksuelle fenomen og ikkje minst pornografi, gjer at det i dag kanskje er vanskelegare å setja grenser på desse områda i Russland enn i Vesten, ettersom sensur og formynderi kan minne om korleis det var før, noko som ikkje nødvendigvis er populært.

Ein har altså på eitt vis brote med den delen av Foucaults samfunnsanalyse kor han meiner at seksualiteten ved å framstå som ein løyndom eigentleg vert prata om heile tida i våre moderne samfunn (Foucault 1999[1976]:45). I Russland har ein i større grad teke som utgangspunkt at seksualiteten var ein løyndom under sovjettida, og at han derfor ikkje skal vera det lenger. Antakeleg spelar situasjonen frå sovjettida inn også på ein annan måte. Medan seksualitet var ein løyndom i offisielle samanhengar, var det sær nærverande i det daglege, særleg for dei som budde i kommunalkaer i byane. For desse var andre sin seksualitet gjerne ein del av kvardagslivet. Når så seksualiteten i stadig større grad vart eit offentleg anliggjande på slutten av 1980-talet og starten av 1990-talet vart denne eksponeringa av andre sin seksualitet så å seie overført til ålmenta, slik at ein ute i samfunnet måtte forhalde seg til uoppsøkte seksuelle uttrykk på same måte som i kommunalkaen. Tilgangen til andre sin seksualitet, særleg gjennom pornografiseringa av det russiske samfunnet, vart langt sterkare enn vernet mot å verta eksponerd for uynskte seksuelle, primært pornografiske uttrykk. Dermed har det i stor grad vorte slik at kvar enkelt heller må lære seg å sile ut dei inntrykka ein ikkje ynskjer, og at den som ikkje sjølv sensurerer kan få bakoversveis av kva seksualiteten har å by på.



Tilskodar mot sin vilje: Sex på bussen blant raudmande medpassasjerar i filmen *Vsio dozvoleno*.

5.5 Lovleg eller ulovleg, akseptert eller ikkje

Sjølv om ein etter Sovjetunionens fall har fått ein eksplosjon av pornografi i Russland, både når det gjeld representasjon av pornografi i den russiske ålmenta og produksjon av russisk pornografi, har ein ved visse høve sett russiske styresmakter og andre autoritetar i Russland få moralsk panikk over uttrykk i tida. Den allmenne pornoen har rett nok fått versere relativt uavbrote, noko som var heilt uaktuelt under Sovjetunionen, og når russiske autoritetar har tydd til lovverket kring pornografi, har dette i hovudsak vore på grunn av element som ikkje er pornografiske. Fyrste gongen var under saka mot pornobladet *Jesjtsjo*, kor den kriminelle handlinga hadde vore å lage eit blad som kombinerte pornografiske bilete med tekstar som var i overkant intelligente. Sjølve det pornografiske innhaldet var altså gangbart, problemet var tekstane som ikkje var platte og dumme, men hadde kunstnariske kvalitetar. Seinare kom saka mot forfattaren Vladimir Sorokin, som openbert ikkje hadde lagd pornografi, men som fekk desse anklagane mot seg fordi ein ynskte å dra han ned i ei søle og skitne han til. Også her var problemet at ein kombinerte kjønnsleg omgang med intelligent litteratur, og hand-saminga av Sorokin kan skildrast som eit gufs frå sovjettida. Ved å nytte anklager om

pornografi freista ein å stogge det ein såg på som ei ikkje-oppbyggjeleg og uynskt bok. Den post-sovjetiske pornografihistoria har altså synt at pornografi i all hovudsak er akseptert i det russiske samfunnet så lenge han ikkje gjev seg ut for å vera anna enn ein lågkulturell ereksjonsframbringar og held seg på det låge intellektuelle nivået kor ein forventar å finne han. Imidlertid tyder fråveret av pornografisaker det siste tiåret på at haldningane har endra seg noko. Rett nok omhandlar pornografilovverket i dag utelukkande distribusjon, men det var også tilfelle under oppstyret kring Sorokins *Blått fett*, utan at det var til hinder for eit søksmål. Ein skal også hugse at Sorokins libretto til operaen *Rosenthals barn* førde til pornoanklager og demonstrasjonar i 2005, men desse var langt mindre i omfang og viktigskap enn kva ein hadde sett under *Blått fett*-saka. Ein ynskte antakeleg å syne fram at ein ikkje hadde gjeve opp, at Sorokin burde passe seg og at han stadig var under oppsyn, men ein fekk både mindre merksemd og dårlegare gjennomslag. Desse demonstrasjonane kan mest av alt sjåast på som ei krampetrekning etter det store oppstyret tre år tidlegare. Så vidt meg bekjent har det ikkje vore noko pornografisak i Russland etter søksmålet vedrørande *Blått fett* i 2002, og eg ser fråveret av moralsk panikk kring Bob Dzbek sine filmar nærast som ein lakmустest på at haldningane overfor pornografi har endra seg noko. Bob Dzbek er ein kjent figur i russiske media, han har delteke på ei rekkje fjersynsprogram, og samstundes lagd pornofilmar som klårt bryt den farlege grensa mellom låg- og høgkultur. Det at det ikkje har vorte oppstyr kring den relativt velkjende publikasjonen av *Jevgenij Onegin* som pornofilm, med Pusjkins originaltekst endra til å omhandle mellom anna sex og narkotika, ser eg som eit teikn på at ein i Russland i dag let pornografar halde på med sitt så lenge dei held seg innanfor dei lovverka som finst. At pornografar kan vera intelligente har dermed kanskje vorte akseptert i Russland, og berre framtida vil syne om uttrykk som slett ikkje er pornografiske framleis kan skuldast for å vera porno, med det som mål å dra dei ned til det lågkulturelle sjikt. Kanskje er det ikkje lenger verre med umoralsk litteratur i bokhandelen enn gangbang-filmar i sjappa bak metroen, slik ein tidvis har fått inntrykk av, sidan litteraturen ifylgje mange bør stå for noko meir høgverdig og moralsk.

Det at ein i 1997 gjorde paragraf 221 om til 242, og med det endra lovverket kring pornografi til berre å omhandle illegal distribusjon av pornografisk materiale, har medført at

pornografiske skildringar no er lovlege i Russland. Det har i sin tur førd til at paragraf 242 framleis står så å seie ubrukt, og han kan i dag sjåast på som eit såkalla sovande lovverk, eit lovverk som kan verta teke i bruk dersom nokon trør for langt i feil retning. Så vil kanskje tida syne kor vidt det er russiske pornografar som har mest å frykte frå det pornografi-stemplande russiske moralpolitiet, og om omgrepet pornografi i dag utelukkande omhandlar det ereksjonsframbringande, eller om det stadig er det ikkje-pornografiske som står i fare for å verta ramma.

5.6 Pornografi trass i eller på grunn av

I løpet av dei siste ti åra har ei rekkje kritiske journalistar og menneskerettsaktivistar vorte likviderde eller forsvunne på mystisk vis i Russland, og landet har rasa nedover lista over dei friaste og mest transparente landa i verda. Ein har fått ei meir einerådig statsmakt enn ein hadde på 1990-talet, noko som har førd til auka stabilitet, men også større grad av einsretting. Russiske styresmakter har i stor grad slege ned på uynskte element i samfunnet, og i tillegg har Den ortodokse kyrkja fått stadig meir politisk og samfunnsmessig makt, mellom anna fordi mange har følt at moralen har vorte stadig meir borte i det russiske samfunnet, og meiner kyrkja kan få han attende. Eit døme på dette er at fleire av dei sovjetiske rockebanda, som i sin ungdom kjempa mot styresmaktene og ynskte seg fridom til å leva livet som dei ville, no står i leietog med den ortodokse kyrkja og syng nasjonalistiske, regime- og kyrkjelojale songar. Dette er meint til å vera ein moralsk oppbyggjeleg motsats til den sex-fikserde og uengasjerde popsa-kulturen som i dag rår russiske tv-kanalar og salslister (Steinholt 2006). Ein har altså i nokon grad på nytt fått ein ideologi, ein russisk nasjonalisme å leva ut frå. Derfor meiner eg det er særst interessant å sjå korleis pornografi side om side med desse tendensane har fått stadig større aksept. Det ville vera nærliggjande å tenkje at innskrenka ytringsfridom også kunne medføre sensur av dette fenomenet som møter så stor motstand og har så liten samfunnsmessig nytte. Ikkje minst ville det vera naturleg at styrkinga av Den ortodokse kyrkja, og det medfylgjande fokuset på moral og kristne verdiar, kunne bremse ned utbreiinga av pornografi i Russland og gjeva den russiske pornograibransja

vanskelegare tider. Pornografien ser ut til å ha sterke krefter mot seg, men lever trass i desse tilsynelatande stadig tryggare.

Det vil etter mi meining vera naivt å sjå på dette som eit tilfeldig paradoks. Sjølv om det skal godt gjerast å hindre pornotilgang via internett, kan russiske styresmakter innskrenke representasjonen av pornografi i samfunnet for øvrig om dei ynskjer det, det ville antakeleg neppe føre til særleg motstand frå ytringsfridomsaktivistar eller andre, då desse har nok ytrings- og kritikkfridom å kjempe for frå før og neppe ser pornografien som eit uttrykk det er verd å leggje seg i lenker for. Porno kunne lett ha vorte ein sydebukk for det moralske forfallet, og dermed vorte fjerna frå butikkar og offentlege stader, på same tid kunne russiske styresmakter ganske lett ha lagt hindringar i vegen for pornografar slik dei har gjort og gjer med menneskerettsaktivistar, journalistar og andre regimekritikarar. Imidlertid skjer ikkje dette, og eg meiner dette kan ha samanheng med fleire element. For det fyrste er ikkje pornografien eit trugsmål mot den politiske makta. Den meiningsytringa som måtte finnast i pornografi vert i alle høve ikkje teken på alvor, og pornofilmar er dessutan ei god vare i marknadsøkonomien. Diverre finst det ikkje statistikk kring emnet, men det er langt frå usannsynleg at Russland kan ha vel så stor eksport av pornofilmar som av spelefilmar, og pornoen er også billegare å lage. For det andre meiner eg popularitet er eit poeng. Det vert hevda at ein dei siste åra har fått eit aukande fokus på offentlege festdagar i Russland, at det er eit utal fridagar som har vorte stadig meir prega av folkefest, og kritiske røyster har hevda at dette er ein måte å passivisere det russiske folket på; at styresmaktene ved å la dei få feste og ha det gøy slepp unna med brot på menneskerettar, innskrenking i borgarrettar og ytringsfridom og utvikling av ein gradvis meir autoritær politikk. Det lyt presiserast at dette er eit utbreidd synspunkt, ikkje eit objektivt faktum. Imidlertid vil pornografien sin status passe godt inn i biletet. Pornografi er populært, ikkje politisk sett, men blant folk. Sjølv om ein altså har sterke og Kreml-nære røyster som kjempar for å få slutt på umoralen i samfunnet, kan pornografi vera eitt av elementa som får leva fordi det passiviserer og gjer folk tilfredse. På same måten aukar heller ikkje alkoholavgiftene, same kor stort problem alkoholisme er. Kanskje har ein lært frå Mikhail Gorbatsjovs anti-alkohol-kampanjer at visse område må få

vera i fred om ein ynskjer folket på si side (Egge 2003:273). Kan hende vert det lettare å styre som ein vil dersom ein let folk ha alkoholen, pornofilmane og fridagane sine i fred.

Eitt anna element som kan spela inn er korleis moralpolitiet i Russland har endra seg frå sovjettida, og dei som får moralsk panikk i dag er ikkje dei same som fekk det på 1990-talet. Etter Sovjetunionens fall kom protestane hovudsakleg frå skrekkslagne sovjetborgarar som tykte samfunnet gjekk over stakk og stein. I dag er desse i stor grad bytte ut med yngre, nasjonalistiske russarar som har det russiske samfunnet som utgangspunkt, ikkje det sovjetiske. Ein kan også sjå at motstanden mot pornografi i Russland i dag hovudsakleg byggjer på religiøse motiv. Det er få som protesterer mot pornografien med det som grunnlag at han er til dømes kvinneundertrykkjande eller menneskefiendtleg, i all hovudsak hevdar pornomotstandarane i Russland i dag at porno er umoralsk ut frå eit verdikonservativt familiesyn som botnar i religiøse overtendingar. Sjølv sagt finst framleis sovjetkommunistane, mellom anna var det kommunistpartiet som lanserte den sensurerde søkjemotoren *Engels*¹⁵, men større gjennomslagskraft i dag har nok dei Kreml-lojale grupperingane, i stor grad ungdommar, som byggjer sin ideologi på kapitalisme og nasjonalisme. Rett nok har desse ofte forankring i kristne verdiar, men nasjonalisme verkar å vera vel så viktig som kristenmoral. Pornografi treng ikkje nødvendigvis vera eit onde for desse grupperingane, då det både set folk i arbeid, bidreg til handel med andre land og kan vera med på å stimulere det særussiske.

¹⁵ Truleg var lanseringa av *Engels* berre ei markering av standpunktet om at mediestraumen bringer med seg for mykje snusk og søppel som treng siling. Eitt år etter at *Engels* vart annonsert er sjølve søkjemotoren framleis ikkje å finne på internett.



Patriotisme: Også pornografien spelar på russiske spesialitetar, i dette tilfellet ishockey. Scena er frå filmen *Ljodovoje poboisjtsje*.

5.7 Russisk seksualitet før og etter sovjetperioden

Ein kan lett få inntrykk av at det knapt har vore seksualitet i Russland før 1990-talet, og iallfall ingen pornografi. Imidlertid stemmer ikkje dette heilt, for sjølv om ein undertrykte seksualiteten og let vera å bringe han inn i ålmenta under størstedelen av sovjettida, var den russiske seksualiteten og den frigjorte haldninga overfor kropp og kroppsbruk godt kjend utanfor dei russiske landegrensene i århundra før. Dette er godt dokumentert, særleg av utlendingar som let seg sjokkere i Russland. Den kroatiske katolske presten Juraj Krizjanitsj levde i Russland frå 1659 til 1677 og skreiv ned mellom anna om den russiske haldninga til homoseksualitet: «[H]ere in Russia they simply joke about that disgusting crime, and nothing is more publicly talked about in light-hearted banter: some laud it as a sin, others rebuke the rest, still others dare people to sin; all that remains is for someone to commit the crime in full public view» (siterd i Kon 1995:16). På byrjinga av 1900-talet var seksualitetsspørsmål viktige i samfunnsdebatten, mellom anna var dei vesentlege under 1905-revolusjonen. På den eine sida hadde seksualiteten gått frå å vera eit utelukkande moralsk tema til også å vera eit juridisk, mellom anna med lovverket mot mannleg homoseksualitet som kom i 1832. På den

andre sida hadde grensene for kva ein kunne tillate seg i ålmenta vorte tøygd. Mellom anna fekk ein avisoverskrifter som «Korleis slukke den seksuelle tørsten» og «Alle kvinner kan få idealbysta», samt annonser kor nakne damer vart nytta som blikkfang (same stad:36). Ein fekk ei deling i samfunnet mellom dei som ynskte seksualiteten velkomen og dei som fekk moralsk panikk og kjempa mot liberalisering på dette området. Dei radikale grupperingane meinte folket tydde til sex og personleg glede fordi det var oppgjeve og skuffa over kor lite betring 1905-revolusjonen hadde førd med seg. Ytre høgre fløy, med den anti-semittiske og særers religiøse grupperinga *Dei svarte hundre* i spissen meinte imidlertid at heile seksualitets-spørsmålet var jødane sin feil, som forpesta landet med bordella sine (same stad). Ein kan lett sjå parallellar til situasjonen i Russland hundre år seinare, kor religiøse moralistar er fortvilte over seksualiseringa og pornografiseringa, medan til dømes det auka pornoforbruket i Russland i like stor grad som å vera ledd i ei seksuell frigjering nok kan sjåast på som ei form for eskapisme, kor ein ynskjer seg bort frå den kvardagslege russiske røynda. Det er dessutan interessant å sjå at sjølv om ein tilsynelatande var open overfor seksualitet på starten av 1900-talet, vart advokaten Vladimir Nabokov (far til den kjende forfattaren) sitt forslag om legalisering av homoseksualitet i 1902 sett på som sjokkerande radikalt og heilt i utakt med tidsanda (same stad:46). Ein ser også i historia til Natalia Gontsjarova at liberaliseringa av seksualiteten ikkje strakk seg lengre enn til næraste heteronormative pupp, noko som også kan minne om situasjonen hundre år seinare. Sjølv om ein kan snuble over seksuelt eksplisitte filmar i nærast einkvar russisk filmbutikk, er det til dømes ein lang veg å gå før seksuelle minoritetar har ein reell fridom i det russiske samfunnet.

6 Konklusjon

6.1 Russisk pornografi frå 0 til 100 på tjue år

Russisk pornografi har vakse seg stort på kort tid i perioden etter perestrojka, og ein kan seie at forholda låg særst godt til rette for pornografar i Russland tidleg på 1990-talet. Ein hadde gjennom tsjernihukha-filmene sett russiske jenter prostituere seg mot framand valuta, og ein skjønte at nye moglegheiter låg opne for den moderne russiske kvinna. Rett nok gjekk det sjeldan eller aldri bra med desse filmkarakterane, men prostitusjon mot utanlandsk valuta vart like fullt sett på som eit reellt og nærast trendy yrkseval for unge damer. Tsjernihukhafilmene brakte også med seg vaksenscenene, og seksualitet vart eit tema ein kunne ta med seg inn i ålmenta for fyrste gong på mange tiår. Sovjetunionens fall førde dessutan med seg ei valdsam liberalisering av samfunnet, kor alt vestleg no vart sett på som spanande. Lettkledde reklamedamer og pornografi vart viktige symbol på den nye tida; lettliva element som tidlegare hadde vore forbodne eller sett på som uynskte. Det låg i tida og i Boris Jeltsins plan at det sovjetiske no skulle fjernast, og ein ville då mellom anna kvitte seg med sovjetiske kjønnsideal kor kvinner måtte arbeide som menn og kor seksualiteten var noko ein heldt for seg sjølv og resten av kommunalkaen. Ein ville bort frå den såkalla feminismen bolsjevikane hadde påført landet, no var det tid for kjønnskilnadar og ulik oppseding av gutar og jenter. Den opne framtida skulle fyllast med mest mogleg av det ein ikkje hadde hatt lov til å ha i fortida, og mange av desse nemnde elementa gjorde pornografien til ein naturleg og velkomen nykomar i Russland. I tillegg må ein ta med at vestlege pornografar var kjappe til å setja i gang porno-produksjon i det tidlegare Sovjetunionen og resten av Aust-Europa, dermed skjønte også dei innfødde at det var pengar å tene på dette. Dessutan var den teknologiske utviklinga på russiske pornografar si side, ein fekk på denne tida tak i stadig billigare og betre foto-, opptaks- og redigeringsutstyr. Dei russiske pornografane slapp å gå vegen om dyrare og mindre anvendelig utstyr, dei kunne hoppe inn i løpet på eit gunstigare tidspunkt. Rett nok tok det nokre år før pornofilmproduksjonen verkeleg kom i gang i Russland, men blad og foto kom raskare i gang.

I det nye Russland har ein hatt eit sterkt ynskje om å ta avstand frå det tidlegare Sovjetunionen på ei rekkje område, til dømes når det gjeld sensur, reklame, seksualitetspolitikk med meir, og dette har førd til at ein berre i liten grad har lagd restriksjonar og grenser for kva som er akseptert. Det har vore, og er nok i ei viss grad framleis, upopulært å føreslå eller gjennomføre innstramming av kva som er gangbart til dømes i det offentlege rom. Denne trongen til å skulle kunne gjera nærast kva som helst har mellom anna førd til at ein i Russland produserer ei rekkje pornofilmar som er lagd på høgljos dag blant vanlege, raudmande byborgarar. Faktisk er dette eit fenomen som den russiske pornobransja held på med i større grad og langt meir skamlaust enn kva ein finn blant nasjonalitetar flest, ein kan utan å vera for bombastisk seie at Russland kanskje er det leiande landet i verda på dette området. Også i samfunnet elles har ein i stor grad lagt frå seg blugskap og hemningar kring seksuelle tema, og russiske internettsider, reklamer og blad, så vel som russisk politikk ber preg av den pornografiseringa Russland har gått gjennom i løpet av dei siste tjue åra. Den allmenne pornografiseringa har i kombinasjon med ynskjet om å sjokkere og tøyse grenser, det såkalla overkill, gjeve som resultat at ein i Russland i dag kan verta påprakka ekstreme pornografiske uttrykk utan sjølv å ynskje det. Det har også førd til at politikarar og andre offentlege personar kan koma med utsegn som frå ein norsk ståstad er langt over kanten. Likevel har det synt seg at ein i det post-sovjetiske Russland kan gå for langt i å presentere pornografi eller pornografiliknande element saman med uttrykk som ikkje er låg-kulturelle. Både pornobladet *Jesjtsjo* og forfattaren Vladimir Sorokin har fått kjenne på huda at det post-sovjetiske Russland på nokre område har fellestrekk med det før-sovjetiske, kor mellom anna kunstnaren Natalia Gontsjarova vart tiltala for å lage pornografi når ho måla akt-bilete. Ein har sett på rein pornografi som heller ufarleg, men fått moralsk panikk når den lågkulturelle pornografien har vorte blanda med meir intelligente uttrykk og omvendt. Også når det gjeld seksualitet elles finn ein slektskap mellom det post- og før-sovjetiske Russland, til dømes hadde russiske aviser tidleg på 1900-talet enkle og salsfremjande saker om ulike seksuelle tema, slik aviser også i dag aukar salstalet ved å pirre lesarane sine. Etersom Sovjetunionen har vorte fjernare i minnet har ein imidlertid utvikla forholdet til pornografiske og sterke seksuelle uttrykk, og det går no stadig lengre mellom kvar gong det bryt ut moralsk panikk over slike utgjevingar.



Satire: Det russiske alkoholproblemet teke opp på ein ny måte i filmen *XL0038 — Ljubitel'skoje video*.

Sjølv om ein i visse russiske pornofilmar finn samfunnskommentarar og satire, syner brorparten av russisk porno heilt enkelt menneske som har sex. Likevel seier også denne meir ugjennomtenkte pornografien mykje om det post-sovjetiske samfunnet: Kvinneleg makt-dominans førekjem så å seie aldri, det er menn som driv handlinga framover. Som tilskodar får ein presenterd eit grått og ofte gledeslaust, tidvis direkte tarveleg univers kor dei som har sex ikkje er forsøkt gjort fine, og kor dei ikkje nødvendigvis ser ut til å like kvarandre. Ein får presenterd eit kvinneleg kroppsideal som går ut på å vera så tynn som mogleg, vera sterkt sminka og elles framstå elegant, medan ein blant dei mannlege aktørane finn så stor variasjon at det knapt går an å definere eit ideal, anna enn at det verkar til å gje noko høgare status å vera slank enn å vera stor. Den grå og tidvis livlause estetikken i russiske pornofilmar kan sjåast i samanheng både med korleis den internasjonale trenda innan pornofilm var tidleg på 1990-talet, då den russiske pornobransja vart etablert, og ikkje minst i samanheng med tsjernukhaen, som kom til å setja eit sterkt preg på russiske filmar og andre kreative uttrykk etter perestrojkaen. Det at ein i krinsen rundt pornoprodusenten Bob Dzejek også finn kvinnelege pornoregissørar som lagar eksperimentell standardporno, kan vera eit teikn på at framtida kanskje fører med seg russiske pornofilmar lagd for kvinner, med eit alternativt

fokus og gjerne andre konvensjonar som bryt med den mannsdominansen og tidvis manns-sjåvinismen som finst i russisk porno i dag. Ideellt sett ville ein slik alternativ pornografi, om han fekk større utbreiing enn den allereie eksisterande indiepornoen, også ha opna auga for russiske kvinnelege pornoaktørar, og bremsa tendensen til at vestlege pornografar reiser til Russland og lagar audmjukande filmar med russiske kvinner.

6.2 Pornografi som symbol på det post-sovjetiske Russland

På same måte som glasnost og tsjernukha knapt kan sjåast kvar for seg, meiner eg pornografi og det post-sovjetiske Russland også heng uløyseleg saman. Pornografien vert ståande som eit symbol på distansa frå Sovjetunionen, symbolet på at Russland skal vera noko nytt og anna, noko liberalt og ope. Dette at pornografien er eit moderne fenomen har manifestert seg mellom anna ved at sjangeren har fått eit eige ordforråd, sterkt influert av engelsk. Det russiske språket har synt seg upassande, sidan daglegspråket er for mildt og det grove språket, det såkalla *mat*, er for grovt og manglar erotisk ladning. Ein har istaden funne meir internasjonale omgrep, som også vert teikn på den nye tida. Eit anna slikt symbol er homoseksualitet, og det at homoporno er såpass utbreidd i Russland er verd å merke seg, ettersom både pornografi og open homoseksualitet utelukkande er post-sovjetiske fenomen. Russiske homoseksuelle har, trass i legaliseringa av homoseksualitet, hatt vanskelege tider i eit Russland prega av skepsis mot seksuelle minoritetar, og kanskje derfor, fordi ein vert stilt på sidelina av samfunnet, har forholdsvis mange homoseksuelle vorte involverte i produksjon av pornografi. Homoseksualitet og pornografi er båe to moderne fenomen som folk flest kanskje har hatt litt vanskar med å forhalde seg til. Imidlertid har store endringar skjedd på båe desse frontane i løpet av dei siste tjue åra.

Det at den russiske pornografien stadig får gå lengre i sine seksuelle skildringar er ikkje berre eit symptom på at det er upopulært å setja grenser for sterke visuelle uttrykk i det post-sovjetiske Russland, det har antakeleg også politiske årsaker. Russland kan i praksis ikkje seiast å ha vorte like fritt som ein hadde von om då Sovjetunionen fall, ein har fått eit aukande korrupsjonsproblem, kritiske journalistar og menneskerettsaktivistar forsvinn eller vert drepne

og den politiske opposisjonen har fått stadig vanskelegare kår. I dette biletet spelar pornografien rolla som eitt av dei nye og liberale elementa, noko av det som var utenkjeleg under Sovjetunionen, og som dermed stadfestar Russland som eit fritt land tilsynelatande utan sensur, sjølv for dei mest ekstreme seksuelle uttrykk. Trass i aukande fokus på moral og auka innflyting frå religiøse kreftar får pornografien leva, kanskje på grunn av symbolverdien for det moderne russiske samfunnet. Eitt moment er at pornografien sin bruk av kropp som ei salsvare passar godt inn i den frie marknadsøkonomien, det gjev assosiasjonar til den amerikanske draumen og tanken om at kvar og ein kan koma seg fram i verda på eiga hand, utan å verta ramma av statlege reguleringer. Viktigare er kanskje likevel pornografien si passiviserande rolle overfor befolkinga. Å bremse pornografien i dag ville vera eit tydeleg teikn på at ein innskrenkar det russiske folket sine rettar, og tilgangen til porno gjer for russiske styresmakter sin del lite politisk skade i forhold til den tilfredsstillinga han gjev det russiske folket. I eit samfunn som per i dag slit med arbeidsløyse, korrupsjon, vald og diverre fleire andre store problem, kan det vera nyttig for statsmakta å la innbyggjarane nyte festdagane sine, den billege alkoholen og den lett tilgjengelege pornografien, for på den måten sjølv å få fred. I denne samanhengen kan pornografi i dag sjåast på som eitt av det kapitalistiske Russlands glidemiddel for å få befolkinga til å vera tilfredse med det dei har, og ikkje gjera opprør mot det Russland ein har fått.

7 Kjeldeliste

Litteratur:

Barker, Adele Marie: «The Culture Factory: Theorizing the popular culture in old and new Russia», henta frå Barker, Adele Marie (red.): *Consuming Russia – Popular culture, sex, and society since Gorbachev*, Duke University Press, Garham + London 1999.

Belova, Darja [Белова, Дарья]: «Голая правда» [Den nakne sanninga], artikkel i *Большой Город* 19. mars 2008: <http://www.bg.ru/article/7355/> (sjekka 6. mai 2010).

Berdjajev, Nikolaj (Бердяев, Николай): *Русская идея* [Den russiske idè], Издательский дом «Азбука-классика», Sankt Petersburg 2008 [1946].

Bernardi, Daniel: «Interracial Joysticks: Pornography's Web of Racist Attractions», henta frå Lehman, Peter (red.): *Pornography – Film and Culture*, Rutgers University Press, New Brunswick + New Jersey 2006.

Blindheim, Anne Marte: «Russere raser over porno-opera», henta frå *Dagbladet* 24. mars 2005, <http://www.dagbladet.no/kultur/2005/03/24/427099.html> (sjekka 6. mai 2010).

Borenstein, Eliot: «Suspending Disbelief: 'Cults' and Postmodernism in Post-Soviet Russia», henta frå Barker, Adele Marie (red.): *Consuming Russia – Popular culture, sex, and society since Gorbachev*, Duke University Press, Garham + London 1999.

Borenstein, Eliot: *Overkill – Sex and violence in contemporary Russian popular culture*, Cornell University Press, Ithaca + London 2008.

Boym, Svetlana: «From the Toilet to the Museum: Memory and Metamorphosis of Soviet Trash», henta frå Barker, Adele Marie (red.): *Consuming Russia – Popular culture, sex, and society since Gorbachev*, Duke University Press, Garham + London 1999.

Cante, Rich C. og Restivo, Angelo: «The 'World' of All-Male Pornography: On the Public Place of Moving-Image Sex in the Era of Pornographic Transnationalism», henta frå Gibson, Pamela Church (red.): *More Dirty Looks – Gender, Pornography and Power*, BFI Publishing, London 2004.

Cramer, Florian og Stewart Home: «Pornographic Coding», henta frå Jacobs, Katrien, Janssen, Marije og Matteo Pasquinelli (red.): *C'lick me – A Netporn Studies Reader*, Institute of Network Cultures, Amsterdam 2005.

Dzjek, Bob (Джек, Боб): *POR-NO!*, Storoff Project, Амфора / Усков и Партнеры, Sankt Petersburg 2007.

Essig, Laurie: *Queer in Russia – A story of sex, self and the other*, Duke University Press, Durham og London 1999.

Foucault, Michel: *Seksualitetens historie I – Viljen til viten*, omsett til norsk av Espen Schanning, Pax forlag, Oslo 1999 [1976].

Freeones.com: *Ivana Fukalot bio*, http://www.freeones.com/html/i_links/bio_Ivana_Fukalot.php (sjekka 6. mai 2010).

Goldschmidt, Paul W.: «Pornography in Russia», henta frå Barker, Adele Marie (red.): *Consuming Russia – Popular culture, sex, and society after Gorbachev*, Duke University Press, Garham + London 1999.

Hirdman, Anna: «'Please vote nicely...!'» - Visualizing gender on-line, henta frå Knudsen, Susanne V., Löfgren-Mortensen, Lotta og Sven-Axel Månsson (red.): *Generation P? - Youth, Gender and Pornography*, Danish School of Education Press, København 2007.

Hoffman, David E.: *The Oligarchs – Wealth and Power in the New Russia*, Public Affairs, New York 2003.

Hønneland, Geir: *Barentsbrytninger – Norsk nordområdepolitikk etter den kalde krigen*, Høyskoleforlaget, Kristiansand 2005.

Jacobs, Katrien: *Netporn – DIY Web Culture and Sexual Politics*, Rowman & Littlefield Publishers, Inc., Maryland 2007.

Kipnis, Laura: «How to Look at Pornography», henta frå Lehman, Peter (red.): *Pornography – Film and Culture*, Rutgers University Press, New Brunswick + New Jersey 2006.

Kon, Igor og James Riordan: *Sex and Russian Society*, Indiana University Press, Bloomington og Indianapolis 1993.

Kon, Igor S: *The Sexual Revolution in Russia – From the age of the Czars to Today*, The Free Press, New York 1995.

Legislation Online: <http://www.legislationline.org/documents/section/criminal-codes> (sjekka 6. mai 2010).

McNair, Brian: *Mediated Sex – Pornography & Postmodern Culture*, Arnold, Hodder Headline Group, New York 1996.

Mohr, Bernhard Laugaland: *Satire og språklig variasjon i Il'f og Petrovs 'Zolotoj Telënok' og Vladimir Sorokins 'Goluboe salo'*, Hovudoppgåve i russisk, Universitetet i Oslo 2004.

Mühleisen, Wencke: «Kjønn, sex og medier», henta frå Lorentzen, Jørgen og Wencke Mühleisen (red.): *Kjønnsforskning – en grunnbok*, Universitetsforlaget, Oslo 2006.

Pelevin, Victor: *Generasjon P*, J.W. Cappelens forlag, Oslo 2003 [1999].

Russia Today 12. januar 2009: *No sex please, we're communists*, http://rt.com/prime-time/2009-01-12/No_sex_please__we_re_communists.html (sjekka 6. mai 2010).

Sabo, Anne G.: «A vision of new porn – How women are revising porn to match a time of greater gender equality», henta frå Knudsen, Susanne V., Löfgren-Mortensen, Lotta og Sven-Axel Månsson (red.): *Generation P? - Youth, Gender and Pornography*, Danish School of Education Press, København 2007.

Sharp, Jane A: «Redrawing the Margins of Russian Vanguard Art – Natalia Goncharova's Trial for Pornography in 1910» henta frå Costlow, Jane T.; Sandler, Stephanie og Judith Vowles (red.): *Sexuality and the Body in Russian Culture*, Stanford University Press, Stanford California 1993.

Sorokin, Vladimir: *Blått fett*, Norstedts förlag, Norrström 2001 [1999].

Sorokin, Vladimir: *Køen*, Flamme forlag, Oslo 2009 [1985].

Steinholt, Yngvar B.: Førelsnad i *RUS-2021, Russisk tekst for Russlandsstudiet*, Universitetet i Tromsø, oktober 2006.

Stenersen, Robin: «Putin-glipp om israelsk sex-skandale», artikkel henta frå *VG Nett* 19. oktober 2006, <http://www.vg.no/nyheter/utenriks/artikkel.php?artid=134731> (sjekka 6. mai 2010).

Titova, Irina: «Female Student Denied Right to Drive Metro Trains», artikkel henta frå The St. Petersburg Times no. 17 (1455), 10. mars 2009.

Transparency International: http://www.transparency.org/policy_research/surveys_indices/cpi/ (sjekka 6. mai 2010).

Willerton, John P.: «Putin and the Hegemonic Presidency», henta frå White, Stephen; Gitelman, Zvi og Richard Sakwa: *Developments in Russian Politics 6*, Palgrave Macmillan, Hampshire og New York 2005.

Filmografi:

Benger, Robin: *Porndemic*, CBC Doc Zone, Kanada 2009.

Clark, Christoph: *Russian Angels 2*, Christoph Clark Productions, USA 2009.

C.Y.I. Studio: *Рвание понки*, Evrosex.ru

Dorcel, Marc: *Russian Institute Holidays*, Marc Dorcel S.A., Paris 2008.

Dzjek, Bob (Джек, Боб): *Амазонки предпочитают викингов*, Tanya Tanya Film, Sankt Petersburg 2008.

Korda, Richard: *Russian Institute Lesson 2*, Marc Dorcel S.A., Paris 2004.

Korda, Richard: *Russian Institute 7*, Marc Dorcel S.A., Paris 2006.

Nazarytsj, Akakij (Назарыч, Акакий): *Школьник*, SP-Company, Sankt Petersburg 2003.

Oganezov, Armen (Оганезов, Армен): *Все дозволено*, Studio Eros Film, Sankt Petersburg 2003.

Oganezov, Armen (Оганезов, Армен): *Сексуальный Петербург*, SP-Company, Sankt Petersburg 2000.

Parker, Trey og Matt Stone: «Over Logging», *South Park sesong 12, episode 6*, Comedy Central 2008.

Petrovitsj, Nestor (Петрович, Нестор): *Русские уроки правильного секса*, SP Company, Sankt Petersburg 2004.

Petrovitsj, Nestor (Петрович, Нестор): *С легким враном, или ирония судьбы — вторая серия*, ТА-ТУ Компани и Вовочка 2007.

Prjanisjnikov, Sergej (Прянишников, Сергей): *Дом 2, или как заняться любовью с Еленой Берковой*, SP-Company, Sankt Petersburg 2004.

Prjanisjnikov, Sergej (Прянишников, Сергей): *Евгений Онегин*, SP-Company, Sankt Petersburg 2003.

Prjanisjnikov, Sergej (Прянишников, Сергей): *Ледовое побоище*, SP-Company, Sankt Petersburg 2002.

Prjanisjnikov, Sergej (Прянишников, Сергей): *Школьница 4 — или Маньяк-директор*, SP Company, Sankt Petersburg 2003.

P.S.V (П.С.В.): *Русские дебютантки 12*, ТА-ТУ Компани и Вовочка 2007.

Rasputin, Jevgenij (Распутин, Евгений): *Белые ночи Санкт-Петербурга — 300-летию города посвящается*, SP-Company, Sankt Petersburg 2001 (!).

Rasputin, Jevgenij (Распутин, Евгений): *Институтки*, SP Company, Sankt Petersburg 2001.

SCORE Group, The: *Russian Pussy Party*, The SCORE Group, Miami 2006.

Seventeen: *Russian teens vol 4*, Video Art Holland 1999.

Siffredi, Rocco: *Rocco Ravishes Russia*, Evil Angel, Los Angeles 2004.

Siffredi, Rocco: *Russian Teen Obsession*, Evil Angel, Los Angeles 2007.

Sjarkov, Andrej (Шарков, Андрей): *Масленица*, SP-Company, Sankt Petersburg 2004.

Tanejeva, Tatjana (Танеева, Татьяна): *Золушка*, SP-Company, Sankt Petersburg 2003.

Teen Sky Studio: *Ekaterina 18 Virgin Sex*.

Thring, Frank: *Russian Dolls Uncut*, In-X-Cess Productions 2002.

Yam-yam Video Productions: *Yam-yam 29 – Russian Eighteens*.

Yam-yam Video Productions: *The best of Russian 18s volume 1*.

Filmar utan informasjon kring publikasjonen:

Amateur18: Flexible Russian Teen

Cockteasing Femdom – Mistress Anna

Cockteasing Femdom – Mistress Dasha 2

Cockteasing Femdom – Mistress Dasha 3

DaMcash.com – Olia foursome

DildoAndFisting.com - Alisa

GeoXXX – Teens for Cob & Company

Ivana Fukalot – 21.04.2006

Ivana Fukalot – 19.05.2006

Ivana Fukalot – Break a leg

Ivana Fukalot – Young Couple

Julia, Russian Beauty, 2001.

Любовное наслаждение

Moscow Teens 5

PopPorno – Hardbang

Potro Video – Straight Russian College Men

Прекрасная русская жизнь

RA36 – Maria Kashirova

Russian MILF has fun with young guy

Seduced Army Boys – Russian Soldier 32

Seduces Army Boys – Russian Soldier 34

Seduced Army Boys – Russian Soldier 37

Shut gangbanged by Batallion in the Barracks

Student Sex Party

Tasty Russian Teens, 2008.

XП0038 — Любительское видео

Nettsteder:

<http://www.damochka.ru>

<http://www.deiligst.no>

<http://www.snyggast.se>

Nettsteder som tilbyr streaming av pornofilmar:

ExtremeTube: <http://www.extremetube.com/>

Keez Movies: <http://www.keezmovies.com/>

Porn Hub: <http://www.pornhub.com/>

Tube8: <http://www.tube8.com/>